

Årdalsdialekten – ein koiné?

Ei sosiolinguistisk gransking av talemålet i Årdal 65 år etter industriutbygginga

Elinn Devold Myklebust

Studentnummer: 168981



Masteroppgåve

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar

Universitetet i Bergen

Haust 2012

Takk!

Gunnstein Akselberg, for god og pedagogisk rettleiing. Det er alltid inspirerande å diskutere med deg, og ikkje minst har du lært meg at spørsmål og utfordringar som regel har meir enn *eitt* riktig svar. **Randi Neteland**, for at du har vore ein god støttespiller frå start til slutt. Du har ei unik evne til å finne kosmos i kaos. Takk for at eg har fått spørje om – og diskutert – alt frå dei enklaste til dei vanskelegaste spørsmåla. **Edit Bugge**, av heile mitt masterhjarte, for raus og kunnig hjelp med statistikken, og for ditt fantastiske vesen og positive innstilling. **Bente Selback**, for din stå-på-vilje og for at du alltid har eit smil og ei løysing på lur. **Trond Minde**, min årdalsmålpartner-in-crime, for lyttehjelp, armhevingskonkurranse, korrekturlesing og årdalsmål-quiz. Ei siste utfordring til deg: /rakə¹daušə/. **Gjengen på tysdagsmøta**, for ekspertise og diskusjonar på alt frå metodespørsmål til søkerstrengar.

Takk også til **Rosa**, life-coach og ringrev, for gode råd, og for at du tidvis er herleg ukorrekt. **Anna**, for korrekturlesing og ditt gode vesen. **AK**, for mange kloke refleksjonar. **Aina**, for synkron innspurt og sniking på Dragvoll. Du har vore uunnverleg i innspurten!

Kjell. Takk for at du har vore hobbylingvist, kritisk statsvitar, smurt matpakken og vore ein bauta.

Sist, men ikkje minst, vil eg rette ei stor takk til **Alex**, for at du gjorde meg kjent med bygda, årdølane og Strupetakarane. Det same gjeld **informantane** mine og **lærarane** og **elevane** på Ådalstangen ungdomsskule og Farnes ungdomsskule. Takk at de var ”tøtne” til å svare *ja* og lét ei framand jente få kome på besök med bandopptakar.

Innhald

| | |
|---|-----------|
| 1. INTRODUKSJON..... | 1 |
| 1.1 Utgangspunktet | 1 |
| 1.2 Føremålet med granskinga..... | 9 |
| 1.3 Presentasjon av <i>Språkutvikling på industristader</i> | 2 |
| 1.4 Strukturen i oppgåva..... | 3 |
| 2 ÅRDALSSAMFUNNET | 5 |
| 2.1 Innleiing..... | 5 |
| 2.2 Geografi | 5 |
| 2.3 Kommunikasjon og vefsamband..... | 7 |
| 2.4 Industriutbygginga | 8 |
| 2.5 Dei sosiale implikasjonane av industriutbygginga | 12 |
| 2.5.1 Spor av klasseksamfunn?..... | 12 |
| 2.6 Årdal i dag (2012)..... | 15 |
| 2.6.1 Sysselsetting..... | 15 |
| 2.6.2 Utfordringar | 15 |
| 2.6.3 ”Kommunen med to av alt” | 16 |
| 3. ÅRDALSMÅLET | 17 |
| 3.1 Innleiing..... | 17 |
| 3.2 Målføra omkring Årdal..... | 17 |
| 3.3 Tidlegare granskingar | 18 |
| 3.4 Grammatikkssisse for årdalsmålet | 18 |
| 3.4.1 Merknad til lydskrifta | 18 |
| 3.4.2 Lydverk | 19 |
| 3.4.3 Fonologiske reglar | 21 |
| 3.4.4 Morfologi | 24 |
| 3.5 Korleis velje språklege variablar?..... | 26 |
| 3.6 Presentasjon av dei språklege variablane | 27 |
| 4. TEORI..... | 32 |
| 4.1 Innleiing..... | 32 |
| 4.2 Sosiolinguistikkens forskingsområde | 32 |
| 4.2.1 Faghistorie..... | 32 |
| 4.3 Språkleg variasjon og endring | 34 |
| 4.3.1 Språkinterne drivkrefter | 35 |
| 4.3.2 Språkeksterne drivkrefter | 36 |
| 4.4 Språkendringsprosessen | 42 |
| 4.4.1 Opphav og spreiling | 42 |
| 4.4.2 Sprangmodellen og bølgjemodellen | 43 |
| 4.4.3 Tempo og omfang | 43 |
| 4.5 Språk- og dialektkontakt..... | 44 |
| 4.5.1 Koiné og koinéforming | 45 |
| 4.5.2 Majoritetsprinsippet og grunnleggjarprinsippet | 47 |
| 4.5.3 Språklege endringsmekanismar i koinéforminga..... | 47 |
| 4.6 Eit komparativt blikk på Høyanger..... | 49 |
| 4.7 Presentasjon av dei sosiale variablane | 50 |
| 4.7.1 Generasjon | 50 |
| 4.7.2 Kjønn..... | 50 |
| 4.7.3 Lokalgeografisk tilhøyrslse | 51 |
| 4.7 Hypotesar | 52 |

| | |
|--|-----------|
| 5 METODE | 54 |
| 5.1 Innleiing..... | 54 |
| 5.2 Reliabilitet og validitet | 54 |
| 5.3 Kvantitativ og kvalitativ metode | 54 |
| 5.4 Synkroni og diakroni | 55 |
| 5.5 Tilsynelatande tid og verkeleg tid..... | 56 |
| 5.6 Denne granskingsa | 57 |
| 5.6.1 Det diakrone utgangspunktet: <i>Årdalsmål hjå eldre og yngre</i> (1968) av Andreas Bjørkum | 57 |
| 5.6.2 Nyinnsamlinga | 59 |
| 5.6.3 Materialet sin storleik (nyinnsamlinga) | 60 |
| 5.6.4 Definering av språksamfunnet og informantkrav | 61 |
| 5.7 Framgangsmåte for utval | 62 |
| 5.7.1 Den yngste generasjonen | 62 |
| 5.7.2 Dei midaldra og dei eldre..... | 63 |
| 5.8 Utfordringar under feltarbeidet..... | 64 |
| 5.9 Det sosiolinguistiske forskningsintervjuet..... | 66 |
| 5.9.1 Utfordringar: "the vernacular", "observer's paradox" og frekvens. | 66 |
| 5.9.2 Intervjuaren som samtalepartnar..... | 68 |
| 5.9.3 Strukturen i samtalane..... | 69 |
| 5.10 Handsaming av materialet | 69 |
| 5.10.1 Transkribering | 69 |
| 5.10.2 Lytting og annotering..... | 70 |
| 5.11 Reliabilitet og validitet i denne granskingsa | 70 |
| 6 PRESENTASJON AV RESULTAT OVER FAKTISK SPRÅKBRUK | 73 |
| 6.1 Innleiing..... | 73 |
| 6.2 Statistikk og røynd..... | 74 |
| 6.3 Språk og <i>generasjonsskilnad</i> | 75 |
| 6.3.1 V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering..... | 75 |
| 6.3.2 V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering..... | 76 |
| 6.3.3 V3: Personleg pronomen, 2. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (3.1) og trykksterk (3.1) realisering..... | 78 |
| 6.3.4 V4: Personleg pronomen 2.person fleirtal, subjektsposisjon, trykksvak (4.1) og trykksterk (4.2) realisering..... | 78 |
| 6.3.5 V5: Diftongering av gno. á | 80 |
| 6.3.6 V6: +/÷ diftongering av e > /ai/ foran -gg, -ng, -nk, -nsk | 81 |
| 6.3.7 V7: Vokalrealisering av gno. iq og kort ø..... | 82 |
| 6.3.8 V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn | 83 |
| 6.3.9 V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønnsord (V9.1) og hokjønnsord på – ing (V9.2), og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3)..... | 84 |
| 6.3.10 Oppsummering språk og <i>generasjonsskilnad</i> | 87 |
| 6.4 Språk og kjønn | 89 |
| 6.4.1 V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering | 89 |
| 6.4.2 V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering | 91 |
| 6.4.3 V5: Diftongering av gno. á | 93 |

| | | |
|------------------------------|--|------------|
| 6.4.4 | V6: + / ÷ diftongering av <i>e</i> > /ai/ framfor -ng, -nk, -gg og -nsk | 94 |
| 6.4.5 | V7: Vokalrealisering av gno <i>iø</i> og kort ø..... | 95 |
| 6.4.6 | V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn | 96 |
| 6.4.7 | V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønn (V9.1), bunden form eintal av hokjønn på – <i>ing</i> (V9.2) og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3)..... | 97 |
| 6.4.8 | Oppsummering språk og <i>kjønn</i> | 98 |
| 6.5 | Språk og <i>lokalgeografisk tilhørersle</i> | 99 |
| 6.5.1 | V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering..... | 99 |
| 6.5.2 | V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering..... | 101 |
| 6.5.3 | V5: Diftongen /au/ for gno. á..... | 103 |
| 6.5.4 | V6: + / ÷ diftongering av <i>e</i> > /ai/ framfor -gg, -ng, -nk, og -nsk | 104 |
| 6.5.5 | V7: Vokalrealisering av gno <i>iø</i> og kort ø..... | 105 |
| 6.5.6. | V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn | 106 |
| 6.5.7 | V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønn (V9.1) og hokjønn på – <i>ing</i> (V9.2), og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3)..... | 107 |
| 6.5.8 | Oppsummering språk og <i>lokalgeografisk tilhørersle</i> | 108 |
| 6.6 | Andre funn | 109 |
| 7 | DRØFTING AV RESULTAT | 110 |
| 7.1 | Innleiing | 110 |
| 7.2 | Pronomensystemet: Frå fokus til variasjon..... | 110 |
| 7.2.1 | Formene med <i>g</i> i utlyd: Nye variantar, men på frammarsj eller tilbaketog? | 111 |
| 7.2.2 | ”Kasuskjensla”: Tilbake, <i>men</i> ...? | 115 |
| 7.3 | Diftongeringa og /ɔ/-lyden: frå variasjon til fokus | 117 |
| 7.3.1 | Diftongeringa | 117 |
| 7.3.2 | Den ”indresognske” /ɔ/-lyden | 121 |
| 7.4 | Plosiv i bunden form fleirtal: Brå endring? | 122 |
| 7.5 | i-endinga: Stabil, men med tre unntak..... | 124 |
| 7.6 | Samanfatta svar på hypotesar og forskingsspørsmål | 125 |
| 8 | AVSLUTNING | 134 |
| 8.1 | Koinéforming kontra dialektendring og regionalisering | 134 |
| 8.2 | Konklusjon og svar på oppgåvas tittelsspørsmål | 134 |
| LITTERATURLISTE | 137 | |
| Vedlegg 1: | Informasjonsskriv og samtykkeerklæring ungdomsgenerasjon | 141 |
| Vedlegg 2: | Informasjonsskriv og samtykkeerklæring, mellom- og eldste generasjon..... | 142 |
| Vedlegg 3: | Kartleggingsskjema ungdomsgenerasjon..... | 143 |
| Vedlegg 4: | Kartleggingsskjema mellom – og eldste generasjon..... | 146 |
| Vedlegg 5: | Intervjugaid ungdomsgenerasjonen (kort versjon) | 147 |
| Vedlegg 6: | Intervjugaid mellom – og eldste generasjon (kort versjon) | 148 |
| Vedlegg 7: | Bileteiken | 149 |
| Vedlegg 8: | Nummer på informantane i Talebanken | 150 |
| Vedlegg 9: | Belegg på individnivå | 151 |
| Vedlegg 10: | Statistikk for V5 (<i>over</i>) | 167 |
| SAMANDRAG | 169 | |
| ABSTRACT | 170 | |

OVERSIKT OVER FIGURAR:

| | |
|--|-----|
| Figur 1: Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke..... | 5 |
| Figur 2: Kart over Årdal | 6 |
| Figur 3: Folketalssutviklinga i Årdal..... | 11 |
| Figur 4: Oversikt over kor tilflyttarane i Årdal kom frå i 1970..... | 11 |
| Figur 5: Sysselsetting i Årdal | 15 |
| Figur 6: S-kurva som modell for språkendringsprosessen i eit språksamfunn..... | 43 |
| Figur 7: V1.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad..... | 75 |
| Figur 8: V1.2 (t.st.) og generasjonsskilnad..... | 75 |
| Figur 9: V2.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad..... | 77 |
| Figur 10: V2.2 (t.st.) og generasjonsskilnad..... | 77 |
| Figur 11: V5 (gno. á) og generasjonsskilnad..... | 80 |
| Figur 12: V6 og generasjonsskilnad..... | 82 |
| Figur 13: V7 og generasjonsskilnad..... | 83 |
| Figur 14: V8 og generasjonsskilnad..... | 84 |
| Figur 15: V9.1 (st. hokjønn) og generasjonsskilnad..... | 85 |
| Figur 16: V9.2 (hokj. på -ing) og generasjonsskilnad..... | 86 |
| Figur 17: V9.3 (st. inkjekjønn) og generasjonsskilnad..... | 87 |
| Figur 18: V1.2 (t.sv.) og kjønn..... | 89 |
| Figur 19: V1.2 (t.st.) og kjønn..... | 90 |
| Figur 20: V2.1 (t.sv.) og kjønn..... | 91 |
| Figur 21: V2.2 (t.st.) og kjønn..... | 92 |
| Figur 22: V5 (gno á) og kjønn..... | 93 |
| Figur 23: V6 og kjønn..... | 94 |
| Figur 24: V7 og kjønn..... | 95 |
| Figur 25: V8 og kjønn..... | 96 |
| Figur 26: V9.1 (st. hokjønn) og kjønn..... | 97 |
| Figur 27: V9.3 (st. inkjekjønn) og kjønn..... | 98 |
| Figur 28: V1.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 99 |
| Figur 29: V1.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 100 |
| Figur 30: V2.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 101 |
| Figur 31: V2.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 102 |
| Figur 32: V5 (gno. á) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 103 |
| Figur 33: V6 og lokalgeografisk tilhørsle..... | 104 |
| Figur 34: V7 og lokalgeografisk tilhørsle..... | 105 |
| Figur 35: V8 og lokalgeografisk tilhørsle..... | 106 |
| Figur 36: V9.1 (st. hokjønn) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 107 |
| Figur 37: V9.3 (st. inkjekjønn) og lokalgeografisk tilhørsle..... | 108 |
| Figur 38: Spreiingsdiagram for V1.1: /e/..... | 113 |
| Figur 39: Spreiingsdiagram for V5: /ɔ/-varianten (monoftongering)..... | 120 |
| Figur 40: Spreiingsdiagram for V6: /ai/-varianten (diftongering)..... | 121 |
| Figur 41: Spreiingsdiagram for V7: /ɔ/-realisering | 122 |
| Figur 42: Spreiingsdiagram for V8: ÷ plosiv..... | 123 |

OVERSIKT OVER TABELLAR :

| | |
|---|-----|
| Tabell 1: Monoftonginventar | 19 |
| Tabell 2: Kort skildring av monoftongane | 20 |
| Tabell 3: Konsonantinventar | 21 |
| Tabell 4: Substantivbøyninga | 24 |
| Tabell 5: Verbbøyninga | 25 |
| Tabell 6: Personlege pronomen | 25 |
| Tabell 7: Bjørkums informantar og mine informantar | 58 |
| Tabell 8: V1.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. | 75 |
| Tabell 9: V1.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. | 76 |
| Tabell 10: V2.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. | 77 |
| Tabell 11: V2.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. | 77 |
| Tabell 12: V3.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. | 78 |
| Tabell 13: V3.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. | 78 |
| Tabell 14: V4.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. | 79 |
| Tabell 15: V4.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. | 79 |
| Tabell 16: V4.1 (t.sv.) og intervjuarane. | 79 |
| Tabell 17: V4.2 (t.st.) og intervjuarane. | 79 |
| Tabell 18: V5 (gno. á) og generasjonsskilnad. | 80 |
| Tabell 19: V6 og generasjonsskilnad. | 82 |
| Tabell 20: V7 og generasjonsskilnad. | 83 |
| Tabell 21: V8 og generasjonsskilnad. | 84 |
| Tabell 22: V9.1 (st. hokjønn) og generasjonsskilnad. | 85 |
| Tabell 23: V9.2 (hokj. på -ing) og generasjonsskilnad. | 86 |
| Tabell 24: V9.3 (st. inkjekjønn) og generasjonsskilnad. | 87 |
| Tabell 25: V1.1 (t.sv.) og kjønn. | 90 |
| Tabell 26: V1.2 (t.st.) og kjønn. | 90 |
| Tabell 27: V2.1 (t.sv.) og kjønn. | 91 |
| Tabell 28: V2.2 (t.st.) og kjønn. | 92 |
| Tabell 29: V5 (gno. á) og kjønn. | 93 |
| Tabell 30: V6 og kjønn. | 94 |
| Tabell 31: V7 og kjønn. | 95 |
| Tabell 32: V8 og kjønn. | 96 |
| Tabell 33: V9.1 (st. hokjønn) og kjønn. | 97 |
| Tabell 34: V9.3 (st. inkjekjønn) og kjønn. | 98 |
| Tabell 35: V1.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle. | 99 |
| Tabell 36: V1.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle. | 100 |
| Tabell 37: V2.1 (t.sv.) og l.geo. tilhørsle. | 101 |
| Tabell 38: V2.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle. | 102 |
| Tabell 39: V5 (gno. á) og lokalgeografisk tilhørsle. | 103 |
| Tabell 40: V6 og lokalgeografisk tilhørsle. | 104 |
| Tabell 41: V7 og lokalgeografisk tilhørsle. | 105 |
| Tabell 42: V8 og lokalgeografisk tilhørsle. | 106 |
| Tabell 43: V9.1 (st. hokjønn) og lokalgeografisk tilhørsle. | 107 |
| Tabell 44: V9.3 (st. inkjekjønn) og lokalgeografisk tilhørsle. | 108 |

1. INTRODUKSJON

1.1 Utgangspunktet

[...] Aordal (Årdal) e ei bygd so e pressa ned i eit dalføre, inst i Sogn. Bygdi e kjent fø sitt mangfold av lokale ord og uttrykk – høgrøysta folkeslag – sladder og fanskap og ikkje minst fabrikken so koka lettmetall [...].¹

Med sitatet over lèt eg årdølane introdusere seg sjølve, medan eg vil forklare kvifor dialekten deira er granskingsobjektet for denne oppgåva.

Tidleg på 1960-talet gjorde Andreas Bjørkum ei gransking av talemålet i Årdal. På denne tida var bygda ein ung og grødande industristad prega av stor tilflytting frå fjern og nærmiljø. Industrireisinga i bygda hadde teke til i etterkrigstida, og allereie tidleg på 60-talet fann Bjørkum ringverknader i talemålet:

For målf.[øret] i bygdi fører den store innflyttingi med seg at gamle sermerke lett vert trengde ut hjå mange av årdølane, og nye former og vendingar kjem innatt. Hopehav og omgang med alle innflyttarane gjer at folk gjerne normaliserer talemålet og tek etter det nye, og den sterke omleggingi av nærings- og arbeidslivet fører nye ord og nemningar med seg, så ordtilfanget frå gamalt arbeidsliv fell snøgt bort” (1968: 15)

Sjølv om Bjørkum registrerte at målføret var i endring, slo han likevel fast at ein ikkje kunne tale om noko ”bymål” i bygda enno – til det var industristaden framleis for ung. I sluttmerknaden i granskingsrapporten skriv Bjørkum at ”sume ser med sorg og otte på at gamle og hevdvunne målføremerke vert trengde ut”, men sjølv spår han likevel at ”dei fleste hovudformene i målf.[øret] kjem til å halda seg ubrigda i lang tid enno” (1968: 218).

Med desse formuleringane gir Bjørkum ein stafettpinne til framtidige talemålsgranskurar. Med denne oppgåva vil eg gjere ein ny etappe og undersøke talemålsvariasjonen i Årdal på ny, 65 år etter industrireisinga og vel 50 år etter Bjørkum si gransking.²

1.2 Føremålet med granskninga

Målet med granskingsrapporten er å undersøke talemålsvariasjon og -endringar i industribygda Årdal i Indre Sogn. Granskingsrapporten har i hovudsak ei kvantitativ tilnærming, der eg kartlegg distribusjonen av utvalde språklege variablar korrelert med utanomspråklege sosiale

¹ <http://aordal.blogspot.com/?sref=fb>. [henta 27.04.11]

² Bjørkum si gransking Årdalsmål hjå eldre og yngre kom ut i 1968, men sjølve innsamlinga gjorde han i 1960/1961

kategoriar. I tillegg til å undersøke den synkrone variasjonen vil eg også samanlikne mine funn med ei tidlegare gransking av årdalsmålet, for slik å få innsikt i *endringar* som har skjedd. Som eit supplement til den kvantitative delen, har oppgåva også ein *drøftande* del, der intensjonen er å forstå kva faktorar som har motivert eventuell endring og variasjon. Samanfatta har undersøkinga tre overordna mål. Eg vil:

- 1) Kartlegge *synkron variasjon* av utvalde språklege variablar i relasjon til dei sosiale kategoriane *generasjon, kjønn* og *lokalgeografisk tilhøyrslsle*.
- 2) Kartlegge *endringar* som har skjedd ved å samanlikne mine funn med ei tidlegare gransking som Andreas Bjørkum gjorde tidleg på 60-talet. Ved å bruke dei same alderskohortane som Bjørkum, kan eg undersøke endringar i *verkeleg tid*.
- 3) Freiste å *forklare* endrings- og variasjonsmønsteret i lys av språkinterne og språkeksterne drivkrefter.

1.3 Presentasjon av *Språkutvikling på industristader*

Denne oppgåva er skrive i tilknyting forskingsprosjektet *Språkutvikling på industristader*, som FORSE³ ved Universitetet i Bergen står bak. Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd og har ei tidsramme på tre år, frå 2010 til 2013. Gunnstein Akselberg er prosjektleiar, og to stipendiatar, Randi Neteland og Helene Hildremyr, skriv kvar si doktorgradsavhandling. Det blir også skrive andre masteroppgåver innanfor prosjektet.

Språkutvikling på industristader skal vere ei longitudinell sosiolinguistisk gransking av talemålsutviklinga i fire industribygder på Vestlandet: Odda, Tyssedal, Sauda og Årdal. Målet med prosjektet er å "[...] kartlegge og forstå talemålsutviklinga dei siste hundre åra [...], for på den måten å vinne innsikt i sosiale og språklege faktorar som gjeld i språkendringsprosessar".⁴ Ved hjelp av både eldre talemålsdata og nyinnsamla materiale, skal prosjektet kartlegge både synkron variasjon og diakrone endringar frå tida rundt industrietableringa og fram til i dag.

Eit fellestrekk for dei fire stadene prosjektet undersøker, er at industriutbygging tidleg på 1900-talet førte til store og raske samfunnsendringar både materielt, kulturelt, sosialt og språkleg. Industriutbygginga førte nemleg til at ekspertise og arbeidskraft strøymde til frå fjern og nærliggende områder i stor mengd og på kort tid. Slik gjekk stadene frå rurale bygder med spreidd

³ Forskergruppe i samfunn og språkendring

⁴ Prosjektskildring av *Språkutvikling på industristader*:

<http://www.uib.no/fgr/forskning/prosjekter/prosjektoversikt/spraakutvikling-paa-industristader>

busetting til tettbudde, byliknande stader. Dei *språklege* konsekvensane av desse omveltingane vart at dei som snakka den opphavlege dialekten ikkje lenger var mange nok til å ”nøytraliser” dei andre talespråklege varietetane som innflyttarane hadde med seg. Dermed oppstod eit *språkleg kaos* prega av mangfald og variasjon, både intra- og interindividuelt (Solheim 2006: 80-84 og Mæhlum 2007: 97, mi utheving). I sosiolingvistikken har slike språksamfunn fått merkelappen *språklege smelteiglar* (sjå m.a. Solheim 2006).

Språkutvikling på industristader har som mål å få innsikt i det karakteristiske ved utviklinga av *industritalemål*, der ein ny varietet, ein *koiné*, utkrystalliserer seg som følgje av ein språkleg fokuseringsprosess som blir kalla *koinéforming*. Denne granskinga, som tek føre seg årdalsmålet, håper eg kan bidra til dette. Underordna forskingsspørsmål som eg ønsker å finne svar på med er:

- Kva skilnader er det i talemålet til ulike generasjonar årdølar i dag?
- Er det språklege skilnader mellom dei to tettstadene *Øvre Årdal* og *Årdalstangen*?
- Er det språklege skilnader mellom menn og kvinner?
- Kva kan forklare endrings- og variasjonsmønsteret i årdalsmålet?
- Kva har industrialiseringa og industrikuluren hatt å seie for talemålsutviklinga, og i kva grad kan vi karakterisere dialekten i Årdal for ein *koiné*?

1.4 Strukturen i oppgåva

Eg vil først, i kapittel 2, presentere *årdalssamfunnet*. Her vil eg ta føre meg tilhove som har prega historia og samtida, for slik å syne kva type samfunn granskinga rettar seg mot. Deretter, i kapittel 3, vil eg presentere ei *grammatikkskisse* for talemålet. Denne bygger på Andreas Bjørkum si gransking *Årdalsmål hjå eldre og yngre* (1968). Bjørkum gjorde innsamlingsarbeidet sitt i perioden 1960–1961, og gir ei grundig framstilling av lydverk, formverk og ordtilfang i årdalsmålet. Ettersom eg samanliknar mine funn med Bjørkum sine, vil grammatikkskissa fungere som eit utgangspunkt for det diakrone perspektivet i undersøkinga. Den skal også fungere som ein oversikt for lesaren og syne kva som er typisk for ”det tradisjonelle” årdalsmålet. I slutten av kapittel 3 vil eg presentere dei *språklege variablane* for undersøkinga. I kapittel 4 vil eg presentere relevant teori om språkleg variasjon og endring, og om språkkontakt og *koinéforming*. Eg vil også rette eit blikk på sosiolingvistikken si faghistorie, og då med fokus på skilje og kontinuitet mellom det dialektologiske og det sosiolingvistiske paradigmet. I slutten av teorikapittelet vil eg også presentere *hypotesane* for undersøkinga. I kapittel 5 gjer eg greie for dei *metodiske vala* eg

har gjort i samband med innsamling og handsaming av datamaterialet. Deretter, i kapittel 6, presenterer eg *resultata* over faktisk språkbruk. I dette kapittelet vil eg for kvar variabel starte med å presentere kva som var status presens då Bjørkum gjorde si undersøking, og så presentere mine funn. I kapittel 7 vil eg drøfte korleis funna i resultatkapittelet svarer til hypotesane og forskingsspørsmåla, før eg i kapittel 8 gir ein konklusjon og eit svar på oppgåva sitt tittelsspørsmål.

2 ÅRDALSSAMFUNNET

2.1 Innleiing

Sosiolingvistikk handlar om å studere språk i ein sosial kontekst og å *forstå relasjonen og interaksjonen mellom språk og samfunn* (Trudgill 1992: 68, mi uthaving). Skal ein forstå talemålsutviklinga i Årdal, er det derfor ein føresetnad å ha innsikt i tilhøve som har prega bygda og forma ho til det ho er i dag.

2.2 Geografi


Figur 1: Årdal kommune i Sogn og Fjordane fylke⁵



Årdal er ein kommune i Sogn og Fjordane, nærmare bestemt i Indre Sogn, ved enden av Årdalsfjorden, som er den eine av Sognefjordens tre inste armar. Kommunen grensar mot kommunane *Luster* i nord og vest, og *Lærdal* i søraust, som begge hører til Indre Sogn. Mot vest går grensa mot *Sogndal*, som hører til Midtre Sogn. I aust går grensa mot *Vang* kommune i Valdres, som hører til Oppland fylke.

⁵ Kart henta frå Norge.no: <http://www.norge.no/kart/sognogfjordane/> [17.03.2012]

Figur 2: Kart over Årdal⁶



Kommunen har eit areal på 976 km² og har to tettstader: Øvre Årdal og Årdalstangen. Dei to er skilde av Årdalsvatnet, der ei vegstrekning på tretten kilometer går langs austsida av vatnet. Aluminiumsfabrikken ligg i Øvre Årdal og det kommuneadministrative senteret ligg på Årdalstangen. Per 01.01.2012 var innbyggartalet i kommunen 5572, kor 3397 budde i Øvre Årdal og 1516 på Årdalstangen. Seimsdalen, som er ein mindre tettstad fire kilometer vest for Årdalstangen, hadde 466 innbyggjarar.⁷ Busettinga i Årdal er i dag altså konsentrert til tettstader. Dette er mykje på grunn av bustadreguleringa som følgde industriutbygginga, men også naturterrenget har hatt sitt å seie. Landskapet er prega av fjord, bratte fjellsider og mange sidedalar. Følgjer ein Årdalsfjorden innover kjem Naddvik (også kalla Vikadalen) først, på sørsida av fjorden. Her låg tidlegare to gardar og fleire husmannsplassar, men i dag er hovudnæringa sau drift, bærdyrking og eit mindre kraftverk eigd av Østfold energi⁸. På andre siden av fjorden, mot nord, ligg indre og ytre Offerdalen. Frå 1800-talet og fram til andre verdskrig var Offerdalen eit senter for handel og næringsverksemd, og eit økonomisk og

⁶ Kart frå NRKs fylkesleksikon: <http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Årdal> [henta 03.10.2012].

⁷ Tal frå SSB: <http://www.ssb.no/beftett/tab-2012-09-06-01.html>. [henta 03.10.12].

⁸ Informasjon om dalane og gardane er henta frå Thue, Johs. B. et. al (2010): 32–33, Årdal kommune sine nettsider: <http://www.ardal.kommune.no/om-ardal.158426.nn.html> [03.10.2012], og Sogn og Fjordane fylkeskommune sine nettsider:

[http://www.sj.no/cms/eldrehistorie/cms.nsf/\\$all/1E68D62738CF2C3AC12574CF00429F71?open&qm=wcm_1,7.0.0](http://www.sj.no/cms/eldrehistorie/cms.nsf/$all/1E68D62738CF2C3AC12574CF00429F71?open&qm=wcm_1,7.0.0) [03.10.2012].

politisk tyngdepunkt i Årdal. I indre Offerdal ligg det i dag ni gardar, kor seks er i drift.⁹ I enden av Årdalsfjorden kjem vi til *Årdalstangen*. Her ligg båthamna til fjorden, kommunen sitt administrasjonsenter, Hydro Årdal sitt administrasjonskontor og elektrodemassefabrikk, og solcellefabrikken NorSun. *Seimsdalen*, som ligg vest for Årdalstangen, var ei tradisjonell jordbruksbygd fram til midten av 70-talet, men då måtte jordbruksarealet vike for bustadbygging. Neste dalføre er *Nundalen*, som ligg i den øvre enden av Årdalsvatnet, mot vest. Vender ein nordvest, ser ein *Fardalen*. Her låg tidlegare fire store gardar og ein mykje brukt veg til støls, men i dag er her lite aktivt jordbruk. Dei siste åra har det kome noko ny busetting her. Sist, men ikkje minst ligg *Utladalen* mot nordaust. Det er ein stor u-forma dal med bratte fjellsider og mange hengande sidedalar. Denne vart verna landskapsområde i 1980, og også her ligg fleire nedlagde gardar.

2.3 Kommunikasjon og vegsamband

Det meste av informasjonen i dette avsnittet har eg henta frå Thue m.fl. (2010). For å lette lesinga refererer eg til kjelda innleiingsvis og ikkje undervegs i teksten. Aktuelle sidetal står i fotnoten¹⁰.

Frå gammalt av gjekk all ferdsel mellom Årdalstangen og Øvre Årdal og mellom dalane med båt. På midten av 1800-talet hadde ikkje bygda det ein kan kalle vegar, forutan eit nett av stiar og tråkk mellom gardane og opp fjelldalane. Den første omfattande vegutbygginga starta i 1910, og då i samband med utbygginga av vasskraftanlegget. Vegen stod ferdig i 1912, og gjekk opp den bratte Heirsnesi i Øvre Årdal. Frå øvste enden kunne ein reise med båt over fjellsjøen Tyin og vidare til Valdres, og over Filefjell til Lærdal.

Forutan dette sambandet austover, var årdølane meir eller mindre isolerte frå grannekommunar og fylket elles, og mot vest var det fjorden som var vegen. Frå 1870-åra vart Årdalstangen, Naddvik, Offerdalen og Seimsdalen faste ruteopp for Fylkesbaatene si sognerute. Ifølgje Thue et. al. (2010: 35) var dette ein ”revolusjon” som gjorde det vesentleg lettare å kome seg vestover, både oftare og raskare.

Ferdsla mellom Årdalstangen og Øvre Årdal gjekk frå gammalt av føre seg med båt. Her gjekk to dampbåtar i skyss frå 1889, men i 1942 stod vegen mellom Tangen og Øvre ferdig.

⁹ Jf. Odel. Konsekvensutredning innen kulturminner og kulturmiljø: <http://www.odel.no/industrianlegg-fra-1800-tallet-indre-offerdal-ardal-sogn-og-fjordane.4654395-130044.html>. [henta 03.10.2012].

¹⁰ Thue m.fl. 2010: 32–37, 125, 127, 131, 133, 135, 139, 141

I 1960-åra begynte Årdal å orientere seg mot vegløysingar vestover langs fjorden. I 1965 kom vegsambandet mellom Årdalstangen og Seimsdalen, og i 1982 stod vegen til Naddvik ferdig. Dette vart første etappe i det som skulle bli eit riksveganlegg mellom Årdal og Lærdal. I 1990 kom tunnel frå Seimsdalen til Offerdalen. Køyretida til Lærdal er i dag på vel ein halv time, til Sogndal vel ein time, til Førde vel to og ein halv time, og til Bergen vel tre og ein halv time.

2.4 Industriutbygginga

I norsk industrihistorie finn ein fleire stader med lik lagnad som Årdal, kor landskap og naturressursar har gitt gode vilkår for kraftutnytting og industriverksemd. Særleg er det vasskraft frå fjellvatn og fossefall som har gjort det mogleg å produsere elektrisk energi nok til å forsyne kraftkrevjande industri. På starten av 1900-talet voks fleire ”einsidige industrisamfunn” fram på stader med slike føresetnader. Dette var samfunn som var tufta på éin type industri, og fleire av dei finn vi på Vestlandet.

Høyanger i Midtre Sogn er eit kjent referansepunkt i sosiolingvistikken som eit døme på ein stad kor ein ny dialekt utvikla seg som følgje av industriutbygging og stor tilflytting. Høyanger har vore gjenstand for fleire talemålsgranskningar, mellom anna av Helge Omdal (1977), Arne Aarseth og Jostein Selvikvåg (1975), og sist men ikkje minst har Randi Solheim (2006) skrive doktoravhandling om ”språket i smeltegryta”. Industriutbygginga i Årdal har mange fellestrekk med den i Høyanger, men også mange ulikskapar. Dette impliserer at omstenda rundt koinéformingsprosessen har vore både like og ulike. For denne granskninga er det derfor relevant å kaste eit komparativt blikk på Høyanger og Solheim si granskning. Ved å gjere det, kan ein kaste lys over kva som er generelle fellestrekk og kva som er meir eller mindre ”lokalspesifikt” i koinéforminga.

Det har blitt hevd om Høyanger at ”den moderne industriettsstaden voks fram, nærast ut av ingenting” (Solheim 2006: 11). Frå dei første vassdragsrettane blei kjøpte opp og til industriettsstaden hadde teke form, tok det berre vel tjue år. Rundt 1900 hadde Høyanger omrent 100 innbyggjarar, som i hovudsak levnærte seg av jordbruk. Industriutbygginga starta i 1916, og allereie året etter hadde 1200 anleggsarbeidarar kome til staden. Femten år seinare var talet

på innbyggjarar oppe i 2218 (ibid.: 14). I 1950- og 1960-åra stabiliserte innbyggartalet seg på rundt 4500.¹¹

Industrihistoria til Årdal starta også rundt hundreårskiftet, men her tok det meir enn to tiår før bygda fekk karakteren som industristad. Det heile starta i 1898 – i ei tid som Harald Rinde (1997: 60) kallar ”glanstida for fossespekulantar”. Då vart reguleringsrettane til elva Tya og vatna Tyin, Toroholmen og Holsbu selde. Kjøparane var ingeniøren og industrimannen Nils Henrik Bruun frå Bergen og årdølen Henrik Spangelo, som arbeidde som overrettssakførar i Grimstad. Dei to kjøpte kvar sin halvpart, men selde rettane vidare til det som vart heitande A/S Tyinfaldene, som ei tysk storverksemnd (BASF) stod bak. BASF gjekk i samarbeid med Norsk Hydro, og føremålet var å nytte Tyin-vassdraget til produksjon av elektrisk kraft. I 1908 fekk dei konsesjon til å bygge vasskraftanlegg (Thue m.fl. 2010: 41–42).

Gjer vi eit synkront punktnedslag her, finn vi at Årdal på denne tida var eit utprega jordbruksamfunn. Hovudnæringane var åkerbruk og fedrift, innbyggjarane dyrka korn og poteter, og gardane var mykje tufta på geitehald. Mange hadde tilleggsnæring i jakt og fiske, og gode førekommstar av skog og vasskraft gjorde også Årdal til den nest største skogbrukskommunen i Sogn på midten av 1800-talet (Thue m.fl. 2010: 14, 27–30).

Ein skilnad mellom Høyanger og Årdal er at folketalet var høgare i Årdal enn i Høyanger då industriutbygginga tok til. Allereie i 1801 hadde Årdal 833 innbyggjarar. I 1825 var talet på 1237 og rundt hundreårskiftet nær 1300 (Thue m.fl. 2010: 26–27).

Arbeidet med å bygge vasskraftanlegget i Årdal starta i 1910. Eit særdrag ved utbygginga i Årdal er at i den første anleggstida kom mange framande arbeidarar, men etter kvart stod årdølane sjølve for arbeidskrafta (Thue m.fl. 2010: 55). Slik vart ikkje Årdal umiddelbart ein sosial smelteidig slik som Høyanger. Thue m.fl. (2010: 64–65) skriv at innflyttinga mellom 1910 og 1930 ikkje kan ha vore særleg stor, og at i alle tilfelle måtte dei fleste innflyttarane ha reist att før 1930. Dei arbeidsplassane som anleggsdrifta skapte kom altså i stor grad bygdefolket sjølve til gode. I 1930 var folketalet i Årdal 1624, men heile 1458 av desse var årdølar. ”Dette tyder på at Årdal i 1930 var eit stabilt samfunn” (ibid.).

Eit anna særdrag for Årdal er at anleggsarbeidet strekte seg over relativt lang tid. Dette var fordi Norsk Hydro på denne tida også arbeidde med å bygge opp store fabrikkanlegg på

¹¹ Tal henta frå SSB: <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1416.html>. [08.10.2012].


Herøya, og at utbygginga i Årdal kom i andre rekke. Anlegga på Herøya stod ferdig i 1929, men då råka dei harde trettiåra og anleggsarbeidet i Årdal vart trappa ned. I 1940, då krigen braut ut, stod vasskraftanlegget likevel nesten ferdig (Thue m. fl. 2010: 43–52).

Krigsåra skulle bli avgjerande for Årdal. Tyskarane trong store mengder aluminium til krigsindustrien sin, og det vart derfor nærliggande for dei å utnytte vasskraftanlegget i Årdal. Dei starta derfor raskt og storstilt arbeid med å sette opp aluminiumsfabrikkar, og for å få arbeidskraft rekrutterte dei krigsfangar frå fjern og nær, i tillegg til arbeidarar frå distrikta omkring. I 1941 var 3000 mann i arbeid. Eitt år seinare var talet truleg oppe i 4750. I 1943 var arbeidsstokken på 5500, men i 1944, då aksemaktene leid nederlag, var talet redusert til 2680 (Thue m.fl. 2010: 75).

I løpet av krigen rakk tyskarane å gjere kraftanlegget så godt som ferdig, men sjølve aluminiumsverket stod uferdig. I etterkrigstida tok så den norske staten over anlegget i Årdal og vedtok å bygge ut for aluminiumsproduksjon. Årdal skulle bli ein symbolkommune for etterkrigstidas sosialdemokrati. *Spesialkomitéen for industrialsaker* uttrykte følgjande om det dei såg som den samfunnsmessige nytta av anlegget: ”Gjennom Årdalsanlegget vil der ved samvirke av Staten, arbeiderne, funksjonærane og de mange andre interesser som er, eller kan bli knyttet til anlegget, skapt et eksempel på hvordan en bedrift i vår tid bør reises og ledes” (Thue m.fl. 2010: 95). Årdal Verk vart etablert i 1946, med staten som eigar.


I 1946 var det omtrent 500 tilsette, men Verket og produksjonen skulle utvidast, og arbeidskraft strøymde til. Mellom 1946 og 1950 auka innbyggartalet med 1600. I 1950 hadde Verket 1400 tilsette, kor 300 kom frå Årdal og resten var innflyttarar. I 1961 var talet på tilsette stige til 2200, og utover 1960-åra stabiliserte det seg på dette nivået. I 1970 nådde innbyggartalet ein topp på 7500, men så vart industrien råka av omfattande rasjonaliseringar og sysselsettinga vart redusert. I 1975 var Verket nede i 1800 tilsette (Thue m.fl. 2010: 101). Kurva på neste side viser folketalsutviklinga frå 1900 og fram til i dag. Den demografiske omveltinga som følgde industriutbygginga i etterkrigstida kjem godt fram:

Figur 3: Folketalssutviklinga i Årdal. Tala henta frå Thue et.al. (2010: 202) og FRA SSB. (x-akse: årstal)



Koinéformingsprosessen (jf. 1.3) er direkte knytt til folketalsauken som kurva illustrerer, og eit relevant oppfølgingsspørsmål er: *Kven og kor mange var komponentane i denne språklege og sosiale smelteidigelen?* Bjørkum (1975: 13) gir oss ein peikepinn. Han skriv at i 1970 var 68% av innbyggjarane i Årdal innflyttarar og 32% årdølar. Diagrammet under viser prosentvis fordeling over kor innbyggjarane i Årdal kom frå i 1970 (to år før folketalet i Årdal nådde toppen. Tala er henta frå Bjørkum (1975: 13).

Figur 4: Oversikt over kor tilflyttarane i Årdal kom frå i 1970



Som vi ser, kom tilnærma 74% av innbyggjarane frå Sogn og Fjordane. Av desse kom 60% frå Indre og Midtre Sogn. Ca. 8% av innbyggjarane i Årdal kom frå Austlandet. Til samanlikning kom også vel 70% av tilflyttarane i Høyanger frå Sogn og Fjordane, men 20% frå Austlandet (Solheim 2006: 21).

2.5 Dei sosiale implikasjonane av industriutbygginga

Labov (1972: 111) skriv at "[...] language may have a special utility for the sociologist as a sensitive index of many other social processes". I dette avsnittet vil eg snu på dette og syne korleis dei sosiale prosessane som følgde industriutbygginga kan vere, om ikkje nødvendigvis ein *indeks*, så i alle fall ein *kontekst* for å forstå dei språklege endringane.

Thue m.fl. (2010: 92) skriv at det etterlengta at industrien kom til Årdal, og at Sjur Årebru truleg formulerte synet til dei fleste årdølane i 1946 med følgjande utsegn: "[...] alle desse åri har bygdi innstilt seg på at til slutt so vert her produksjon, dvs. fabrikkar. Vert her ikkje fabrikkar, so er bygdi øydelagd". Og når vedtaket om industrisatsing i Årdal vart kjent, "gjekk alle flagg til topps" i bygda (ibid.: 96).

Med utbygginga følgde stor og rask tilflytting og reguleringstiltak vart sette i verk. I Øvre Årdal var planen å få plass til 6000–7000 nye sambygdingar og på Årdalstangen vart det regulert plass til meir enn 3000 (Thue m.fl. 2010: 104). Bustadfelt vart bygde og sentrumsareala både i "Øvre" og på "Tangen" vart regulerte og opparbeidde til små bysamfunn: "[...] Ut av mest ingenting voks det fram to byliknande sentra. Dei viktigaste servicetilboda kom i Øvre Årdal og på Årdalstangen, og på mange felt var det ei dobbel utbygging, med tilsvarende store utgifter" (ibid.: 105).

2.5.1 Spor av klasse samfunn?

Solheim (2006: 15–16) skriv at ei mogleg – og mykje brukta – forklaring på den særegne språkutviklinga i Høyanger ligg i *klasse samfunnet* som utvikla seg, og at sosial og språkleg *status* er ein sentral komponent for å forstå koinéformingsprosessen her. I Høyanger fekk nemleg austnorsk sterkt påverknad i koinéforminga. I kjølvatnet av industriutbygginga vart Høyanger-samfunnet prega av sosiale skiljelinjer: Mellom bygdefolket på ei side og dei som var knytte til industrien på ei anna side, og mellom dei ulike sosiale sjiktene innanfor industrimiljøet. Funksjonærane, ingeniørane og anna høgt kvalifisert personell hadde gjerne bakgrunn frå austlandsområdet, og det sosiale skiljet mellom desse og arbeidarklassen synleggjorde seg ikkje berre i arbeidslivet, men også i samfunnet elles: "Folk frå det øvre sosiale sjiktet var busette i Parken og Villabyen, medan arbeidarane hadde eigne bustadkompleks på Sæbøtangen og *Egne hjem* i sentrumsmiljøet" (ibid.: 16). Ei slik rangordning med funksjonærar og arbeidarar fordelte i villaby og arbeidarstrøk har sine parallellear bade i Sauda og i Odda, men kva med Årdal? Som vi skal sjå, peikar kjelder mot at

også her kan vi tale om eit klasseskilje, men at dette ikkje vart like gjennomgripande som i Høyanger.

Ei forklaring kan vere at det var staten som eigde Årdal Verk og at leiinga og den overordna administrasjonen sat sentralt i Oslo. Likevel kom ekspertise, funksjonærar og ingeniørar frå austlandet også til Årdal. Spørsmålet blir derfor om denne gruppa fekk same status og språkleg gjennomslagskraft som ho gjorde i Høyanger.

Oddbjørn Bukve (1997: 169) gir uttrykk for at der *var* klasseskilje i Årdal også, der han skriv om bustadbygginga: ”I 1948–49 bygde Verket rundt 150 brakkebustader og 33 såkalla ’bungalows’. Bungalowbyen i Naustbukti i Øvre Årdal var for dei høgare funksjonærane. Andre laut ta til takke med husvære i ei ombygd brakke, om dei var så heldige å få noko hus i det heile”. Erling Lægreid (1997: 279) sine opplevingar både nyanserer og underbygger det Bukve skriv:

Fordi folk budde om einannan, så vart det ikkje mogleg å halda oppe språklege skiljelinjer. Alle ungane snakka årdøl. Eg hadde venner som ikkje fekk lov til å snakka grautmålet heime, dei fekk til og med straff for det. Det var dei som fekk julung. [...] Men det konvensjonelle bokmålspresset var uhyre sterkt. Det var totalforbod mot å bruka nynorsk på Årdal Verk. Til og med fagforeiningane brukte konsekvent stift bokmål. På Verket vart det openlyst hetsa mot nynorsk heilt frå toppen. Også dei fleste andre foreiningane i Årdal brukte bokmål. [...] Med ujamne mellomrom vart det forsøkt innført bokmål på skulen, men det lykkast aldri å få nok underskrifter.

Ut frå dette kan det verke som om den språklege praksisen på Verket var ein annan enn den i årdalssamfunnet elles. Eli Janette Fosso (1997: 2010) fortel oss om relasjonen mellom innflyttarane og dei lokale innbyggjarane:

Innflyttarane tykte ikkje dei vart tekne så svært godt imot i bygda. [...] tilreisande familiefolk vart nok lettare integrert i lokalsamfunnet, særleg gjennom barna. Det var eit samansveisa miljø gjennom både fagforeiningsliv og dugnader. Sosial klassedeling prega likevel samfunnet. Årdal har nok vore mindre klassedelt enn mange andre industristader, men arbeidarane opplevde eit mentalt, sosialt og fysisk skilje mellom seg og funksjonærane.

Fleire kjelder taler altså for at det *var* eit klasseskilje i Årdal, men det som kan vere like interessant å merke seg, er at det øvre sosiale sjiktet i Årdal ikkje fekk same status som i Høyanger. I Årdal var rangordningane, både sosialt og språkleg, reelle i arbeidslivet og på fabrikken, men tilsynelatande ikkje like mykje i daglelivet elles. Ein av informantane mine, Øyunn, fortalte til dømes at heller enn ”Villabyen”, kalla dei bustadområdet til ingeniørane for ”Kaksehaugen”:

Det var slike som me var litt sjalu på, sant. Og så harselerte me litt med dei. Og følte oss litt underlegne i forhold til dei. Og så var me litt ufine og litt frekke i munnen vår. Og alt det hugsar eg me kunne vere mot dei ungane som budde ned på Kaksehaugen. Så dei hadde det nok sikkert ganske tøft ein del av dei, for dei kom til eit samfunn der dei ikkje vart sett opp til, men kanskje faktisk vart hakka litt på. Det vart ein avstand imellom ingeniørungane og oss altså. Det var det. Vart ein liten avstand, så dei mengde seg litt meir med kvarandre, sikkert vart kjende med kvarandre. Men så avtok no sjølvfølgjeleg det etter kvart, då [...] men dei som kom som vanlege arbeidsfolk på Hydro, dei glei inn (Informanten Øyunn).

Ho mintest også at ingeniørane kunne markere seg andre vegen, til dømes ved å slå plenen akkurat 1. mai.

Sjølv om industrialiseringa skapte sosiale skiljelinjer i Årdal, sveisa den også innbyggjarane saman. Fabrikken vart ei gjennomgripande ny felles referanseramme og sette sitt preg på alle område i dagleglivet. Fleire av informantane mine snakka om at dei opplevde ei fellesskapskjensle og ein sterk og stolt *identitet* knytt til det å vere ein industristad. Arbeidarrørsla og dugnadsånda stod sterkt, og det vart eit stort og rikt miljø av lag og foreiningar, både for idrett og kultur. Industrien førte med seg vekst og velstand både for den enkelte arbeidstakar og for årdalssamfunnet som heilskap. *Tor* sin motivasjon for å starte i industrien fortel oss om dette:

Den vinteren som eg då ... var i forkant av at eg fylte atten, så fann eg ut at no er tida inne for meg å prøva seg inn mot Verket. Så eg var heilt bevisst på det at, fordi det var gode pengar. Det var, alle var jo klar over det at her hadde du bra lønningar, du hadde godt betalt og det var trygt (Informanten Tor)

Ørger fortalte korleis han opplevde det å kome innanfor og arbeide der som ung:

Eg tykte det var voldsomt positivt. Plutseleg vart omgangen folk i alle aldersgrupper. Ifrå dei som var på nippet til å bli pensjonistar, som var nær sju og seksti, og jamgamle, altså atten, nittenårsalderen. Heile spekteret. Og det tykte eg var positivt. At [...] verda og meiningsane om verda og tilnærminga til verda var mykje større enn det eg trudde den var når eg berre gjekk og sosa i lag med jamgamle (Informanten Ørger).

I den første tida vart aluminiumsverket i Årdal assosiert med tryggleik, fellesskap og "peng", men etter kvart fekk det gode følgje av det gale: Røyk, forureining, husdyr som segna om og ikkje minst skiftande konjunkturar i verdsmarknaden, gjorde at industrien ikkje lenger berre vart assosiert med status og tryggleik. Etter kvart begynte ungdommen å søke seg ut:


Samfunnssituasjonen på 1970-talet var annleis enn den hadde vore 25 år tidlegare. No hadde ungdommane meir å velja mellom. Utdanningstilbodet var betre, arbeidsmarknaden breiare, og geografisk mobilitet var blitt ein del av livet til ungdommane. [...] "Kunne du tenkja deg å ta jobb på Verket?" "Nei!" svara to av tre skuleungdomar i Årdal på dette spørsmålet tidleg i 1970-åra. Samstundes

vart 373 vaksne spurde om dei kunne tilrå ungdom å ta jobb på Verket. ”Nei, ikkje i hallane” svara 71% av dei (Fosso 1997: 211).


2.6 Årdal i dag (2012)

2.6.1 Sysselsetting

Figur 5: Sysselsetting i a) Årdal



b) Sogn og Fjordane



c) Noreg




Diagramma over viser sysselsettinga innanfor primær-, sekundær-, og tertiærnæring i a) Årdal, b) Sogn og Fjordane og c) Noreg i dag (2012). Tala er henta frå *Kommunal planstrategi for Årdal kommune 2009–2013*. Som diagramma viser, er det prosentvis vel dobbelt så mange tilsette i sekundærnæringa i Årdal enn det er i fylket og på landsbasis, og industrien står framleis sterkt i bygda.

2.6.2 Utfordringar

Den største utfordringa for årdalssamfunnet i dag ligg i det som Bukve (1997: 166) formulerer som ”lagnadsfellesskapet” mellom aluminiumsverket og årdalssamfunnet. Dei to har vore avhengige av kvarandre både på godt og på vondt. Situasjonen som Fosso skildra for 70-talet er ikkje mindre gjeldande i dag. Dei siste åra har kommunen møtt utfordringar som følge av nedskjeringar, omstrukturering og internasjonal konkurranse i industrien. Utfordringa er å klare å omstille seg frå eit einsidig industrialsamfunn til å få fleire bein å stå på.

I ein artikkel 07. oktober 2012 skildrar *Bergens Tidene* ein utfordrande situasjon for Årdal. Her går det fram at sidan 2007 har Hydro kutta talet på tilsette med kring femti kvart år. Den nye dørfabrikken Dooria, som stod klar i 2007 og skulle sysselsette vel hundre menneske, måtte sette kroken på døra sommaren 2011. Også solcellefabrikken NorSun opplever negative tal og trettifire tilsette måtte gå i september 2012. I 2011 gjekk kommunen med eit underskot på femten millionar, og har i løpet av dei fem siste åra har fem hundre arbeidsplassar gått tapt. Dei siste åra har befolkningskurva vore dalande, men i samarbeid med staten og med Hydro, arbeider kommunen med omstellings- og næringsutviklingstiltak for å snu trenden.

2.6.3 ”Kommunen med to av alt”

Eit siste særdrag som hører med i ein omtale av årdalssamfunnet, er kallenamnet ”kommunen med to av alt”. Årdal er *ein* kommune, men har *to* lokalsamfunn: ”Tangen” og ”Øvre”. Andreas Hompland (1997: 263–264) si skildring av 1. mai-feiringa kan illustrere dette:

Som ei påminning om at Årdal er to lokalsamfunn, er det alltid to 1. mai-arrangement, men dei er parallele i innhald: salutt, flaggheising med appell, gudsteneste, film og leikar for barn, demonstrasjonstog og tale for dagen. [...] Rekkjefølgja i programmet for dagen blir snudd år om anna, slik at det vekslar kvar demonstrasjonstoget og talen for dagen er først; men det er dei same parolane og den same talen i ein kort og ein lang versjon.

Sjølv då statsminister Gro var på vitjing i 1. mai i 1995, måtte ho halde talen sin i Øvre på føremiddagen og på Tangen på ettermiddagen. Også hos Bjørkum finn vi uttrykk for skilnader mellom dei to stadene. Det første utdraget er om Øvre Årdal og det andre om Årdalstangen:

I Ø.Å. har bygdefolket vore mykje flinkare til å leia lag og samskipnader og halda liv i song-, musikk-, idrotts-, og ungdomslag enn på Årdalstg. Fabrikkane ligg i denne delen av bygdi og dei fleste innflyttarane i Ø.Å. er fabrikkarbeidarar frå Sogn og Vestlandet oftast. Det vert då mindre sosiale skilnader mellom dei innflytte og bygdefolket, og her har bygdefolket betre greitt å halda på den gamle uttalen, for dei har vore meir dominante enn på Årdalstg.” (1968: 28).

Dinest må me hugsa på at a/s Årdal og Sunndal Verk har administrasjonsbygget sitt her [Årdalstangen] med mange kontorfolk, kommuneadministrasjonen held til i rådhuset på Årdalstg., og dei store forretningsbyggi med aukande handle og omsetnad har mange folk i arbeid. Desse gruppene vert lettare påverka av normalmålet og talen åt dei innflytte enn folk med anna arbeid, og sermerkte målføreinnslag vert skuvde til sides. I sitt daglege arbeid nyttar dei normalmålet til skriving, telefonering og ekspedering, og eit høgare sosialt lag med eit normalisert talemål verkar så attende på målføreformene (1968: 29).

Ein gruppeidentitet med tangingar og øvringer finn vi framleis uttrykk for i Årdal i dag. Då eg gjorde feltarbeid, spurde eg informantane mine om tilhøva mellom Øvre og Tangen. Svar som gjekk igjen var at Øvre var litt meir ”bymessig” og sosialt ”røffare” enn Tangen, og at dei snakka ”breiare” i Øvre Årdal enn på Årdalstangen. Nokre av informantane mine meinte derimot at det ikkje var så store skilnader. Årdalstangen og Øvre Årdal har kvar sine barne- og ungdomsskular, medan vidaregåande skule er felles og ligg i Øvre. Dei har også kvar sine idrettslag, og ungdomsinformantane fortalte at ingenting var så artig eller så viktig som å slå sambygdingane på andre sida av vatnet. Med dette som utgangspunkt, valde eg derfor å formulere eit eige forskingsspørsmål som retta seg mot skiljet mellom Tangen og Øvre. Med dette ønskte eg å finne ut om skiljet mellom dei to ikkje berre eksisterer geografisk og som ei mental førestelling, men også språkleg.

3. ÅRDALSMÅLET

3.1 Innleiing

Det finst fleire definisjonar på kva *dialekt* er. Då eg gjorde feltarbeidet, tipsa fleire av informantane meg om andre årdølar som eg burde snakke med ”fordi *dei* snakka ordentleg årdalsdialekt”. Slike utsegner er kjende i folkelingvistikken og viser at *dialekt* eksisterer som ei kulturell førestelling eller eit ideal (Sandøy 1996: 10). Utgangspunktet til ein sosiolingvist er at *dialekt* er ikkje ein objektivt definert storleik som ein språkbrukar meistrar på ein skala frå dårlig til godt, men at *alle* snakkar ein eller annan dialekt (*ibid.*).

Ein annan definisjon av dialektomgrepet er at det er *eit språkleg system som skil seg frå andre system* (Sandøy 1996: 23). Slik har kvar dialekt sin eigen grammatikk. I dette kapitlet vil eg utgangspunkt i denne definisjonen og presentere ei grammatikkskisse for årdalsmålet. Føremålet med skissa er todelt. For det første skal den 1) *fungere som eit utgangspunkt og eit samanlikningsgrunnlag for det nyinnsamla materialet*. I tillegg til å undersøke synkron variasjon ønsker eg som nemnt å trekke komparative liner tilbake til eit tidlegare språkstadium, for slik å få innsikt i *endringar* som har skjedd. Ein openberr premiss for å seie noko om diakron endring, er at ein undersøker språket på to ulike tidspunkt.¹² Grammatikkskissa er basert på ei tidlegare gransking som Andreas Bjørkum gjorde tidleg på 60-talet, og representerer derfor det ”tradisjonelle” årdalsmålet i denne granskingsa. Arbeidet til Bjørkum er grundig framstilt i *Årdalsmål hjå eldre og yngre* (1968) og *Generasjonsskilnader i indresognsmål* (1974). Det andre føremålet med skissa er at ho skal 2) *fungere som ein oversikt for leseren og syne kva systematiske trekk som er (eventuelt har vore) typiske for årdalsmålet*. Skissa viser hovudformer og er ei idealisert framstilling av språkdrag som lar seg systematisere. Det vil derfor finnast variasjon innanfor – og unntak frå – systemet som blir presentert.

3.2 Målføra omkring Årdal

Målføra i Sogn og Fjordane kan ein dele i tre: *sognemål*, *fjordamål* og *jostedalsmål*. Sognemål høyrer til det *sørvestlandske* målføret, medan fjordamål og jostedalsmål høyrer til det *nordvestlandske*. Sognemål kan ein vidare dele inn i *midtresognsmål* og *indresognsmål*. Midtresognsmål femner om Leikanger, Sogndal, Aurland, Vik og Balestrand, medan indresognsmål femner om Luster (÷ Jostedalen), Årdal og Lærdal. *Fjordamål* femner om

¹² Granskinger i verkeleg tid kontra tilsynelatande tid tek eg føre meg i teorikapittelet.

talemåla i Ytre Sogn, og omfattar kommunane Solund, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Sunnfjord og Nordfjord, medan talemålet i *Jostedalen*, som ligg i Luster i Indre Sogn, står i ei særstilling på grunn av stor tilflytting frå Nordfjord etter Svartedauden (Bjørkum 1975: 15–16 og Haugen 2004: 25–26). I aust grensar Årdal til Vang kommune i Valdres, som høyrer til det austnorske målføret.

3.3 Tidlegare granskningar

Fleire har gjort granskningar av årdalsmålet. Eitt sentralt referanseverk er Amund B. Larsens *Sognemålene* (1926). Før ti år seinare, på 1960-talet, gjorde Bjørkum si undersøking. Granskningane til Larsen og Bjørkum er sentrale referansepunkt for denne undersøkinga, men særleg har eg teke utgangspunkt i Bjørkums *Årdalsmål hjå eldre og yngre* (1968). Seinare i oppgåva (avsnitt 4.2.1.1 og 5.7) vil eg gjere greie for nokre metodiske atterhald knytte til det å jamføre mi undersøking med Bjørkum si.

3.4 Grammatikkssisse for årdalsmålet

Årdalsmålet er eit *a-mål*, som ikkje reduserer gammal trykklett *-a* i utlyd og som har *a*-ending i infinitiv av verb og i ubunden form av svake hokjønnsord. Det er også eit *i-mål*, med *i*-ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønnsord. Dialekten har dei tre vanlege kjønna i norsk, og dativ eksisterer ikkje lenger, med unntak av restar i stadnamn og stivna vendingar (Bjørkum 1968: 16, 47 og 50).

3.4.1 Merknad til lydskrifta

Før eg presenterer grammatikkssissa er det nødvendig å gjere greie for tilhøve som gjeld lydskrifta. For det første bruker Bjørkum *norvegia* medan eg bruker IPA. For samsvar mellom norvegia og IPA har eg basert meg på Sandøy (1996: 246–247). For det andre ga dei runde vokalane ei lita utfordring når det gjaldt konvertering til IPA. Eg vil derfor innleiingsvis klare opp nokre val eg har gjort i denne samanhengen:

- 1) Vanleg norsk uttale av grafema *u* og *o* er forskjellig frå kontinental uttale. IPA-teikna *u* og *o* refererer eigentleg til kontinental uttale, som i det tyske *guten Morgen*. I transkripsjon av norsk og svensk er det derfor vanleg at ein for grafema *u*, *o* og å høvesvis bruker IPA-teikna *ɯ*, *ʊ*, og *ɔ* (j.f. Sandøy 2008: 38). I norsk og svensk blir altså *lus*, *los*, *lås*, og *loss* transkribert som /lɯ:s/, /lʊ:s/, /lɔ:s/, /lɔ:s/. Ifølgje Bjørkum (1968: 23) har årdalsmålet ”tydeleg europeisk klang” i uttalen av *u*. I denne oppgåva har eg derfor valt å bruke IPA-skift med utgangspunkt i kontinental uttale av *u*. Merk likevel at vi finn

norsk-svensk uttale av *u* i ein av diftongane, nemleg /eu/ (for <au>), som i *Gaupne* /²geupnə/. Står *u* i andre lydlege omgivnader skal den altså ha europeisk klang.

2) Som nemnt bruker eg også kontinental uttale som utgangspunkt for dei andre runda vokalane. Dette inneber følgjande:

- Der Bjørkum bruker norvegiateiknet *o* bruker eg IPA-teiknet *u*. Bjørkum skriv at ”*o* er vanl. trond nordisk *o*” som i *god* (adj.), og at denne kan vere både kort og lang.
- Der Bjørkum bruker norvegiateiknet *å* bruker eg IPA-teiknet *o*. (Bjørkum skriv at ”*å* er den vanlege *å*-en i normalnorsk uttale” som i *grå* (adj.).)
- Der Bjørkum bruker norvegiateiknet *ø* bruker eg IPA-teiknet *ɔ*. (Bjørkum skriv at ”*ø* er ein stutt open *å*-lyd som målf. har sammen med ISO. [Indre Sogn]” i ord som *stong* (f.): /stɔŋ/ og *bjørn* (m.): /bjɔdn/).

Med dette får *lus*, *los*, *lås*, og *loss* her transkripsjonen /lu:s, lu:s, lo:s, lɔ:s/.

3.4.2 Lydverk

A) MONOFTONGAR

Basert på Bjørkum (1968: 21–25) kan ein fylle inn følgjande inventar av monoftongar i årdalsmålet:

Tabell 1: Monoftonginventar

| | Fremre | | Midtre | | Bakre | |
|-----------|--------|-------|--------|-------|--------|-------|
| | urunda | runda | urunda | runda | urunda | runda |
| Trong | i | y | | | | |
| Halvtrong | e | | | u | | ø |
| Sentral | | | ə | | | |
| Halvopen | ɛ | ø | | | | ɔ: |
| Open | | | | | a | ɔ |

Som tabellen viser, har årdalsmålet elleve monoftongar. *Ni* av desse kan vi rekne som *vokalfonem*. Dette har forklaring i at 1) *slapp endevokal og svarabhaktivokal /ə/ ikkje har tydingsskiljande funksjon*, og 2) at *to av monoftongane er allofonar for eitt og same fonem*. Dette gjeld bakre runda *å*-lyd, som har *ein* variant for lang realisering og *ein* variant for kort realisering. (Bjørkum 1968: 25). /o/ er den lange varianten, som i *drope* (m.): /²dro:pə/ og /ɔ/ er den korte varianten, som i *stong* (f.): /stɔŋ/. Dei åtte andre vokalfonema kan ha ulik kvantitet, altså både kort og lang realisering. I tabellen på neste side gir eg ei kort skildring av

alle monoftongane med døme. Tabellen syner også samsvar mellom Norvegia lydskrift, som Bjørkum bruker, og IPA, som eg bruker.

Tabell 2: Kort skildring av monoftongane

| Monoftong | | Skildring (e. Bjørkum (1968)) | Kvalitet | |
|-----------|-----|---|--|---|
| | | | Lang | Kort |
| Norv. | IPA | | | |
| i | i | Vanleg <i>i</i> -lyd | /vi:/ adj. <i>vid</i> | /kvit/ v. <i>kvitt</i> |
| e | e | Trong <i>e</i> , som <i>ife</i> (n.), <i>kne</i> (n) | /tre:/ subst. n. <i>tre</i> | /jek/ verb. <i>gjekk</i> |
| ɛ | ɛ | Vanleg open <i>e</i> -lyd | /²le:ra/ v. inf. <i>læra</i> | /hæst/ subst. n. <i>hest</i> |
| y | y | Klar labial uttale | /²ny:ra/ subst. f. <i>nyra</i> | /²stykkə/ subst. n. <i>stykke</i> |
| ø | ø | Vanleg ø-lyd | /sø:t/ adj. <i>sot</i> | /søt/ adj. <i>sott</i> |
| u | u | Europeisk <i>u</i> -lyd | /hu:s/ subst. n. <i>hus</i> | /knup/ subst. m. <i>knupp</i> |
| o | ø | Vanleg trong nordisk <i>o</i> . Larsen (1926) noterte europeisk å-uttale av denne i 1926, men ingen restar av dette i Bjørkum si undersøking. | /fju:r/ subst. m. <i>fjord</i> | /søt/ subst. f. <i>sott</i> |
| å | ø | Den vanlege å-en i normalnorsk uttale. I målføret er denne vokalen alltid lang. | /²dro:pə/ subst. m. <i>drope</i> /²bro:tə/ subst. m. <i>brote</i> | ÷ |
| ø | ɔ | Ein kort åpen å-lyd.. Kjem av: a) Gno. <i>ø</i> og <i>iø</i> b) Runding av <i>e > ø > ɔ</i> | ÷ | /stɔŋg/ subst. f. <i>stong</i> /bjɔdn/ subst. m. <i>bjørn</i> /²løfsa/ subst. f. <i>lefsa</i> |
| a | a | Har relativt trong kvalitet. | /ma:t/ subst. m. <i>mat</i> | /mat/ adj. <i>matt</i> |
| ə | ə | Slapp endevokal, bindevokal og svarabhaktivokal. Alltid kort og trykklett. | ÷ | /¹hu:sə/ subst. n. <i>huset</i> /²ve:kəda:g/ subst. m. <i>vekedag</i> /¹tekə/ verb, pres. <i>tek</i> |

B) DIFTONGAR

Årdalsmålet har fire diftongar:

- /au/: av gno. lang á, som i *grå*, *blå* (av gno. *grár*, *blár*): /grau:/, blau:/. Førsteleddet er i følgje Bjørkum ein tydeleg *a*-lyd, og det er berre andreleddet som er runda (1968: 31)
- /ɛu/: for -au-, som i *Gaupne* (stadnamn): /²geupnø/. Første leddet er opna til /ɛ/ for å få tydelegare skilje mot /au/, medan andre lekken er det Bjørkum kallar austnorsk *u*, altså vanleg norsk /u/ (1968: 33)
- /ai/: for -ei-, som i *geit* (f.): /jait/
- /ɔi/: av gno. -ey-, moderne -øy-, som i *øyra* (n.): /²ɔira/

C) KONSONANTAR:

Tabell 3: Konsonantinventar¹³

| | Labial | Alveolar | Postalv. | Palatal | Velar | Glottal |
|------------|--------|----------|----------|---------|-------|---------|
| Plosiv | p b | t d | | | k g | |
| Affrikat | | | | ç ſ | | |
| Frikativ | f v | s | ʃ | j | | h |
| Nasal | m | n | | ŋ | ŋ | |
| Lat. appr. | | l | | | | |
| Trill | | r | | | | |

3.4.3 Fonologiske reglar

Fonem kan få regelfast skifting i uttalen. Foneminventar er dermed ikkje alltid tilstrekkeleg for å vise uttalen i ein dialekt. Eg vil derfor presentere sentrale fonologiske reglar – altså lydreglar som gjeld for visse lydlege samansetningar eller omgivnader – som fortel om den konkrete uttalen i årdalsmålet. Også denne framstillinga bygger i stor grad på arbeidet og avhandlinga til Bjørkum (1968).

A) VOKALISME

F1: Etter regel for vestnorsk talemål blir vokal i kort trykksterk stammestaving lengd. Døme:
gut (m.) /gu:t/.

¹³ Basert på Bjørkum (1968: 36–43).

F2: *e* > /ai/ framfor *ng*, *nk* og *gg*, både ved velar og palatal uttale av konsonantsambanda, og framfor –*nsk*. Døme: *seng* (f.) /saɪŋg/, *stengja* (v.) /²stainja/, *benk* (m.) /baiŋk/, *tenkja* (v.) /²taiŋc̩a/, *vegg* (m.) /vaig/, *leggja* (v.) /²laij̩ja/, *svensk* (adj.) /svainsk/.
/²taiŋc̩a/, *vegg* (m.) /vaig/, *leggja* (v.) /²laij̩ja/, *svensk* (adj.) /svainsk/.

F3: Det siste vokalsegmentet i diftongane /au/, /eʉ/, /ai/ og /ɔi/ blir forkorta framfor lang konsonant eller konsonantgruppe. Døme: *grå* /grau:/ mot *grått* /graʊt/, *raud* /reʉ:/ mot *raudt* /reʉt/, *grei* /grai:/ mot *greitt* /grai̯t/ og *trøya* /²trɔia/ mot *trøytt* /trɔ̯t/.

F4: Gamalnorsk brytningsdiftong *iø* og gamalnorsk kort ö blir uttalt med /ɔ/-lyd, utan omsyn til kva lyd som står i nærheita. Døme: *kjøt* (n.) /çɔt/, *mjølk* (f.) /mjɔlk/, *smør* (n.) /smɔr/, *øks* (f.) /ɔks/.

B) KONSONANTISME

F5: Målføret har dei sørvestlandske konsonantovergangane kor *ll* > /dl/, *rl* > /dl/, *rn* > /dn/, og *fn* > /bm/. Døme: *alle* /²adlə/, *Karl* /kadl/, *korn* /kɔdn/, *ovn* /ɔbm/.

F6: Målføret har leksikalisert palatal i svake hokjønnsord og inkjekjønnsord, medan bunden artikkel aldri gir palatalisering. Døme: *rekjja* (f.) /²ræk̩a/, *sleggja* (f.) /²slaij̩ja/ og *stykje* (n.) /²styc̩ə/ mot *sekken* (m.) /¹sekən/, *veggen* (m.) /¹vaigən/.

F7: /j/ finst berre framfor palatale konsonantar. Døme: *lenge* (adj.): /²laiŋjə/ og *tenkje* (v.): /²taiŋc̩ə/.

F8: Segmentering av konsonantsambanda /nd/ og /ld/ er bevart, men ved genitivs-s er det vanleg at *d* fell bort. Døme: *til kvelds*: /tə kvels/.

F9: Følgjande konsonantsamband kan få metatese:

- skt* > /kst/, i preteritum og perfektum partisipp av svake verb og i inkjekjønn av adjektiv. Døme: *ønskte* (v. pret.) /²øŋkstə/, *friskt* (adj.) /frækst/
- ts* > /st/. Døme: *naustbeist* (n.) /²nɛutsbaist/
- ps* > /sp/. Døme: *ripsyær* (n.) /²rispøber/
- gn* > /ŋg/ når ny konsonant kjem etter. Døme: *sogndøl* (m.) /²sɔŋgdø:l/

Mf1: Ved konsonantsambandet *mb* kan *b* falle bort ved tillegg av preteritumsendinga *-de* og perfektumsendinga *-t* i svake verb. Døme: *kjemma* /²cçemba/ - *kjemde* /²cçemdə/ - *kjemt* /cçemt/.

Mf2: *pt* blir uttalt /ft/, også i verb med rotutlyd på *-p* og *-pp*, og ved tillegg av endinga *-te* i preteritum og *-t* i perfektum partisipp. Døme: *skapt*: /skaft/, *gapte*: /²gafte/, *slepte* /²slefte/.

Sf1: Pronomen som har framlyd *d* får ofte eit skifte til *r* når pronomenet står trykklett inne i ei setning etter eit ord som sluttar på vokal. Døme: *Du må skunda deg* /du mau ²skunda re/.

C) TRYKK

Stavingstrykk følgjer stort sett reglane i for vanleg norsk stavingstrykk, og lånord held oftest på opphavleg trykkfordeling, men ofte finn ein døme på at trykket er flytt fram til første staving. Døme: *avisa* (f. b.f) /a:¹visa/ og *poteter* (f. ub.f): /po¹tətə/.

3.4.4 Morfologi¹⁴

A) SUBSTANTIV

Tabell 4: Substantivbøyninga

| Kjønn | Klasse | | ub.eint. | bu.eint | ub.fleirt. | bu.fleirt. |
|-------|----------|-------------------------|---------------------------|-----------------------------|-----------------------------|---------------------------------|
| Mask. | Sterke | ar-klasse | - hest | -n ¹ hest'n | -a ² hesta | -adn ² hestadn |
| | | Synkopert suffiks vokal | -ar hamar | -n ² hamarn | -ra hamra | -adn ² hamradn |
| | | er-klasse | - gjest | -n ¹ gjestn | -e ² gjestə | -edn ² gjestədn |
| | | er-klasse + omlyd | - fø:t | -n ¹ futn | -(e) ¹ fø:tə | -edn ¹ fø:tədn |
| | Svake | | -e ² ha:gə | -en ² ha:gən | -a ² ha:ga | -adn ² ha:gadn |
| Fem. | Sterke | er-klasse | - su:l | -i ¹ su:li | -e ² su:lə | -edn ² su:lədn |
| | | ar-klasse | - ² drøning | -i ² drøningi | -a ² drøninga | -adn ² drøningadn |
| | | er-klasse + omlyd | - bu:k | -i ¹ bu:ki | -e ¹ bø:kə | -edn ¹ bø:kədn |
| | Svake | | -a ² vi:sa | -a ² vi:sa | -e ² vi:sə | -edn ² vi:sədn |
| Nøyt. | Sterke | 0-klassen | - aur | -e ¹ aurə | - aur | -i ¹ auri |
| | Svake I | | -e ² eplə | -e ² eplə | -e ² eplə | -i ² epli |
| | Svake II | | -a ² cira | -a ² cira | -e ² cirə | -edn ² cirədn |

¹⁴ For å lette lesinga av tabellane har eg i tabell nr. 4, 5 og 6 berre ført inn i lydskrift og ikkje supplert med vanleg ortografisk skrift.

B) VERB

Tabell 5: Verbbøyninga

| Klasse | | Inf. | Pres. | Pret. | Perf. |
|--------|--------|---------------------|---------------------|--------------------|---------------------|
| Sterke | 1.kl | ² bi:ta | ¹ bi:tə | bait | ² be:tə |
| | 2.kl. | ² kry:pa | ¹ kry:pə | kreüp | ² kro:pe |
| | 3.kl. | ² bresta | ² brestə | brast | ² brøstə |
| | 4.kl. | ² le:sa | ¹ le:sə | la:s | ² le:sə |
| | 5.kl. | ta: | ¹ te:kə | tu:k | ² te:kə |
| Svake | ar-kl. | ² kadla | ² kadla | ² kadla | ² kadla |
| | er-kl. | ² fø:ra | ² fø:rə | ² førde | fø:rt |
| | 0-kl. | ² velja | ¹ velə | ² valdə | va:lt |
| | r-kl. | tru: | tru:r | ² trudə | trutt |

C) PERSONLEGE PRONOMEN

Tabell 6: Personlege pronomen

| | | Nominativ | Oblik form |
|----------|------------------------------|-------------------------------------|---|
| Eintal | 1.pers | e: | me: Trykklett: mə |
| | 2. pers. | du:, ru | de:, re (Ø.Å.: du: i trykksterk ifølgje Bjørkum (1968)) Trykklett: də, rə |
| | 3. pers. Hankjønn | han | han |
| | | Trykklett: an | Trykklett: 'n, ən |
| | Hokjønn | hu: | hu:, ² henna |
| | | Trykklett: u | Trykklett: 'na, u, ² enna |
| Fleirtal | Inkjekjønn | dε:, re | dε:, re |
| | | Trykklett: də, rə | Trykklett: də, rə |
| | 1. pers | me: | ɔs |
| | 2. pers | de:, re | dika, rika |
| | 3. pers Alle kjønn | dai, rai Trykklett (sjeldan): di | dai, rai Trykklett (sjeldan): di |

3.5 Korleis velje språklege variablar?

Den lingvistiske variabelen er den mest fundamentale komponenten i variasjonsanalyse (Tagliamonte 2006: 70). I sosiolingvistikken er det tradisjon *både* for å kartlegge mange variablar *og* for å gjere djupdykk i få variablar. Likevel er det ikkje alltid sjølvsagt *kva* og *kor mange* språktrekk som er interessante og relevante i ei bestemt gransking. Er det dei som *varierer* eller dei som *ikkje varierer*? Er det variablar som har blitt *studerte tidlegare* og *andre stader*, eller omvendt?

Labov (1972: 8) trekker fram fire eigenskapar han meiner ein språkleg variabel først og fremst bør ha. For det første bør han vere *frekvent*. Det er fordi ein skal kunne kartlegge og strukturere variasjonen ut frå ustrukturerte kontekstar. For det andre bør variabelen vere *strukturell*. Med det meiner han at han bør vere integrert i eit større system av fungerande einingar: "the more the item is integrated into a larger system of functioning units, the greater will be the intrinsic linguistic interest of our study" (ibid.). For det tredje bør variabelen ha *stratifisert distribusjon*. Det vil seie asymmetrisk distribusjon over fleire aldersgrupper eller andre sosiale nivå i samfunnet. For det fjerde er det ifølgje Labov også ein fordel om variabelen er *salient*, både for forskaren og for språkbrukaren. Dette gjer at ein kan studere den direkte relasjonen mellom sosiale haldningar og språkbruk.

Kor vidt det er ønskeleg at ein variabel har alle desse eigenskapane, kan diskuterast. Ein variabel kan vel vere interessant sjølv om han ikkje er frekvent eller salient. Til dømes har eg få, men interessante belegg på at nokre av ungdomsinformantane mine seier *av* i staden for *hos* eller *hjå*, som i "Då er det full fest *av* oss, liksom" eller "Eg var *av* ho mamma i arbeidsveka". Denne variabelen er ikkje frekvent, og heller ikkje salient, men likevel interessant.

Utgangspunktet for denne granskingsa var at eg ønskte å undersøke a) kva som pregar den synkrone variasjonen i dag, og b) *endringar* som har skjedd sidan Bjørkum si undersøking. Eg laga derfor *a priori* ei maksimumsliste over aktuelle språklege variablar. Desse valtd eg ut på grunnlag av Bjørkum si avhandling (1968), samtalar med rettleiar og kollegaer på prosjektet og samtalar med årdølar på orienteringsturen i mai 2011. Under handsaminga av datamaterialet dukka det også opp variablar som eg i utgangspunktet ikkje hadde tenkt å undersøke, men som viste seg å vere interessante. Eg enda slik opp med mange potensielle språklege variablar. For å redusere lista og gjere utvalet overkommeleg, formulerte eg fem kriterium som skulle hjelpe med å prioritere og grunngi utvalet. Eg ønskte:

- språktrekk som er *distinktive for årdalsmålet*
- språktrekk som er både *eldre og nye*, altså motivert både ut frå eit diakront perspektiv og eit synkront perspektiv
- språktrekk som eg trur vil *variere*
- språktrekk som *representerer ulike delar av språksystemet*
- språktrekk som er *praktisk handterlege* og ikkje for vanskelege å høyre og annotere
- språktrekk som kan ha særleg relevans for *industritalemål*

3.6 Presentasjon av dei språklege variablane

V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering. Variantar: /e:/ ↔ /eg/

I norske dialektar har personleg pronomen første person eintal subjektsform former både med og utan *j*-framlyd. Former som har *j*-framlyd har blitt til ved bryting av urnordisk *eka*, og har utbreiing hovudsakleg på Austlandet. Former som *ikkje* har *j*-framlyd har opphav i urnordisk *ek*, og har utbreiing i resten av landet. (Skjekkeland 2005: 107). Indresognsmål har ikkje *j*-framlyd, og i tillegg fell *g*-en alltid bort i utlyd (Bjørkum 1968: 117). Som det går fram av grammatikkskisa, har årdalsmålet tradisjonelt *ein* variant for denne variabelen: /e/.

Skjekkeland (2005: 106) skriv at i dei fleste dialektane finn ein ulike former av pronomenet etter som det har trykk eller ikkje i setninga, og gir dømet *e* (trykklett) og *e:g* (trykktung). V1–V4 er variablar som tek føre seg personlege pronomene. For V1, V2, V3 og V4, skil eg derfor mellom trykklett og trykktung stilling. Vi kan elles merke oss at når det gjeld *g*-utlyd, har V1, V2 og V3 ifølgje Bjørkum (1968) same form i trykksvak og trykksterk realisering.

- For V1 er /e/ tradisjonell variant og /eg/ ny variant

V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering. Variantar: /me/ ↔ /meg/ + /e/ (berre i trykksterk)

Objektsforma i første person eintal rimar oftast på subjektsforma, jf. /eg/↔/meg/, /j ei/↔/mei/ (Skjekkeland 2005: 107). I årdalsmålet har også dette pronomenet tradisjonelt *ein* variant: /me/. Når det gjeld denne variabelen, registrerte Bjørkum eit interessant fenomen på 60-talet, nemleg at subjektsforma /e/ kan gjere seg gjeldande i objektsposisjon, men då berre i trykktung realisering, og han fann det berre hos dei aller yngste i Øvre Årdal (Bjørkum 1968: 118).

- For V2 er /me/ tradisjonell variant og /meg/ ny variant

- /e/ i trykksterk objektsposisjon er ein tradisjonell variant

V3: Personleg pronomen, 2. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V3.1) og trykksterk (V3.2) realisering. Variantar: /de:/ ↔ /deg/ + /du/ (berre i trykksterk)

Personleg pronomen har i norske dialektar til vanleg ulike kasusformer i subjekts- og objektsposisjon, men tilhøva varierer, og for mange gjeld det ikkje for tredje person eintal og andre- og tredje person fleirtal. Andre person eintal, *deg*, har til vanleg skilje mellom subjekts- og objektsposisjon (Skjekkeland 2005: 106–108). Tradisjonell variant i årdalsmålet er /de/.

Einskilde stader i landet opptrer subjektsforma *du* i objektsposisjon, men då berre der pronomenet står trykksterkt (Skjekkeland 2005: 107–108). Bjørkum skreiv om dette fenomenet i Øvre Årdal allereie i 1968:

Ei lokal nyovring ser ut til å veksa fram i Ø.Å. med di det personlege pron. *du* (2.pers) ikkje har objektsform hjå dei yngste. Dei bruker *du* i avhengige former [...], og lærarane i folkeskulen klaga over at denne bruken hadde breitt seg til borni åt innflyttarane òg. Om denne bruken av *du* maktar å halda seg mot presset frå den aukande innflytting og normalmålet, er det uråd å spå om, men no høyrer ein ofte formi *du* i oblikve kasus hjå folk i Ø.Å. (1968: 216)

Andre stader kor ein har registrert det same er Agder-området (jf. m.a. Torp 1980 og Kristoffersen 1997), Saltdalen i Nordland (Hanssen 1990: 151), og Rødberg i Numedal (Papazian: 1987).

Ei utfordring med denne variabelen er at han er vanskeleg å få nok belegg på.¹⁵ Dette erfarte eg sjølv under innsamlinga. At han er så lågfrekvent har si naturlege forklaring i sjølve intervjuasjoner, då det er naturleg at informantane snakkar meir om ”eg” og ”meg”, og ikkje så mykje om ”deg”. For å framprovosere denne variabelen laga eg derfor ein biletleik som eg gjennomførte i slutten av intervjeta (vedlegg 7).

- For V3 er /de/ tradisjonell variant og /deg/ ny variant
- /du/ i trykksterk objektsposisjon er ein tradisjonell variant

V4: Personleg pronomen 2. person fleirtal, subjektsposisjon, trykklett (V4.1) og trykktung (V4.2) realisering. Variantar: /de/ ↔ /di/ ↔ /dika/

Dei norrøne nominativsformene *þit* og *þer* har gitt grunnlag for subjektsformene /de/, /di/, og /dø/ i fleirtal, som i dag finst på Vestlandet (Skjekkeland 2005: 111). Ifølgje Skjekkeland vil

¹⁵ Dette skriv m.a. Broberg (2005) og Kristoffersen (1997) også om.

dialektane som har desse subjektsformene ha andre former i objektsposisjon, då frå norrønt *þykk*. Elles i landet har ein til vanleg same forma i subjekts- og objektsposisjon, og då er det slik at objektsformene har teke over i subjektsfunksjonen (*ibid.*). Årdalsmålet har, som resten av Indre Sogn, subjektsforma /de/ og objektsforma /dika/. På same vis som V3, er også dette ein relativt lågfrekvent variabel. Dei som mellombels realiserer denne ofte, er intervjuarane. For denne variabelen vil eg derfor vise resultat for a) informantane og b) to av intervjuarane.

- *For V4 er /de/ tradisjonell variant og /di/ og /dika/ nye variantar*

V5: Diftongen /au/ av gno. á. Variantar: /au/ ↔ /ɔu/ ↔ /ɔ/.

Diftongering av gamle lange vokalar har skjedd fleire stader over heile Norden. Særleg er dette ei særdrag for islandsk og færøysk. Indresognsmål har monoftongisk uttale av dei gamle lange vokalane <*i, u, y, o*>¹⁶, men diftongisk uttale av gammelnorsk lang á.

Diftongering av gammelnorsk á er særleg utbreidd i Sogn, på Voss og i Hardanger (Skjekkeland 2005: 44). Ifølgje Skjekkeland (2005: 44) ligg forklaringa på denne diftongeringa i *kvantitetsomlegginga* i norrøn tid, då dei korte vokalane tok til å bli forlengde. For å oppretthalde skilnaden mellom dei ”nye” lange og dei gamle lange, fekk dei gamle lange meir spent artikulasjon, og resultatet vart ei ”kvalitetsgliding” i vokalen – frå monoftong til diftong. Vemund Skard (1976: 117) skriv følgjande om utviklinga til gammelnorsk á:

I gammelnorsk hadde alle vokaler opprinnelig samme kvalitet uansett om de var lange eller korte. Men ca. 1200-1500 foregår en forandring over nesten hele det nordiske området: á får labialisering, så uttalen blir som nåværende å. Berre i islandsk og en del norske dialekter (bl.a. Voss, Sogn, Hardanger) er labialiseringen ikke kommet til å omfatte hele vokalen, men berre slutten, så resultatet blir en diftong: *ao*.

Bjørkum (1968: 31) sin omtale av diftongering av gno. á i 1968 stemmer med det Skard skriv. Også Bjørkum skriv at berre siste lekken er runda, og at første lekken er ein tydeleg *a*-lyd.

- *For V5 er /ao/ tradisjonell variant og /ɔo/ og /ɔ/ nye variantar*

¹⁶ Til forskjell frå midtresognsmål som har diftongering av desse. Merk også at midtresognsmål har /au/-diftongering av gammelnorsk *a* og *o* framfor velar nasal, som i *stong* /staʊŋ/, men i indresognsmål har ein her /ɔ/-uttale: /stɔŋ/ (Haugen 2004: 116 og Bjørkum 1975: 66).

V6: Diftongering av *e* > /ai/ framfor -gg, -ng, -nk og -nsk. Variantar: + diftongering ↔ ÷ diftongering

Årdalsmålet har, i likskap med resten av indre Sogn, tradisjonelt diftongering av *e* til /ai/ framfor konsonantsambanda –gg, –ng, –nk (både ved velar og palatal uttale), og framfor -nsk (Bjørkum 1968: 34).

- For V5 er +diftongering tradisjonell variant og ÷ diftongering ny variant

V7: Vokalrealisering av gno. *iø* og kort *ø*. Variantar: tradisjonell variant (/ɔ/) ↔ ny variant (/ø/ eller /e/)

Denne variabelen er typisk ”indresognsk”. Amund B. Larsen (1917: 43) skrev om denne å-uttalen i *Maal og Minne* i 1917:

I Lærdal og Aardal raader den i vore bygdemaal yderst avstikkende regel at den oldn. brytnings-diftong *iø* som i [cçø:t] og oldn. kort ø (baade av e med v-omlyd som i **høgg'ør** og av o med i-omlyd som i **søv'ør**) uttales med en å-lyd, uten hensyn til hvilke lyd der staar i nærheten.

Larsen tek dette for granneopposisjon mot Valdres og Hallingdal, men Bjørkum meiner at ein heller bør karakterisere denne vokalrealiseringa som noko ein finn i midtnorske målføre. For denne variabelen er det snakk om relativt få ord. Aktuelle ord er: *mjødm, fjør, fjøl, mjøl, sjølv, mjølk, bjølle, mjøll, hjelpe, fjøre, bjørk, jern, bjørn, stjerne, tjern, kjøt, sørver, smør, høgger, snøgg, rekkje, kløkk, sokke, søvn*. Eg prøvde derfor å framprovosere variabelen med biletleiken. Nokre av desse orda har i nyare uttale fått /e/ som i /mjelk/ i staden for /mjølk/. Denne variabelen deler eg derfor inn i variantane inn i ”tradisjonell” (/ɔ/-realisering) og ”ny” (/ø/ eller /e/-realisering).

- For V7 er /ɔ/-realisering tradisjonell variant og /ø/-/e/-realisering ny variant

V8: Bunden form fleirtal hankjønn og hokjønn. Variablar: + plosiv (/adn/ og /edn) ↔ ÷ plosiv (/an(ə)/ ↔ /en(ə)/)

Dei norrøne endingane *-arnar* og *-irnar* i bestemt form fleirtal av hokjønns- og hankjønnsord har i årdalsmålet blitt til /adn/ og /edn/.¹⁷ Denne variabelen er interessant både morfofonologisk, altså i kva grad differensieringa har halde seg, og reint morfologisk, altså kva klassar som har ”overlevt” koinéformingsprosessen. Randi Neteland fortalte i munnleg

¹⁷ Dette gjeld også for midtre- og indre Sogn.

samtale at det kan sjå ut til at på andre industristader med same bøyingsmønster, har substantivbøyingen blitt forenkla både fonologisk med plosivbortfall og morfologisk ved at *e*-klassen har gått over til *a*-klassen – altså har ”alle” hankjønnsord fått bøyingssuffixet *-ane*.¹⁸

- For V8 er + plosiv tradisjonell variant og ÷plosiv ny variant

V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønn og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn. Variantar: /i/ ↔ /a/ ↔ /en/ ↔ /ene/ / /edn/

Årdalsmålet har *i*-ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord. I tillegg er det visse ord som har hankjønnsbøyning i eintal, men som får inkjekjønnsbøyning i fleirtal. Dette gjeld orda *ting*, *feil*, *forelder* (som var inkjekjønn i norrønt), *kjeks* og *spar* (spelkort) (Bjørkum 1968: 80 og Faarlund m.fl. 1997: 187). *i*-ending i sterke hokjønnsord og inkjekjønnsord finn vi i Indre Sogn og delar av Telemark (jf. Skjekkeland 2005: 211). Midtre Sogn har diftongen *ei* i endingen, som i /bygdei/ (ibid.).

Denne variabelen er teken med på grunn av to omsyn. Det første er at det interessant å undersøke i kva grad *i*-målet har halde seg etter koinéformingsprosessen. Det andre omsynet er eit som ikkje har grunnlag i Labov sine kriterium, men som eg likevel synest legitimerer variabelen: I den nye rettskrivingsnormalen for nynorsk er det gjort innstrammingar i bøyingsverket der det tradisjonelle *i*-målet går ut av skriftnorma. Det kan derfor vere interessant å sjå kor godt feste denne variabelen har i talemålet i dag. For framtida kan det bli spennande å undersøke om endringa i skriftnormalen vil spegle seg i talemålet. For denne variabelen vil eg analysere sterke hokjønnsord for seg (V9.1), hokjønnsord på *-ning* for seg (V9.2) og inkjekjønnsorda for seg (V9.3). Dette for å ta høgde for at dei ulike klassane kan vise ulike endrings- og variasjonsmønster.

- For V9.1 og V9.2 er /i/ tradisjonell variant og /a/ og /en/ nye variantar
- For V9.3 er /i/ tradisjonell variant og /ene/ eller /edn/ nye variantar

¹⁸ Dette finn ein andre stader også.

4. TEORI

4.1 Innleiing

I denne granskinga utforskar eg hypotesar empirisk på grunnlag av teori. Eg vil derfor her ta føre meg teori om a) sosiolingvistikkens forskingsområde, b) språklege endrings- og variasjonsmekanismar og c) dialektkontakt og koinéforming.

4.2 Sosiolingvistikkens forskingsområde

Sosiolingvistikk er ein tverrfagleg disiplin, noko som termen i seg sjølv illustrerer: *Sosio* kjem av det latinske *socius*, som tyder ”samfunn”, og som har adjektivforma *socialis*, altså ”det som gjeld samfunnet og samfunnstilhøva”, medan *lingvistikk* er ”læra om språket som system og kommunikasjonsmiddel”.¹⁹ I faglitteraturen finst fleire og ulike definisjonar på kva *sosiolingvistikk* er. Peter Trudgill (1992: 68) definerer det som “the study of the relationship between language and society”; Jack Chambers (2003: ix) har definisjonen “the correlation of dependent linguistic variables with independent social variables”; og Nikolas Coupland og Adam Jaworski (1997: 1) skriv at det er ”the study of language in its social contexts and the study of social life through linguistics”. *Felles* for dei er at dei handsamar språket som sosialt konstruert. *Ulik* for dei er at dei fokuserer på ulike aspekt ved det sosiale språket. Trudgill sin definisjon famnar vidt og refererer eksplisitt til *makronivå* (samfunnsnivå). Chambers framhevar *korrelasjonen mellom språklege og sosiale variablar*, medan Coupland og Jaworski rettar seg mot den *sosiologiske og psykologiske dimensjonen* i disiplinen. Slik syner dei tre definisjonane ei spennvidd i disiplinen. Oppsummert og samla sett kan ein seie at *sosiolingvistikk* handlar om å skildre og forstå språkleg variasjon og endring i relasjon med sosiale tilhøve, anten det er på samfunnsnivå (makronivå), gruppenivå (mesonivå) og/eller individnivå (mikronivå).

4.2.1 Faghistorie

Faghistoria fortel oss kva faget har vore, kva det er og kva det ikkje lenger er. Den fortel oss også kva vi forvaltar og kor vi sjølve plasserer oss i tradisjonen. For denne granskinga er det relevant å ha kjennskap til faghistoria fordi Bjørkum sine granskningar av årdalsmålet (1968 og

¹⁹ <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk=+&ordbok=nynorsk>

1974), som her er to autoritative kjelder, er skrivne innanfor ein annan forskingstradisjon. Sjølv om både Bjørkum og eg undersøker generasjonsskilnader i årdalsmålet, kan ein argumentere for at vi har gjort det innanfor to ulike paradigme: Bjørkum innanfor *dialektologien* og eg innanfor *sosiolinguistikken*. Eg vil derfor klargjere skilnader og likskapar mellom dei to paradigma.

4.2.1.1 Frå dialektologi til sosiolinguistik

Språk har ein sosial funksjon, men kva tid starta ein å studere det som ei sosialt fenomen? Nasjonalromantikken er ein sentral historisk bakgrunn for dialektforskinga. Med den kom ein kulturideologi prega av nasjonsbygging og dyrking av nasjonale særdrag, og slik hamna språket og dialektane i fokus på ein annan måte enn før (Sandøy 1996: 12ff). I denne tidsånda voks *dialektologien* fram. Helge Sandøy (1996: 12) forklarer:

Før den tid såg ein på dialektane bare som simple og mislykka gjengivingar av det 'korrekte' språket, som var skriftmålet. Men ettersom nasjonalromantikken interesserte seg så sterkt for historia – for å leite etter ein 'gullalder' – oppdaga ein at dialektane kunne settas i samanheng med dei eldre målstega, og at dei hadde sine sjølvstendige utviklingar frå eit 'oppavlig språk'".

Sosiolinguistikken har røter i den tradisjonelle *dialektologien*, men sprang ut som ei eiga forskingsgrein på midten av 1960-talet. Kor skarpt skilje det er mellom dei to disiplinane kan diskuterast, fordi overgangen ber i seg både brot og kontinuitet (Mæhlum 1996: 181). Eitt tenleg utgangspunkt er derfor å forstå dei som to ulike paradigme innanfor ei og same forskingsgrein. Brit Mæhlum (1996) har teke føre seg skilnader og likskapar mellom dialektologien og sosiolinguistikken. Framstillinga under er basert på artikkelen hennar.

Dialektologane sin primære intensjon var å skildre språket i eit gitt geografisk område, og då hovudsakleg som eit homogent system. Dei var òg opptekne av å forankre granskningane i det historiske, "oppavlege" språket. I tillegg retta mange seg mot rurale område, og ofte vart talemålet til eldre informantar prioritert. Målet med granskningane var å gi ei mest mogleg fullstendig skildring av lydverk, formverk og særleg syntaks. Praktisk-metodisk baserte dei seg mykje på *rapportert* språkbruk, gjennom mellom anna spørjelister og informantane si eiga oppfatning av kva variantar som var "genuine" eller "oppavlege" (Mæhlum 1996: 194–197). Eit slikt paradigme kan vi delvis finne igjen hos Bjørkum (1968). Til dømes takkar han for hjelp til å finne "gode" og "rette" heimelsmenn (1968: 12 og 1974: 31), og praktisk-metodisk nyttar han "ein kombinasjon av lydbandopptak, lange samtalar med heimelsmennene og beinveges utspørjing" (1974: 33). I tillegg har heimelsmennene hans "mest alltid båe foreldri frå same bygdi [...]" (1974: 31). Bjørkum problematiserer rett nok sjølv "farene med

leiespørsmål”, men argumenterer og konkluderer med at ”dei aller fleste let seg lite leia”, og at ”krysskontrollar opphevar faren ved leiespørsmål” (1974: 34). Framstillinga i både *Årdalsmål hjå eldre og yngre* (1968) og *Generasjonsskilnad i indresognsmål* (1974) er også meir eller mindre detaljerte og fullstendige skildringar av lydverk, formverk og ordtilfang.

Sosiolingvistikken representerer på mange måtar eit brot med dialektologien, både teoretisk og metodisk. Mellom anna har ein teke eit oppgjer med førestillinga om eit ”ideelt” talemål. I staden for å skildre eit homogent, opphavleg og ”ideelt” språk, har ein ønskt å skildre reell variasjon og heterogenitet innanfor ulike sosiale fellesskap. Eit viktig motiv har vore å skildre mangfaldet, og følgjeleg har ein i større grad nytta informantar frå ulike aldersgrupper og ulike sosiale grupperingar. Praktisk-metodisk har ein òg vore oppteken av å skilje mellom *rappert språkbruk* og *faktisk språkbruk*, då ein forstår dette som to forskjellige datatypar.

Av dette forstår ein at sosiolingvistikken kom til å representere eit paradigmeskifte i dialektforskinga. På same tid er det viktig å påpeike at det òg er ein kontinuitet mellom dei to paradigma. Mellom anna har det vore både dialektologen og sosiolingvisten sin intensjon å gjere greie for språkleg variasjon, og ikkje minst har mange dialektologiske studiar hatt ”ein sterkt, om enn implisitt, sosial dimensjon” (Mæhlum 1996: 181–182). Med kjennskap til faghistoria forstår ein likevel at dersom ein skal samanlikne to granskningar som høyrer til forskjellige paradigme, må ein vere varsam når ein samanliknar resultata.

4.3 Språkleg variasjon og endring

I aristotelisk logikk forstår ein *endring* i lys av omgrepa *moglegheit* (”potensialitet”) og *verkelegheit* (”aktuelt”) (Svendsen og Säätelä 2004: 33). Dette kan vi overføre til språkvitskapen i den forstand at *i språket sjølv* ligg det eit potensiale til endring, men om dette potensialet blir ”aktualisert” kjem an på tilhøva rundt.

Språkleg variasjon og endring kan vere komplekst, fordi ulike faktorar gjer seg gjeldande på ulike måtar i ulike språksamfunn. I tillegg kan fleire faktorar vere involverte både samstundes og på fleire nivå. Ein tenleg framgangsmåte for å forstå språkleg variasjon og endring er derfor å ta føre seg det som er sjølve *drivkreftene* i prosessen. Desse finn vi både i språket sjølv, såkalla *språkinterne faktorar* (også kalla *indre faktorar*), og utanfor språket, såkalla *språkeksterne faktorar* (også kalla *ytre faktorar*). I fag litteraturen har skiljet mellom språkinterne og språkeksterne drivkrefter vore gjenstand for diskusjon, både når det gjeld kven av dei ein bør legge mest vekt på, og korleis ein skal klassifisere og avgrense dei (jf. m.a. Papazian 2007). I tillegg finst det usemje om det er dei interne drivkreftene som er

primære og dei eksterne sekundære, eller omvendt. Uansett ståstad kan ein argumentere for at indre og ytre drivkrefter verkar *saman*, og ikkje kvar for seg. For som Roksvold (2005: 124) poengterer er dei sosiale faktorane ulike i ulike språksamfunn og til ulike tider. Dermed har også språkendringane i ulike samfunn ulik karakter til ulike tider. Roksvold skriv også at dei sosiale faktorane berre verkar viss språket er reie til ei bestemt endring (ibid). Eit viktig supplement til dette blir at heller ikkje internspråklege drivkrefter kan ”aktualisere” seg viss ikkje dei sosiale omgivnadane aksepterer dei og faktisk vel å bruke dei.

4.3.1 Språkinterne drivkrefter

Språksystem, forstått som skriftelege og munnlege *varietetar*, er organiserte etter eit sett med visse reglar. Det å kunne eit språk handlar om å meistre desse reglane, og i denne prosessen vil spesielle reglar og unntak frå reglane ta lang tid å lære. Nettopp her ligg mykje av potensialet til at språket *berre på grunn av sitt vesen som system* kan endre seg. Når kvar ny språkbrukar må lære seg å systematisere språket frå grunnen av, er det nemleg ikkje sikkert at han eller ho lærer nett det same språket som dei eldre (Sandøy 1996: 129–130).

Sandøy (1996: 129–135) samnfattar språkinterne drivkrefter i fem kategoriar: *regelinnsnevring*, *regelutviding*, *analogi*, *funksjonell tyngd* og *naturlegheit*. *Regelinnsnevring* går ut på at ein regel får *mindre verkeområde* fordi kategoriar fell ut. Eit døme på regelinnsnevring, som gjeld for fleire dialektar, er at regelen for velar palatalisering blir meir avgrensa ved at kategoriar fell ut av regelen sitt verkeområde. Til dømes gjeld dette palatalisering i perfektum partisipp av sterke verb, der palatal uttale /²sprʊŋə/ blir skifta ut med velar uttale, /²sprʊŋə/. *Regelutviding*, er det motsette av regelinnsnevring, og går ut på at ein regel blir meir generell eller gjeld for stadig *fleire kategoriar*. *Analogi* vil seie at medlem av uproduktive klassar går over til – og kjem i samsvar med – medlemmane i produktive klassar. Eit døme, som ein m.a. har sett på industristader, er at *e*-klassen av hankjønnssubstantiv kan gå over til og kome i samsvar med paradigmet til *a*-klassen. *Funksjonell tyngd* går ut på at endringar skjer anten for å markere motsetningar eller fjerne motsetningar, alt etter kor frekvent og sentral ein motsetning er (Papazian 2007: 162). Døme på ei språkendring som ein kan forklare ut frå *lita funksjonell tyngd*, er då dei fleste norske dialektane fekk assimilert konsonantsambandet *ld* til [l:], slik at t.d. *eld* og *sild* fekk uttalen [el:] og [sil:]. Denne endringa gjorde ”ingen skade” fordi det ikkje fanst nokon ord som *÷ell* og *÷sill* frå før (Sandøy 1996: 134). Den siste indre faktoren, *naturlegheit*, går ut på at endringar skjer fordi visse drag rett og slett blir opplevd som meir naturlege. Her kan t.d.

fysiologiske forhold som taleorgana si utforming verke inn. Utbreiinga til skarre-*r*-en blir ofte forklart ut frå *naturlegheit*, og då at han rett og slett er lettare å uttale enn den fremre *r*-en. Fonologisk assimilasjon kan vere eit anna døme på endring som følgje av *naturlegheit*.

4.3.2 Språkeksterne drivkrefter

Språkeksterne drivkrefter er krefter som ligg *utanfor* språket, det vil seie i språket sin *sosiale kontekst*. Dette er drivkrefter som viser korleis språket varierer og endrar seg *som ei følge av at det er eit sosialt fenomen*. Også desse drivkreftene samanfattar Sandøy (1996: 135–141) i fem kategoriar: *endringar i materiell og åndeleg kultur, identifiseringsfunksjonen åt språket, prestisje, skriftmålet og massemedia*. Samtidig som ei slik kategorisering er både nyttig og nødvendig, kan ho også vere problematisk fordi kategorisering generaliserer og forenklar kompleksiteten som ligg både i drivkreftene, effektane og samspelet mellom dei.

Når eg her skal ta føre meg ytre drivkrefter, forstår eg dei som krefter vi blir eksponerte for i den språklege sosialiseringa. Ei slik tilnærming meiner eg syner 1) at det her ikkje er snakk om kategoriske og avgrensa årsaker, men ein vev av årsaker som heng saman med kvarandre, 2) at dette er krefter som kan opplevast ulikt på ulike arenaer, og 3) at dette er krefter vi møter både som ung og gammal. Med dette som utgangspunkt blir det på sin plass å avklare sosialiseringssomgrepet. Det kan ein finne fleire definisjonar på, men ein som høver i denne samanhengen er Courtney B. Cazden (2001: 87) sin, som seier at *sosialisering* er ”the process of internalization through which human beings become members of particular cultures, learning how to speak as well as how to act and think and feel”. Ein annan definisjon finn vi hos Brit Mæhlum (1992: 65), som skriv at det er ”[...] den prosessen der individet suksessivt tilegner seg et sosialt og kulturelt verdi- og livsmønster”.

4.3.2.1 Akkommodasjon

Akkommodasjonsteorien, også kalla *den språklege tilpassingsteorien*, er sentral for å forstå språkleg variasjon og endring. Teorien vart utvikla av sosialpsykologen Howard Giles, og uttrykker korleis språkbruk er sosialt motivert ved at menneske vel språklege strategiar som signaliserer anten talespråkleg *tilnærming* eller *distansering* frå omgivnadane (Trudgill 1986: 2). Dersom avsendar ønsker *aksept* frå den han kommuniserer med, tilpassar han gjerne språkbruken ved å redusere skilnader i ord og uttale. Dette kallar Giles ”accent convergence” – talespråkleg *konvergens*. Viss avsendar ønsker det motsette, altså å markere *avstand* frå den han kommuniserer med, kan han tilpasse språkbruken i andre retninga gjennom ”accent divergence” – talespråkleg *divergens* (*ibid.*). Kor vidt ein nærmar seg eller distanserer seg

språkleg frå dei vi kommuniserer med, kan vere både medvite og umedvite, og vere motivert av sosialpsykologiske tilhøve som t.d. ønske om å markere sosial eller geografisk tilhørsle. Kva for språklege strategiar ein vel er derfor vanlegvis avhengig av *kven* ein kommuniserer med (om det er ein familiemedlem eller sjefen), *kva* ein kommuniserer om (om temaet er ”fag” eller ”røvarhistorier”) og *korleis* ein kommuniserer (om det er til ei forsamling eller over kjøkkenbordet).

Peter Auer og Frans Hinskens (2005: 335–336) skil mellom tre former for akkommodasjon i direkte kommunikasjon: *korttidsakkommadasjon*, *langtidsakkommadasjon* og *språkendring*. Dei tre formene er ordna som hierarkiske komponentar, der den første er ein føresetnad for den andre og den andre ein føresetnad for den tredje. Ei slik tredeling der komponentane er avhengige av kvarandre, viser korleis akkommodasjon kan føre til språkendring. *Korttidsakkommadasjon* definerer dei som situasjonsavhengig inter-individuell akkommodasjon. Denne typen akkommodasjon er avgrensa til ein bestemt interaksjonell episode, og gir derfor ikkje alltid langvarig effekt på språkbrukaren sine språkvanar. *Korttidsakkommadasjon* fører derfor ikkje til språkendring åleine. Likevel er *korttidsakkommadasjon* sjølv grunnpilaren til all strukturell konvergens eller divergens (”advergence”). Den andre komponenten, *langtidsakkommadasjon*, går ut på at *korttidsakkommadasjon* går over til ein vane. Det skjer når språkbrukaren individuelt bruker innovasjonen i kommunikasjonssituasjonar kor dei opphavlege innovatørane ikkje er ein del av interaksjonen. Den siste forma, *språkendring*, er når innovasjonen spreier seg i heile samfunnet. Ein føresetnad for at dette skal skje, er m.a. at ein stadig blir utsett for språkdraget. Det at dei set stadig eksponering som ein premiss for spreiling, kan illustrere korleis endring kan skje avgrensa i grupper, på mesonivå.

Akkommodasjonsteorien er eit viktig teoretisk utgangspunkt også for å forstå dei psykososiale prosessane i koinéformingsprosessen. Det er fordi koinéforminga, forstått som ein språkleg fokuseringsprosess som resulterer i ein ny varietet, skjer gjennom *kontinuerlege* språklege tilpassingar over tid, altså langtidstilpassing (Mæhlum 2007: 102–103).

4.3.2.2 Normer og språkbruk

Normer er *sosiale konvensjonar* eller ein *konsensus* som eksisterer mellom oss som enkeltindivid og dei sosiale omgivnadane våre. Skriftspråksnormer er vedtekne og formaliserte av offentlege instansar, medan talespråksnormer er etablerte som sosiale

konvensjonar (Mæhlum 2003: 87–88). Normer blir etablerte og haldne oppe innanfor sosiale nettverk (Sandøy 1996: 101).

Eit sentralt aspekt ved *normer* er at dei ber i seg kime til både *samhald* og *distansering*. Ved å følgje normene viser vi at vi ”står for same verdiane, og dermed for ein del av fellesskapen” (Sandøy 1996: 102). Slik skapar normene samhald. På den andre sida, kan vi velje å *bryte* med etablerte normer. Slik kan normer skape distansering. Brot med normer kan resultere i sanksjonar, som kan vere både implisitte, eksplisitte, positive og negative. *Samhald* om språklege normer bidrar til *konservering*, medan *distansering* frå språklege normer kan bidra til *nyskaping*.

Språklæringa er ein del av sosialiseringa vår, og handlar om å tilegne seg og meistre etablerte normer. Går ein nærmare inn på *læringsprosessen*, kan ein betre forstå korleis læring skjer i eit spenn mellom tilpassing og nyskaping. Poenget her er å syne at læring, og med det *språklæring*, er ein prosess prega av *forhandling* der vi kontinuerleg tilpassar det nye til vårt eige, og der vil prøver å tilpasse omgivnadane til våre eigne behov. Knud Illeris (2006: 43) poengterer dette då han skriv at læring inneber *to* prosesser: For det første er det ein *samspelprosess* mellom individet og omgivnadane, og for det andre er det ein *indre mental læringsprosess* der vi integrerer impulsane frå samspelet. Den første prosessen, som har ein sosial dimensjon, fortel oss at læring skjer i interaksjon med andre. Denne interaksjonen kan vere avgjerdande for kva ein lærer. Overført til språklæringsprosessen kan til dømes ulike sosialiseringssagentar snakke ulikt og følgjeleg påverke oss ulikt. Den andre prosessen, som er ein indre mental læringsprosess, fortel oss at læring er prega av *forhandling*. Dette finn vi uttrykk for hos Jean Piaget og konstruktivistisk læringsteori. Den uttrykker at individet først tek opp i seg sanseinntrykk frå omgivnadane og foyer desse til eigne etablerte kognitive skjema. Ut frå dette forstår ein at sjølv om menneska blir utsett for dei same påverknadane, kan dei kvar for seg lære noko forskjellig. Deretter forhandlar eller omstrukturerer individet sine eigne kognitive skjema for å skape likevekt mellom seg sjølv og omgivnadane (ibid.: 50). Dette blir kalla *akkommodasjon*.

Dei to prosessane knytte til læring viser at normer – og med det språknormer – blir internaliserte og akkommodes i eit spenningsfelt mellom individuelle og sosiale verdiar. Språkendring om *endring av ei sosial norm*, der nokre påverkar meir enn andre, nokre er sterke og andre føyelege, nokre er premissleverandørar og andre mottakarar, og der nokre har makt og andre ikkje (Roksvold 2005: 124). Koinéformingsprosessen er kjenneteikna av at det til tider eksisterer mange normer for språkbruk side om side. Særleg barna av

innflyttgenerasjonen veks opp i eit ”språkleg kaos” og hos denne generasjonen finn ein ofte stor intra- og interindividuell variasjon. Koinéformingsprosessen kan ein karakterisere som ein språkleg fokuseringsprosess der språkbrukarane etter kvart samlar seg meir og meir om ei felles og meir fokusert norm, koinéen.

4.3.2.3 Språk og identitet

Kva vi seier, og *korleis* vi seier det signaliserer på eit vis kven vi er, kven vi ønsker å vere, og korleis vi ønsker at andre skal oppfatte oss. Slik har språket ein identitetsskapande funksjon. Identitetsomgrepet er samansett, men *ein* definisjon seier at *identitet* har å gjere med oppfatninga og karakteristikken av eit *eg*, kva dette *eg*-et er og kva sosial og kulturell tilhørsle ein person har (Mæhlum 2003: 105).

På same vis som læringsomgrepet er *identitet* også dobbelt definert: Han er både noko *personleg* og noko *sosialt*. Den *personlege* identiteten er det som gjer oss *unike* samanlikna med andre, medan den *sosiale* identiteten er dei eigenskapane som gjer oss kvalifiserte til å vere medlemmar i ulike *gruppfellesskap*. Den *personlege* og den *sosiale* identiteten står i stadig forhandling med kvarandre, samstundes som dei også blir forma av kvarandre. Slik blir identiteten vår ”utkrystallisert i spenningsfeltet mellom det individuelle og det kollektive” (Mæhlum 2006: 107).

Identitet og språkbruk kan vere interessant å studere både på individnivå (personleg identitet), gruppenivå (gruppeidentitet) og makronivå (lokal/nasjonal identitet). Når det gjeld *gruppeidentitet*, framhevar Sandøy (1996: 139) følgjande:

Ei viktig endring dei siste tiåra er framveksten av eigne dels isolerte ungdomsmiljø. I eit samfunn der skolegonga var kort og arbeidslivet begynte tidlig, blei identifikasjonen med dei vaksne etablert snart [...] I slike samfunn er dei vaksne det språklige førebildet for dei unge mye meir enn i det moderne samfunnet der skolegonga er lang, skolane er sentralisert slik at mange elevar må reise for å komme på ungdomsskole eller vidaregående skole, og færre lever i daglig kontakt med arbeidslivet. Dei følgjer ikkje automatisk i fotefara å foreldra. I dette moderne samfunnet utgjør ungdommane eit mye sterkare miljø med bindingar seg imellom. Her blir identifikasjonen med ungdomsmiljøet sterkest, nettopp i språklig viktige innlæringsår.

Nett dette finn vi igjen i årdalssamfunnet. Ein av informantane mine, Ørger, fortalte at eit av dei beste minna han hadde frå då han starta på Verket som attenåring, var kontakten og relasjonen med dei andre vaksne som arbeidde der. Ein slik interaksjonen med dei vaksne, og eit slikt ønske om å vere *blant* og *av* dei vaksne, vart ein realitet for han allereie i slutten av tenåra. Dette var vanleg for fleire av ungdommane i hans generasjon. I dag er situasjonen

annleis. Den sosiale ”reproduksjonen” inn til Verket er ikkje den same som han ein gong var, ei heller den stolte identiteten og tryggleiken som var knytte til industrien i Årdal. I dag vel mange av ungdommene å gå lenger på skule, og fleire reiser ut for å ta utdanning etter vidaregåande.

Martin Skjekkeland (2001: 31f.) har skrive om samanhengen mellom *lokal tilhøyrslle og identitet* og språkbruk. Han karakteriserer lokal tilhøyrslle som ein som konserverande faktor for talemålsutviklinga og forklarer dette ved å lansere to personlegdoms(proto)typar: *homo staticus* og *homo dynamicus*²⁰ Ifølgje Skjekkeland kan desse to kategoriane vere eit supplement til bruken av andre sosiale variablar i sosiolingvistikken fordi dei kan forklare kvifor unge går ulike vegen språkleg sett.²¹ *Homo staticus* karakteriserer han som den ”heimekjære” typen. Han er sterkt knytt til bygda og stolt over å vere frå plassen sin, og kan gjerne tenke seg å slå seg ned i bygda. *Homo dynamicus* karakteriserer han som ungdommen som vil ”ut å sjå seg om”. *Homo dynamicus* synest ikkje det er like viktig å få seg eit yrke som gjer at han kan slå seg ned på heimstaden. I tillegg har han gjerne eit sosialt nettverk som strekker seg ut av bygda og til nabodistrikta. Skjekkeland sin studie viste ein klar samanheng mellom språkbruk og ”personlegdomstype”. I denne viste det seg at *homo staticus*-gruppa hadde høgare gjennomsnittleg bruk av tradisjonelle språkformer enn *homo dynamicus*-gruppa.

Prestisje, som var ein av kategoriane til Sandøy, heng på eit vis saman med språk og identitet. Sandøy (1996: 139) definerer prestisjespråk som ”det språket / den dialekten som allment er rekna som ”mest korrekt” og ”mest sosialt akseptert”. Ulike språkdrag kan altså ha ulik prestisje ved at dei signaliserer sosial status.

Dersom ein forstår prestisje som status, må ein differensiere mellom ulike sosiale fellesskap. I visse fellesskap kan det til dømes vere høg prestisje å bruke standardnære eller austnorske uttrykksmåtar. I andre fellesskap kan prestisje derimot vere knytt til heilt andre uttrykksmåtar. Hos motkulturar til dømes, kan uttrykksmåtar med låg prestisje paradoksalt nok gje høg prestisje. Sosiolingvistiske granskningar har vist at prestisje som drivkraft for endring kan påverke språket i ulike retningar. Talemålsgranskningar i Stavanger, Bergenhus og Ålesund har vist at ”bymålet” som veks fram, i hovudsak er basert på det tidlegare ”gatespråket”, som

²⁰ Sjekkeland si undersøking gjeld ungdommar i Kvinesdal i Vest-Agder, men omgrepene kan også vere adekvate for eldre.

²¹ Utsegn henta frå foredrag i Tromsø, MONS 2011

hadde låg prestisje (Sandøy 1996: 138). På desse stadene kan det sjå ut til at språket sin funksjon som gruppemarkør og identitetsmarkør har fungert som motkraft til tendensen med å ta opp prestisjedrag. Motsett har Maria-Rosa Doublet si gransking av Fana bydel i Bergen vist at prestisjvarianten *finbergensk* er på frammarsj på kostnad av *gatebergensk*. Doublet forklarer at språket her fungerer som markør for lokal tilhørsle og gruppeidentitet (Doublet 2011: 135).

4.3.2.4 Sosiale nettverk

Sosial nettverksteori tek på same måte som akkommodasjonsteorien føre seg individet i møtet med andre, men då med utgangspunkt om å klargjere kva sosiale krefter som verkar inn når enkeltindividet blir integrert i ulike fellesskap eller sosiale nettverk. (Mæhlum 2006: 116). Lesley Milroy (1980) var ein av dei som introduserte teorien i sosiolingvistikken. Ei gransking ho gjorde i Belfast viste at språkbrukarar som alle snakka ”lågstatusvarietet”, men tilhørde forskjellige sosiale nettverk, brukte dialekten på ”ekstremt komplekse” måtar for å syne tilhørsle til dei fellesskapa (Milroy 1980: 19, mi omsetjing).

Sosialt nettverk refererer til det nettet vi omgir oss med av uformelle sosiale kontaktar, der dei primære sosialiseringagentane våre (familie, venner, skulekameratar og arbeidskollegaer) er dei viktigaste gruppene. Sosiale nettverk er altså det vi kan kalle kommunikasjonsfellesskapen vår, og det er her vi finn dei viktigaste normagentane våre. I tillegg til dei primære sosialiseringagentane kan såkalla *referansegrupper* også vere normagentar i språksosialiseringa. *Referansegrupper* er grupper som individet medvite eller umedvite identifiserer seg med, og som kan fungere som eit ideal (Mæhlum 2006: 90). Dette er normsettalar eller trendsettalar som individet ikkje nødvendigvis er i kontakt med, men som det identifiserer seg med og som det tar etter (ibid). Kva normer som blir praktiserte innanfor nettverket, og korleis, har samanheng med nettverket sine eigenskapar. Slik forstår ein at ulike sosiale nettverk representerer ulike normer for språkbruk. I denne samanhengen er *to* eigenskapar særleg relevante: *strukturen* til nettverket og *funksjonen* til nettverket. *Strukturen* til nettverket handlar om kor omfattande den innbyrdes kontakten mellom medlemmane er, det vil seie om det har stor eller liten tettleik. *Funksjonen* til nettverket handlar om nettverket sin kompleksitet, altså om relasjonane mellom medlemmane er multiplekse (”alle kjenner alle”) eller uniplekse (”alle kjenner ikkje alle”). Nettverk med stor tettleik, der ”alle kjenner alle”, har ofte *multiplekse relasjonar*. Det vil seie at personane er knytte til kvarandre gjennom fleire roller samstundes. Dette er typisk for rurale samfunn og tradisjonelle arbeidarklassestrøk. Tette, multiplekse nettverk fungerer ofte som sterke normerings- og

kontrollinstansar, medan nettverk som har liten tettleik og uniplekse relasjonar, har mindre normerings- og kontrollkraft. Sistnemnde er typisk for moderne, mobile og urbane samfunn. I slike nettverk er intensiteten og styrken i dei sosiale og psykologiske mekanismane mindre, og derfor finn ein ofte større grad av variasjon i den språklege åtferda, både intra- og interindividuelt (Mæhlum 1996: 116–120 og Sandøy 1996: 101–104).

Gjer vi teori til praksis, kan vi til dømes tenke oss at industriarbeidarane i Årdal utgjorde eitt sosialt nettverk, og ingenørane og funksjonærane eit anna. Vidare kan ungdomsskuleelevane på Årdalstangen utgjere eit anna sosialt nettverk enn ungdomsskuleelevane i Øvre Årdal. Når dei startar på vidaregåande skule i lag, kan dei opphavlege nettverka så kanskje endre seg.


4.4 Språkendringsprosessen

Vi har no sett på *drivkrefstene* bak språkleg variasjon og endring. I det følgjande skal vi sjå på korleis variasjon og endring *oppstår* og *spreier seg*. Bryt vi språkendringsprosessen ned i enkeltdelar, kan vi forstå korleis språklege og sosiale motiv kan spele inn (Sandøy 2006: 212). *Språkendringsprosessen* har relevans for å forstå *koinéformingsprosessen* fordi den syner korleis enkelte språktrekk kan vinne fram og spreie seg i eit samfunn og andre ikkje.

4.4.1 Opphav og spreiling

All endring har eit opphav, men for at opphavet skal føre til endring, må det feste seg og spreie seg. Ein språkendringsprosess startar med at ein person ein stad ein gong formulerer ein lyd, ei ending eller ein konstruksjon på ein ny måte, og bruker dette draget fleire gongar (Sandøy 2006: 206f.). Ein slik *individuell innovasjon* kan vere eit brot med etablerte normer. Ein mogleg konsekvens kan derfor vere at innovatøren får sanksjonar eller korreksjonar frå andre medlemmar i språksamfunnet, anten eksplisitt eller implisitt. Viss det ikkje kjem korreksjonar, eller viss personen vel å oversjå korreksjonane, kan innovasjonen bli til ein individuell *vane*. Viss innovasjonen og vanen stoppar der, hos den enkelte språkbrukaren, blir han isolert og individuell og kan bli oppfatta som ein talefeil. Dersom språkdraget derimot spreier seg og blir til ein vane hos *fleire personar*, er ein språkendringsprosess i gang. Årsakene til at andre personar tek etter, kan vere at dei opplever dei same språksystematiske preferansane som P1, og slik har same latente ”potensiale”, eller at dei har sosiale eller sosialpsykologiske motiv for å vere like P1 (t.d. vise sympati, auke status, forme gruppeidentitet). Prosessen der individuell innovasjon spreier seg og blir til ei kollektiv norm, kan vi illustrere grafisk med ei *s-kurve*:

Figur 6: S-kurva som modell for språkendringsprosessen i eit språksamfunn:



Karakteristisk for spreatingsprosessen er at dersom to personar (P1 og P2) har den nye språkvanen, blir det lettare for andre individ (P3, P4, P5 osb) å ta etter. Slik akselererer spreieninga etter kvart som fleire tek til seg den nye språkvanen. Etter kvart vil innovasjonen kunne nå sitt fulle potensiale dersom alle individua i språksamfunnet tek til seg den nye vanen. Årsaka til at prosessen stagnerer på slutten, er at dei siste vil halde lenge fast på den gamle språkvanen (Sandøy 2006: 211).

S-kurva blir mykje brukt til å skildre *dialektendring*, men har ho også relevans for *koinéformingsprosessen*. Koinéformingsprosessen er kjenneteikna av at mange ”konkurrerande” språkdrag eksisterer side om side, og eit interessant spørsmål blir: Kven av dei overlever, skyt fart og blir med i det ferdige ”produktet”, og kven stagnerer og taper terreng? Svaret på dette er kompliktig og avhengig av fleire faktorar, som eg vil kome nærmare innpå i avsnitt 4.5.

4.4.2 Sprangmodellen og bølgjemodellen

S-kruva viser korleis eit nytt språktrekk kan spreie seg frå person til person innanfor eit samfunn, og føre til språkendring. I tillegg kan språktrekk også spreie seg frå eitt språksamfunn til eit anna. Ei slik geografisk spreiening kan ein forklare ut frå *bølgjemodellen* eller *sprangmodellen*. *Bølgjemodellen* forklarer spreiening som ei bølgje frå eit senter som slår inn på kringliggande stader. *Sprangmodellen* forklarer spreiening som sprang i det urbane hierarkiet mellom urbane senter, frå eit større senter til eit mindre senter. Likevel er det sjeldan slik at ein kan spore ein innovasjon tilbake til éin plass og ei tid – ein og same innovasjon kan skje to eller fleire plassar samstundes uavhengig av kvarandre.

4.4.3 Tempo og omfang

Saussure skildra språket som ei elv i stadig rørsle, frå strid straum til stillare strekk. For ein sosiolingvist blir det interessant å spørje seg kva sosiale landskap som gir strid straum, og kva

som gir stillare strekk. Tidlegare har eg vore inne på at språkendringar kan gå ulikt føre seg i ulike samfunn. I eit industrisamfunn som Årdal, er det naturleg å forvente at dei store demografiske og sosiale omveltingane i etterkrigstida har gjort at språkendringane har gått føre seg i strid straum. I tillegg til dette, kan ulike *språktrekk* ha ulikt potensiale for endring. *Markerte* språktrekk kan til dømes vere sterkare forankra i medvitet vårt enn andre språktrekk, og dersom desse endrar seg vil det vere meir påfallande og merkbart. Endringar av markerte drag kan derfor bli gjenstand for sterkare sanksjonar eller korrektiv enn andre umarkerte språkdrag, og følgjeleg held dei seg kanskje meir stabile.

4.5 Språk- og dialektkontakt

Møte mellom menneske er møte mellom språk, og slik har språk- og dialektkontakt eksistert like lenge som språket har eksistert. Likevel har samfunnstilhøve som globalisering, auka mobilitet, nye former for kommunikasjon og nye vilkår for kommunikasjon gjort at kontaktlingvistikken dei siste tiåra har blitt stadig meir aktuell.

Språkkontakt skjer på alle nivå: på individnivå, gruppenivå og samfunnsnivå. Vidare kan språkkontakt skje både mellom ulike *språk* og mellom *ulike varietetar innanfor eitt og same språk*. *Pidginspråk* er eit døme på førstnemnde, og oppstår når menneske med ulike morsmål får behov for eit felles språk i ein gitt kontaktsituasjon. Pidginspråk er vanlegvis bygd opp av ei blanding av dei involverte morsmåla, men forholdet mellom dei er ofte asymmetrisk slik at mesteparten av leksikonet blir henta frå den sosialt dominerande gruppa (Røyneland 2006: 55). Sjølv om pidginspråk gjerne oppstår ved eit ”akutt” kommunikasjonsbehov, kan språket bli utvida grammatisk og få utvida domene dersom kontakten vedvarer. Dersom pidginspråket går over til å bli morsmål for nye generasjonar språkbrukarar, kallar ein språket *kreolspråk*. Prosessen frå pidginspråk til kreolspråk blir kalla kreolisering (*ibid.*). Mange pidgin- og kreolspråk har vakse fram som følgje av kolonisering. Eitt døme er *haitisk kreolsk* på Haiti i Karibia, som er ei blanding av fransk og afrikanske språk. Haitisk kreolsk har standardisert skriftspråk og er offisielt språk på Haiti.²²

Pidginspråk og kreolspråk er kontaktvarietetar der blandingsprodukta er ulike *språk*, som gjerne ikkje er gjensidig forståelege. På eit anna plan kan kontakt mellom ulike *dialektar* også resultere i ein ny varietet. Dialektkontakt kan utarte seg som møte mellom *to* eller *fleire* dialektale varietetar, og forholdet mellom dei kan vere prega både av symmetri og asymmetri.

²² <http://snl.no/kreolspråk> [henta 17.10.2012]

Dermed treng ikkje utfallet nødvendigvis å bli ein ny varietet (jf. Brit Mæhlum (2007)). Denne undersøkinga rettar seg mot såkalla *intensiv dialektkontakt* i eit meir eller mindre nyestablaert *migrantsamfunn*, der *mange* gjensidig forståelege varietetar innanfor eitt og same språk møttest og gjekk inn i kontinuerlege sosiale relasjonar med kvarandre. Ved denne typen dialektkontakt er det vanleg at ein ny varietet, ein koiné, utkrystalliserer seg (Mæhlum 2007: 94 og Solheim 2006: 66).

4.5.1 Koiné og koinéforming

Koiné er opphavleg gresk og tyder ”felles”. Omgrepet vart brukt som nemning på ein språkleg fellesvarietet som utvikla seg i det makedonsk-hellenistiske storriket frå 400-talet før v.t. Varieteten voks fram som ei følgje av kontakt mellom greske folkegrupper med ulike, men gjensidig forståelege dialektar. I ettertid har *koiné* blitt eit språkvitskapleg omgrep, brukt om skildringar av ulike typar språklege kompromissnormer (Kerswill 2002: 670, Mæhlum 2007: 94 og Solheim 2006: 68).

I faglitteraturen kan ein finne fleire definisjonar på koinéomgrepet. Peter Trudgill (1986: 107–108) definerer ein *koiné* som ”a historically mixed but synchronically stable dialect which contains elements from the different dialects that went into the mixture, as well as interdialect forms that were present in none”. *Koiné* viser altså til ein *stabilisert* varietet, og kjenneteikna av at han inneheld *element* frå dei ulike dialektane i tillegg til *interdialektale* kompromissformer. Også Jeff Siegel (1985: 363) definerer ein koiné med at det er noko *stabilisert*:

[...] a stabilized result of mixing linguistic subsystems such as regional or literary dialects. It usually serves as a lingua franca among speakers of the different contributing varieties and is characterized by a mixture of features of these varieties and most often by reduction or simplification in comparison.

Randi Neteland (2012: 2–3) har i eit vitskapsteoretisk innlegg teke til orde for at sjølv om ein koiné er uløyseleg knytt til *koinéformingsprosessen*, er det viktig å skilje mellom *produktet koiné* og *prosessen koinéforming*. Den utkrystalliserte koinéen er noko stabilt, medan koinéformingsprosessen er kjenneteikna av variasjon. Dette skiljet er viktig å framheve for denne undersøkinga. Eg undersøker årdalsmålet 65 år etter industriutbygginga tok til. Ein skulle derfor vente at mine funn viser til det *utkrystalliserte, stabiliserte* produktet av ein koinéformingsprosess. Definisjonane over, som gjer greie for kva som karakteriserer *produktet koiné*, gir derfor eit teoretisk utgangspunkt for å avgjere i kva grad ein kan karakterisere årdalsdialekten for ein koiné. Kva som kjenneteiknar koinéformingsprosessen,

er likevel relevant, fordi dette fortel oss kva språklege mekanismar som har ført fram til variasjonen vi ser i dag.

Koinéformingsprosessen deler ein til vanleg inn i tre fasar (Solheim 2006: 81–84 og Mæhlum 2007: 97). Desse tre fasane kallar Solheim (*ibid.*) for *kontaktfase*, *kaosfase* og *konsolideringsfase*. Omfanget og overgangen mellom dei tre vil vere avhengig av kor intensiv språkkontakten er, kven og kor mange som snakkar dei ulike varietetane og kor mange varietetar som er involverte. *Kontaktfasen* er når innflyttarane strøymer til ein særleg stad. I denne tida eksisterer mange varietetar side om side. Den neste fasen, *kaosfasen*, er kjenneteikna av eit språkleg ”kaos”, der ingen varietet enda har oppnådd ein slik posisjon at han står fram som ein felles lokal og kollektiv normeringsinstans. Denne fasen er typisk kjenneteikna av ”ekstrem variasjon, både intra- og interindividuelt” (Mæhlum 2007: 97). Den tredje fasen, *konsolideringsfasen*, er kjenneteikna av at ein ny dialekt, ein koiné, etter kvart utkristallisirer og stabiliserer seg, og blir den dominerande dialektnorma.

Dei tre fasane i koinéforminga kan ein typisk, men ikkje alltid, rekne som samanfallande med ulike generasjonar: *Kontaktfasen* kan ein rekne som samanfallande med tida når ”første generasjon” innflyttarar strøymer til, *kaosfasen* med tida når *barna av innflyttargenerasjonen* veks opp, og *konsolideringsfasen* med tida når *barnebarna til innflyttargenerasjonen* veks opp (Mæhlum 2007: 96 og Trudgill 1986: 96). Dette mønsteret viste seg i Randi Solheim (2006) si granskning av Høyanger. I hennar granskning utgjer informantane i ”Generasjon I” den første generasjonen av innbyggjarar i det nye industrisamfunnet, og desse fell saman med *kontaktfasen*. Til denne reknar ho både dei som allereie var fastbuande, og dei som kom flyttande i samband med industrialiseringa. Typisk for informantane i den første generasjonen var at dei heldt på kvar sine heimstadsdialektar, men på same tid byrja ei viss nivellering å gjere seg gjeldande (Solheim 2006: 271 og 2008: 3). Solheims ”Generasjon II” er barna av innflyttargenerasjonen og fell saman med *kaosfasen*. Talemålet til denne generasjonen var prega av heterogenitet og stor intra- og interindividuell variasjon, og foreldra var viktige normagentar. Solheims ”Generasjon III” fell saman med konsolideringsfasen, då ein ny og meir einsarta dialekt utkristalliserte seg, og då fleire lokale variantar vart revitaliserte. Talemålet til denne generasjonen vart meir homogent, og språklege skilnader vart jamna ut. Eit viktig poeng å ta med frå Høyanger er elles at ”også i dag [...] har informantar frå denne generasjonen [generasjon I] eit relativ einsarta talemål, og forskjellane er framleis tydelege om ein jamfører med det meir samansette talemålet i generasjon II” (Solheim 2006: 301).

Også Trudgill (1986: 95) refererer til Omdal si undersøking, der det viste seg at koinéformingsprosessen spegla seg i den synkrone variasjonen:

According to Omdal (1976, 1977), the current linguistic situation is that the oldest generation in Høyanger – those who for the most part moved into the town from outside – speak dialects that still to a considerable extent reflect the area of the country where they grew up. The second generation – those who were born to the original in-migrants or who came to Høyanger as young children and were brought up there in the 1920s and 1930s – still speak dialects which show to a certain extent the influence of their parents' regional dialects, with considerable variation between speakers. It is only the third generation, often the grandchildren of the original in-migrants, who speak a relatively unified and distinctive Høyanger dialect.

I mi undersøking svarer dei *eldre* informantane (f. 1920–1949) til ”generasjon I” (oppavlede fastbuande og innflyttarar), dei *midaldra* informantane (f. 1950–79) til ”generasjon II” (barn av oppavlede fastbuande og innflyttarar) og *dei yngre* informantane (f. e. 1980) til ”generasjon III” (barnebarn av oppavlede fastbuande og innflyttarar).

4.5.2 Majoritetsprinsippet og grunnleggarprinsippet

Solheim (2006: 79) karakteriserer koinéformingsprosessen som ein *språkleg forhandlingssituasjon*. Men kva eller kven er det som styrer forhandlingane og fokuseringsprosessen? Her vil drivkreftene som eg var inne på i 4.3, gjere seg gjeldande, men i tillegg eksisterer det to teoriar som ”predikerer” kva som styrer seleksjonsprosessen i koinéforminga: *majoritetsprinsippet* og *grunnleggarprinsippet*. Majoritetsprinsippet uttrykker at det relative numeriske forholdet mellom dei som snakkar dei ulike varietetane, har innverknad, altså at *dei det er flest av* i smeltegryta, er dei som får størst språkleg gjennomslagskraft (Mæhlum 2007: 98). Grunnleggarprinsippet uttrykker at det er *dei første innbyggjarane* i samfunnet som er dei sterkeste normagentane (*ibid.*). Brit Mæhlum (*ibid.*) er kritisk til å forstå koinéformingsprosessen berre ut frå det ho kallar ”tilnærma mekanistiske” årsaksforklaringar, og tek til orde for at faktorar som *status, prestisje, stigma* og *identitet* også er viktige styringsmekanismar.

4.5.3 Språklege endringsmekanismar i koinéforminga

Koinéformingsprosessen er kjenneteikna av mellombels språkleg kaos, men saman med kaoset er der visse språklege endringsmekanismar som har vist seg typiske i den språklege fokuseringsprosessen.

4.5.3.1 Nivellering

Nivellering, eller *utjamning*, går ut på at varietetane som kjem i kontakt med kvarandre, etter kvart misser delar av dei trekka som dei ikkje har til felles med dei andre varietetane.

Nivellering er det norske omgrepet for det Trudgill kallar *levelling*, og som han definerer som følgjer:

[...] the process whereby the number of variant pronunciations, words or grammatical forms that are present in the dialect mixture are reduced, as a result of *focusing* [...] to a smaller number of variants, usually one. Levelling usually takes the form of getting rid of forms which are used by only a minority of speakers or are in some other way unusual (1992: 48).

Her kan ein merke seg at Trudgill bruker majoritetsprinsippet som ei forklaring på kva som styrer nivelleringssprosessen. Randi Solheim (2006: 169–170) har i si avhandling argumentert for at *markerheit* også kan vere utgangspunkt for nivellering. Monoftongering av diftongen /au/ for gno. á forklarer ho mellom anna som nivellering av eit markert språkdrag som nokre av informantane hennar omtala som både komisk og stygt.

4.5.3.2 Forenkling

Forenkling går ut på at uregelmessige trekk i ein varietet fell bort til fordel for meir regelmessige. Trudgill sitt omgrep for dette er *simplification* og han definerer det som: "an increase in regularity in language variety, e.g. the regularization of irregular verbs. It also refers to phenomena such as the loss of grammatical gender, the loss of case endings, and an increase in lexical transparency [...]" (1992: 66). Kershwill og Trudgill (2005: 198) forklarer *grammatisk forenkling* som "a decrease in irregularity in morphology and an increase in invariable word forms, as well as the loss of categories such as gender, the loss of case marking, simplified morphophonemics (paradigmatic levelling), and a decrease in the number of phonemes". Døme på *forenkling* er altså at uregelmessige verb får regelmessig bøyingsmønster, eller at grammatisk kjønn, minoritetsformer og markerte former fell bort.

4.5.3.3 Reallokering

Reallokering vil seie at språktrekk får nye sosiale eller språklege funksjonar i ein ny språkleg kontekst (Solheim 2006: 78). Reallokering som følge av språk- og dialektkontakt kan til dømes gå føre seg ved at ein sjølv etter omfattande utjamningsprosesser står att med fleire parallelle variantar av den opphavlege språkblandinga. "I slike situasjonar kan [...] éin eller fleire av desse variantane bli tillagt innhald eller funksjonar som skil dei frå den opphavlege tydinga eller bruksmåten. På denne måten kan det bli rom for meir enn éin "sigrande" variant i den nye varieteten" (ibid).

4.5.3.4 Mellomformer og språklege kompromiss

Koinéformingsprosessen kan også føre til *mellomformer* og *språklege kompromiss*. Dette er språkformer som *sameiner* ulike variantar. I Høyanger oppstod det ei rekke språklege kompromiss, både på det fonologiske, morfologiske og leksikalske nivået. Desse har som regel utgangspunkt i lokale variantar, men er prega av dei spesifikke kontaktsituasjonane som ligg til grunn for høyangerdialekten, der austnorsk fekk relativt sterkt gjennomslag (Solheim 2006: 250–251). Døme på slike språklege kompromiss er at i ein forhandlingssituasjon der /gu:tane/ og /gutənə/ eksisterte side om side, vart /gutane/ ei mellomform og eit språkleg kompromiss.

4.6 Eit komparativt blikk på Høyanger

Som nemnt er det for denne undersøkinga relevant og interessant å trekke parallellar til Høyanger og Randi Solheim (2006) si granskning. I dette avsnittet vil eg presentere nokre overordna særdrag ved koinéforminga der, fordi dette kan vere eit nyttig ”bakteppe” for denne granskninga. Avsnitta under er baserte på Solheim (2008: 1–7).

Også i Høyanger kom storparten av innflyttarane frå Vestlandet: heile 70%, medan 17% av innbyggjarane kom frå Austlandet. Karakteristisk for koinéforminga i Høyanger er ifølgje Solheim at det søraustnorske talemålet fekk framståande posisjon og relativt stor gjennomslagskraft i den språklege forhandlingsprosessen ettersom mange austnorske trekk fekk innpass i den fokuserte dialekten. Solheim forklarer dette med at austnorsk vart opplevd som ei ”standard- og statusnorm” i samfunnet, og at dette overstyrte majoritets- og grunnleggprinsippet. I Høyanger utspelte dei språklege nivelleringsprosessane og dei språkege forhandlingane seg i eit rom mellom to språklege ytterpunkt: Mellom ”lokale/tradisjonelle dialektar” på den eine sida og ”standardnorsk austnorsk talemål” på den andre sida. Kompromissnorma som utkristalliserte seg, karakteriserer Solheim som ”ein vestnorsk dialekt med standardnære, austnorske innslag”.

Solheim fann vidare at det var først i generasjon II at store språklege forskjellar gjorde seg gjeldande. I denne generasjonen fann ho stor interindividuell variasjon. Dette illustrerer ho med informantane Peder og Inga. Peder har budd heile livet sitt i Høyanger og har eit talemål med eit ”svært tradisjonelt” preg. Inga også har budd i Høyanger heile livet, men snakkar eit ”standardnært sør-austnorsk talemål”. Den utslagsgivande skilnaden mellom dei to er *den sosiale bakgrunnen*. Peder har vore bonde og arbeidar på fabrikken, og Inga hadde foreldre frå Vestfold og Rogaland, og voks opp i Villabyen. Ei viktig årsak til dei store språklege

skilnadene og ytterpunktet i generasjon II er ifølgje Solheim at i kaosfasen fanst det ikkje nokon stabil dialekt som kunne overførast mellom generasjonane. Informantane i generasjon II fekk derfor eit talemål som var tydeleg prega av foreldra. Medan Peder og Inga er to ytterpunkt i generasjon II, finst det også andre språkrukarar med sine særeigne individuelle språkstrategiar, med ulike blandingsstrategiar og kompromissnormer. Og blant dei også språkbruksnormer som har tilpassa seg den moderne fokuserte høyangerdialekten. Ifølgje Solheim er ”språkbruksnormane sin sosiale bakgrunn og identitet, saman med sosiale forhold i det nye samfunnet” sentrale faktorar for å forstå dei individuelle språkvala (2008: 5).

Ifølgje Solheim er det ei rørsle som går att ved utviklinga til fleire språktrekk i Høyangersamfunnet: ”frå tydeleg austnorsk dominans i generasjon II, til fleire lokale variantar ved utkrystalliseringa av den nye dialekten i generasjon III” (2008: 6). Også etter det fokuserte språkstadiet har høyangerdialekten vidare blitt råka av dei same språklege utviklingstendensane som regionen elles, som ”standardisering og regionalisering” (ibid. 7). Solheim understrekar elles at ”koinéforminga må sjåast i lys av særdrag ved det spesifikke samfunnet” (ibid.: 5).

4.7 Presentasjon av dei sosiale variablane

Skal ein kartlegge språkleg variasjon og endring, gjeld det å velje ut *relevante* sosiale variablar som ein kan forvente gir utslag for språkleg variasjon i nett det samfunnet ein skal studere. Sosiale variablar som *alder og kjønn* er nokså ”klassiske” i sosiolingvistikken, medan andre sosiale variablar, t.d. særeigne sosiale grupperingar, kan vere spesielle for nett det samfunnet ein skal undersøke. I denne oppgåva undersøker eg variasjon i årdalsmålet i lys av tre sosiale variablar: *generasjon, kjønn* og *lokalgeografisk tilhøyrsla*.

4.7.1 Generasjon

Eg har valt *generasjon* som ein sosial variabel fordi eg ønsker å undersøke om koinéformingsprosessen speglar seg i den synkrone variasjonen til dei tre generasjonane. Språklege skilnader mellom generasjonane kan syne både synkron variasjon og endringar i tilsynelatande tid. Ved å bruke dei same alderskohortane som Bjørkum kan eg likevel undersøke endringar i verkeleg tid (og kontrollere for verkeleg historisk endring kontra livsfaseendring).

4.7.2 Kjønn

Fleire sosiolingvistiske granskningar har vist at det er skilnader i språkbruken til menn og kvinner (Sandøy 1996: 106 – 107 og Trudgill 2000: 64). Ifølgje Labov (2001: 279–280) har

tidlegare granskingar vist at kvinner har vore tidlegare ute med å bruke nye trekk enn menn. Likevel finst der også døme på det motsette, at menn har teke til seg visse nye trekk før kvinner. Dette gjeld m.a. Labov si undersøking på Martha's Vineyard, Trudgill si undersøking i Norwich, og Milroy og Milroy (1978) si undersøking i Belfast (Labov 2001: 284). Språkendringsmekanismane er derfor ikkje kopla til kjønnsforskjellar på ein klar og enkel måte (ibid., eiga omsetting).

Sjølv om språklege skilnader mellom menn og kvinner kan variere frå språksamfunn til språksamfunn, har eit vanleg mønster i norske undersøkingar vore at kvinner har brukt fleire prestisjeformer enn menn (Sandøy 1996: 106). Sandøy forklarer dette med at kvinner tradisjonelt har hatt ein mindre trygg sosial posisjon, og at fordi dei ikkje har markert sosial status gjennom eit yrke slik som mennene, har kvinner lagt meir vekt på språkleg markering av status enn menn (Sandøy 1996: 106–107). I nyare tettstader har tendensen vore at skilnad mellom kjønna er på veg inn hos dei yngre, medan dei eldre (dei som voks opp før tettstaden kom) ikkje viser forskjell mellom kjønna (ibid.).

Språkleg variasjon mellom kjønna må ein altså forstå i lys av dei sosiale tilhøva som har prega det aktuelle samfunnet. Både samfunnet generelt og årdalssamfunnet spesielt har forandra seg dei siste femti åra ved at fleire kvinner har blitt yrkesaktive. Ut frå det Sandøy skriv, skulle ein derfor vente at kvinner ikkje lenger har same motiv for språkleg markering av status, og at språkmønsteret derfor endrar seg i retning av at språklege forskjellar mellom kjønna blir utjamna (Sandøy 1996: 107). I tillegg kan ein tenke seg at talemålet til dei som har arbeidd på fabrikken, anten det er menn eller kvinner, har blitt farga av anten den heterogene språkfellesskapen, som kan ha ført til nivellering og språklege kompromiss, eller av ”bokmålspresset” som Erling Lægreid omtalte (jf. 2.4.1).

4.7.3 Lokalgeografisk tilhørsle

At eg valde *lokalgeografisk tilhørsle* som sosial variabel har bakgrunn i undersøkinga til Bjørkum. I den går det nemleg fram at tradisjonelle variantar heldt seg betre i Øvre Årdal enn på Årdalstangen. Fleire av informantane mine og andre årdølar eg prata med i forkant av undersøkinga, poengterte at ein *framleis* kan høyre forskjell på ein øvring og ein tanging. Likevel er det mykje som har endra seg sidan 1968, mellom anna er vegsambandet bygd ut, og innbyggjarane pendlar meir mellom dei to tettstadene. Det vil derfor vere interessant å sjå om der framleis er språklege skilnader mellom dei to lokalsamfunna i bygda.

4.7 Hypotesar

Eg vil teste ut fire hypotesar om språkleg variasjon og endring i årdalsmålet. Hypotesane er knytte til dei sosiale variablane, og formulerte på grunnlag av teori og tidlegare empiri (jf. Solheim 2006).

Hypotese 1: *Det har skjedd ein språkleg fokuseringsprosess i årdalsmålet sidan Bjørkum si undersøking*

Grunngiving: Bjørkum gjorde sitt innsamlingsarbeid i 1960–61. På denne tida var Årdal ein sosial og språkleg smeltedigel med ”stor og vedvarande tilflytting” (Bjørkum 1968: 217). Som vist i teorikapitlet kan samfunnsmessige omveltingar med stor tilflytting og vedvarande intensiv dialektkontakt føre til ein koinéformingsprosess. Det er derfor grunn til å tru at i løpet av dei 50 åra mellom Bjørkum si gransking og mi gransking har språkutviklinga i Årdal vore prega av ein koinéformingsprosess. Denne prosessen er kjenneteikna av ei utvikling frå ein diffus språksituasjon mot ei gradvis *fokusering* av talemålet gjennom *reduksjon* av tilgjengelege former (Solheim 2006: 68 og Trudgill 1986: 107).

Hypotese 2: *Den synkrone variasjonen i årdalsmålet i dag speglar dei tre fasane i koinéformingsprosessen slik*

- a) *Tradisjonelle variantar er meir utbreidde hos den eldste generasjonen enn hos dei to andre generasjonane*
- b) *Mellomgenerasjonen har meir intra- og interindividuell variasjon enn dei to andre generasjonane*
- c) *Den yngre generasjonen har meir fokusert og homogent talemål enn dei to andre generasjonane*

Grunngiving: Både Omdal (1977) og Solheim (2006) sine granskningar har vist at den synkrone variasjonen hos ulike generasjonar kan spegle koinéformingsprosessen.

Hypotese 3: *Kjønn gir ikkje utslag for språkleg variasjon i årdalsmålet*

Grunngiving: Kjønn som sosial variabel har gitt forskjellige utslag for variasjon i forskjellige samfunn (jf. 4.7.2). Ifølgje Sandøy (1996: 107) kan ein i nyare tettstader finne at mønsteret med skilnad mellom kjønna er på veg inn hos dei yngre, medan dei eldre ikkje viser forskjell mellom kjønna. Med denne hypotesen ønsker eg å kunne *bekrefte eller avkrefte kjønn* som utslagsgivande sosial variabel for språkleg variasjon i årdalsmålet.

Hypotese 4: *Det er språklege skilnader mellom øvringsar og tangingar*

Grunngjeving: Bjørkum (1968: 28) slår fast at han finn språklege skilnader mellom innbyggjarar frå Tangen og frå Øvre. Fleire av informantane mine meinte at der framleis er skilnader, medan andre meinte at det er *ikkje* er skilnader. Også for denne sosiale variabelen ønsker eg derfor å kunne anten bekrefte eller avkrefte lokalgeografisk tilhøyrslle som utslagsgivande for språkleg variasjon i årdalsmålet.

Hypotese 5: *Dei eldste ungdomsinformantane (på felles vidaregåande i Øvre Årdal, fødde 1993) har meir homogent språk enn dei yngste ungdomsinformantane (på kvar sine ungdomsskular på Årdalstangen og i Øvre Årdal, fødde 1996).*

Grunngiving: Dei eldste ungdomsinformantane går alle på vidaregåande skule i Øvre Årdal, medan dei yngre informantane går på ungdomsskule på sine respektive stader. Det kan vere interessant å sjå om samanslåinga av dei to ungdomsgruppene (som potensielt kvar for seg kan vere relativt homogene) på vidaregåande trinn viser ringverknader på talemålet. Gjert Kristoffersen (1980) si granskning av dialektutviklinga til skulelevar i Arendal, som viste at skulelevar får meir homogent språk ho lenger dei har gått på skule saman, kan gi grunn til å tru at informantane på vidaregåande (Y1) snakkar meir homogent enn informantane på ungdomstrinnet (Y2).

5 METODE

5.1 Innleiing

Metode har opphav i det greske *methodos* og tyder å 'følgje ein viss veg mot eit mål'. I vitskapen refererer det til korleis ein samlar inn, handsamar og analyserer data (Akselberg og Mæhlum 2006: 71–72). I denne undersøkinga har eg møtt metodiske vegkryss i alle fasane av arbeidet, frå rekruttering av informantar til handsaming av materialet og ikkje minst under analysen. Vel vitande om at vala ein gjer vil påverke resultata ein får, vil eg her gjere greie for og grunngi dei metodiske vala eg har gjort. Eg vil også avklare grunnleggande metodologiske omgrep og korleis denne granskinga vedrører desse.

5.2 Reliabilitet og validitet

Uansett vegval er det to krav ei kvar vitskapleg undersøking må innfri så godt som råd: krava om *reliabilitet* og *validitet*. *Reliabilitet* går ut på at datamaterialet blir samla inn nøyaktig, og at det ikkje snik seg inn feil i innsamlingsprosessen, medan *validitet* handlar om at datamaterialet er relevant for problemstillinga (Akselberg og Mæhlum. 2006: 73). I undersøkingar som denne legg reliabilitetskravet mellom anna føringar for *korleis ein gjennomfører forskingsintervju*, og at det *ikkje snik seg inn* feil når ein transkriberer, annoterer og reknar statistikk på materialet. Validitetskravet legg mellom anna føringar for *kven* ein kan velje ut som informantar, *korleis* ein vel dei ut, *kva type data* ein må samle inn, og at ein vel ut *relevante* språklege og sosiale variablar. I avsnitt 5.9 vil eg drøfte reliabilitet og validitet i denne oppgåva.

5.3 Kvantitativ og kvalitativ metode

Eit overordna skilje i metodologien går mellom *kvantitativ* og *kvalitativ* metode. Eitt tenleg utgangspunkt kan vere å sjå omgrepa som kontrastive, slik som m.a. Ottar Hellevik (1977: 8) gjer. Han forklarer kvantitative metodar som

[...] framgangsmåter der forskeren først systematisk skaffer seg sammenliknbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette tallmaterialet.

Kvalitative metodar forklarer han så som

[...] metoder der forskeren gjør en mindre systematisk [...] bruk av data for å besvare et empirisk spørsmål. Han baserer seg på sin evne til å leve seg inn i og oppfatte et mønster i det mangfoldet av sanseintrykk han mottar, i stedet for å trekke ut et begrenset antall aspekter ved helheten, og så måle og analysere dem ved hjelp av tall.

Kvantitativ metode er godt eigna viss ein ønsker å skaffe seg *oversikt* over eit fenomen gjennom *målbar*, *statistisk* informasjon ein kan *generalisere*, medan kvalitativ metode er godt eigna viss ein ønsker å få *djupare innsikt* i eit *avgrensa* fenomen. Overført til sosiolingvistikken forstår ein *kvantitative metodar* som metodar der ein operasjonaliserer og kvantifiserer uavhengige sosiale faktorar, og kvantifiserer avhengige språklege variablar, for så å gjere m.a. statistiske korrelasjonsstudiar mellom desse. *Kvalitative metodar* er metodar som i større grad fokuserer på å tolke og forstå *kvifor* vi får bestemte språklege realiseringar og språklege variasjonar, og som gjerne ser språkbrukaren og språklege realiseringar i ein større samansett kulturell samanheng (Akselberg 1997: 24-26).

Sjølv om der er skilnader mellom *kvantitativ* og *kvalitativ* metode, kan det vere problematisk å sjå dei som dikotomiske motsettingar. Eit vel så tenleg utgangspunkt er derfor det som Grønmo (1982: 73–107) har teke til orde for, nemleg at kvantitative og kvalitative tilnærmingar *ikkje* treng å stå i eit kontrastivt og konkurrerande forhold til kvarandre, men at dei heller er gjensidig komplementære. Eitt og same sosiale fenomen kan nemleg ha både kvantitative og kvalitative aspekt i seg, og dermed kan kvalitative forskingsopplegg ha innslag av kvantitative element, og omvendt kan kvantitative analysar også gjelde kvalitative forhold. I staden for å forstå *kvantitativ* og *kvalitativ* som to ulike *framgangsmåtar* bør ein ifølgje Grønmo heller forstå omgrepa ut frå *eigenskapane til dataa*. Metodiske framgangsmåtar kan derfor reknast som kvantitative eller kvalitative i den grad dei omfattar innsamling eller analyse av høvesvis kvantitative eller kvalitative data. I kva grad det er den eine eller andre metoden eller ein kombinasjon av begge ("metodetriangulering") som er mest høveleg, kviler i siste instans på kva fenomen ein skal undersøke, og kva problemstillinga spør etter. Denne undersøkinga har i hovudsak ei kvantitativ tilnærming ettersom eg kartlegg distribusjonen av utvalde lingvistiske variablar blant ulike generasjonar årdølar, men ho har òg ei supplerande kvalitativ tilnærming ettersom eg vil freiste å forstå og forklare kva som kan ha motivert eventuell endring og variasjon.

5.4 Synkroni og diakroni

På same tid som ei granskning *plasserer* seg i tid og rom, *rettar* ho seg mot tid og rom. *Synkroni* og *diakroni* er eit omgrepspark som refererer til sistnemnde, altså kva temporalt nedslagsfelt ei undersøking har. I *synkrone* studiar undersøker ein tilstanden til eit fenomen *på eit visst tidspunkt*, medan *diakrone* studiar undersøker korleis eit fenomen har utvikla seg *gjennom eit visst tidsrom*. Dei to perspektiva heng saman ved at "diakron endring produserer synkron variasjon, medan synkron variasjon leier vidare mot diakron endring" (Solheim 2006:

63). Ved å sjå desse perspektiva i samanheng, kan ein både få innblikk i pågående språkendringsprosessar *og* historisk endring over tid (ibid.). Denne undersøkinga har i hovudsak ei synkron tilnærming ettersom eg undersøker generasjonsskilnader i årdalsmålet *i dag*. Likevel har ho òg eit diakront perspektiv ettersom eg jamfører materialet mitt med Bjørkum si undersøking frå 1968. I tillegg gir generasjonsinndelinga *eo ipso* eit diakront perspektiv, ettersom ulike generasjonar kan representera ulike stadium i tilsynelatande tid.

5.5 Tilsynelatande tid og verkeleg tid

The observation of a change in a language [...] requires observations of two states of a language and a guarantee of some continuity between the two – an assurance that in some sense, these are two states of the *same* language (Labov 1994: 42).

Endring skjer over tid, og skal ein undersøke språkleg endring, kan ein gjere det anten i *tilsynelatande tid* eller i *verkeleg tid*. Granskingar i *tilsynelatande tid* går ut på å undersøke distribusjonen av lingvistiske variablar blant ulike aldersgrupper med det utgangspunktet at språkleg ulikskap mellom aldersgruppene er uttrykk for språklege endringar. Når ein gjer granskingar i *tilsynelatande tid*, forstår ein kvar generasjon som barn av si tid, og slik representerer dei ulike aldersgruppene ulike stadium i tid. Eit slikt utgangspunkt kan vere relevant når ein skal undersøke industrisamfunn som Årdal fordi raskt skiftande kulturgrunnlag gjer "[...] at kvar generasjon får eit sær preg og ei eiga referanseramme som skil dei ut frå dei føregåande generasjonane. Det gjeld også på det språklege nivået" (Solheim 2006: 125). Tilnærminga i denne undersøkinga er delvis motivert ut frå det som Solheim her skriv. På grunn av industriutbygginga i Årdal har dei tre generasjonane i denne undersøkinga vakse opp med forskjellige sosiale rammevilkår, og det blir derfor interessant å sjå om dette speglar seg i språkutviklinga.

Eitt problem som fort melder seg for granskingar i *tilsynelatande tid*, er at det kan vere vanskeleg å avgjere om språklege skilnader mellom aldersgruppene er uttrykk for *verkeleg historisk endring* eller *livsfaseendring*.²³ Penelope Eckert forklarer forskjellen mellom dei to med at *verkeleg historisk endring* ("historical change") er "change in the speech of the community as it moves through time", medan *livsfaseendring* ("age grading") er "change in the speech of the individual as he or she moves through life" (Eckert 1997: 153).

Ei alternativ tilnærming, der ein kan kontrollere for historisk endring versus livsfaseendring, er å gjere granskingar i *verkeleg tid*. Då observerer ein eitt og same språksamfunn på to

²³ Labov sine omgrep er respektivt *true change in progress* og *age-grading*. (Labov 1994: 46)

separate tidspunkt, anten ved å bruke dei same informantane på begge tidspunkta, såkalla *panelstudie*, eller ved å gjere eit tilsvarande utval i populasjonen som første undersøkinga, for slik å få *samanliknbare* informantar på dei to ulike tidspunkta (Labov 1994: 71–77).²⁴

I denne undersøkinga granskar eg endringar i *tilsynelatande tid* ettersom eg tek utgangspunkt i at ulikskapar mellom dei tre generasjonane er uttrykk for språkendring. Likevel har undersøkinga også eit verkeleg tid-perspektiv ettersom eg jamfører resultata mine med Bjørkum si undersøking. Ved å bruke dei same alderskohortane som Bjørkum, kan eg kontrollere om eventuelle endringar er *historisk endring* eller *livsfaseendring*.

5.6 Denne granskinga

I denne granskinga har makroperspektivet ("the community grammar") primær status, og blir empirisk utforska gjennom kvantifisering av språklege variablar korrelerte med utanomspråklege, sosiale kategoriar. I tillegg vil eg samanlikne mine funn med ei tidlegare gransking som Andreas Bjørkum gjorde tidleg på 60-talet. Bjørkum si gransking (1968) blir det diakrone utgangspunktet for å finne *endringar* som har skjedd.

5.6.1 Det diakrone utgangspunktet: *Årdalsmål hjå eldre og yngre* (1968) av Andreas Bjørkum

I 4.2.1.1 argumenterte eg for at Bjørkum si undersøking og mi undersøking plasserer seg i to forskjellige paradigme, høvesvis det dialektologiske og det sosiolingvistiske. Eg gav også uttrykk for at den primære intensjonen til både dialektologane og Bjørkum var å skildre talemålet gjennom "fullstendig" og grundig skildring av lydverk, formverk og ordtilfang. I undersøkinga til Bjørkum ligg likevel to av dei sosiale variablane som eg bruker, latente: *Generasjonsskilnad* er ein gjennomgåande sosial variabel i undersøkinga hans, då han skildrar korleis ulike språkdrag er distribuerte blant "eldregenerasjonen", "mellomgenerasjonen", dei "yngre" og dei "yngste". Også *lokalgeografisk tilhørsle* er ein sosial variabel som ligg latent i Bjørkum si undersøking, ettersom han fleire plassar refererer til skilnader mellom Øvre Årdal og Årdalstangen. Dette gjer det mogleg å jamføre undersøkingane våre når det gjeld

²⁴ Labov nemner her eit viktig etterhald, nemleg at dersom trendstudier skal gi meiningsfullt bilet av lingvistisk utvikling, må det vere ein føresetnad at språksamfunnet har halde seg meir eller mindre stabilt i perioden mellom dei ulike undersøkingane. Viss drastiske demografiske forandringar har skjedd, kan språkendringane vi observerar ha lite å gjøre med logikken til "linguistic change in progress". Det vi observerar då, er *ekstern* forandring i språket (Labov 1994: 76).

generasjonsskilnad og lokalgeografisk tilhørsle. Språklege skilnader mellom *kjønn* har eg derimot ikkje funne omtalte.²⁵

Ein annan merknad når det gjeld jamføring av dei to granskingane, er at eit av informantkrava til Bjørkum var at minst éin og helst begge foreldra måtte kome frå Årdal. Dermed er det anten få eller ingen av informantane til Bjørkum som har innflyttarforeldre eller er innflyttarar sjølv. Bjørkum sitt fokus er å skildre synkron variasjon i *årdalsmålet* og då med ei historisk forankring, heller enn å skildre synkron variasjon i *årdalssamfunnet* (som i 1960-åra trass alt var eit utprega innflyttarsamfunn). Vi må derfor ha i mente at den språklege variasjonen i Årdal på 1960-talet kan ha vore meir heterogen enn det som går fram av Bjørkum si undersøking. Likevel er granskinga hans ei verdifull kjelde for å få innsikt i dei diakrone utviklingslinene i årdalsmålet. Tabellen under viser ei oversikt over Bjørkum sine informantar og mine informantar.

Tabell 7: Bjørkums informantar og mine informantar

| Bjørkums informantar | | | Mine informantar | | |
|----------------------|-------------------------|------------|---------------------------------|-------------------------|--------------------|
| Fødd | Alder ved innsamling | Generasjon | Fødd | Alder ved innsamling | Generasjon |
| Før 1900 | 61– | Eldste | | | |
| 1900–1930 | 31–61 | Mellom | | | |
| 1930–1950 | 11–31 | Yngre | 1920–1949 | 62–91 | Eldre |
| Etter 1950 | 0–11 | Yngst | 1950–1979 | 32–61 | Midaldra |
| | | | (Etter 1980) 1993–94 1996 | (0–31) 17–18 15 | Yngre 1 Yngre 2 |

I nyinnsamlinga var *Språkutvikling på industristader* medvitne på å bruke alderskohortar som kunne la seg jamføre med Bjørkum si undersøking, slik at vi kunne kontrollere for endringar i verkeleg tid kontra livsfaseendring. I begge granskingane er dei ”eldre” personar over 60 år. Dei midaldra (som Bjørkum kallar ”mellomgenerasjonen”) er personar mellom 30 og 60 år. Dei ”yngre” informantane til Bjørkum var mellom 11 og 31 år og dei ”yngste” opp til 11 år. Sidan både Neteland og eg valde ut ungdomsinformantar frå skulen, er dei ”yngre” i nyinnsamlinga mellom 15 og 18 år. Vidare svarer dei *eldre* informantane i nyinnsamlinga til

²⁵ Bjørkum refererer ofte til enkeltinformantar med formuleringar som at ”NN seier ...” osb. På denne måten omtaler han språkbruk både hos kvinner og menn, men dette er sporadiske merknader og ikkje merknader som lèt seg jamføre med *kjønn* som sosial variabel i mi undersøking.

informantane som var ”yngre” i Bjørkum si undersøking, og dei *midaldra* informantane i nyinnsamlinga svarer til informantane som var ”yngst” i Bjørkum si undersøking.

5.6.2 Nyinnsamlinga

Når eg starta på masterprosjektet mitt, var utgangspunktet at *Språkutvikling på industristader* hadde ei stor mengd talemålsdata frå Årdal. Dette materialet var sett saman av eldre lydopptak, skriftlege kjelder, film- og tv-klipp og ei nyinnsamling frå mai 2011. Løysinga vart at eg valde å bruke delar av materialet frå nyinnsamlinga i mai 2011 i tillegg til å gjere ei supplerande innsamling sjølv.

Randi Neteland gjorde nyinnsamling for prosjektet i mai 2011. På denne tida var eg sjølv midt i ein eksamensperiode og hadde derfor ikkje moglegheit til å vere med i meir enn to dagar. Sjølv om dette var relativt lita tid, fekk eg likevel med meg mykje nyttig. Mellom anna var eg med på to intervju for å få sjå korleis dei gjekk føre seg. Eg var også med på besøk til ein skuleklasse på vidaregåande der vi gjennomførte ei spørjeundersøking. I tillegg fekk eg ei omvising i bygda, og sist, men ikkje minst var eg med på kulturkveld i Seimsdalen, der tema for kvelden var ”Årdalsdialekten”. Her heldt Neteland innlegg, og tilhøyrarane kom sjølve med mange innspel og tips om tema og språkdrag som prosjektet kunne undersøke. Sjølv om innsamlinga i mai 2011 i hovudsak vart ein orienteringstur for min del, fekk ho nytteverdi fordi eg fekk betre kjennskap til – og nye perspektiv på – staden, språket og folket. I tillegg fekk eg sjå korleis Neteland hadde gjennomført si innsamling

Motivet for å gjere mi eiga innsamling var todelt. For det første måtte eg supplere informantutvalet slik at det passa til nett det eg ville undersøke. For det andre er feltarbeidet ein viktig fase i den hermeneutiske prosessen som ei sosiolinguistisk gransking er. I feltarbeidet får ein mykje relevant informasjon også *utanom* det ein får fanga på band. Som eit døme på dette vil eg trekke fram stunda eg fekk med fleire av informantane før og etter sjølve intervjuet. I så godt som alle intervjuia med mellomgenerasjonen vart vi sittande igjen og snakke om tema som gav nyttige perspektiv og meir heilskapleg forståing av årdølane og bygda deira. Dette var nyttig å ha med seg i etterarbeidet.

Løysinga med å bruke materiale frå to innsamlingar gav både fordelar og utfordringar. Ein fordel var at eg fekk eit relativt stort informantutval. Ei utfordring var at eg måtte vere nøyen på at materialet eg samla inn kunne la seg jamføre med det som allereie var samla inn. Ulike

metodar i to studiar av same lingvistiske trekk kan gi forskjellig resultat²⁶, så for å sikre at eg kunne jamføre materialet fra dei to innsamlingane, brukte eg dei same informantkrava som Neteland og den same rekrutteringsmetoden. I tillegg utarbeidde eg min eigen samtalegaid med utgangspunkt i den som Neteland hadde brukt, slik at intervjuet skulle bli mest mogleg like. Likevel måtte eg gjere nokre tilpassingar for å få materiale til det som var *mine* forskingsspørsmål. Eg supplerte derfor gaiden med ekstra spørsmål som gjaldt tilhøve mellom Tangen og Øvre. I tillegg til å jamføre intervjugaidane prøvde eg å gjennomføre intervjuet på same måte som Neteland hadde gjort, slik at opptaka vart gjorde under mest mogleg like forhold.

5.6.3 Materialet sin storleik (nyinnsamlinga)

Det nyinnsamla materialet består av talemålsdata fra trettito informantar fordelt over tre generasjonar, med lik fordeling mellom kjønn og lik fordeling mellom tangeringar og øvringer. I den yngste generasjonen har eg seksten informantar, og i mellomgenerasjonen og den eldste generasjonen har eg åtte informantar.

Informantutvalet fordelt etter alder, kjønn og lokalgeografi

| | Årdalstangen | | Øvre Årdal | |
|------------------------------------|--------------|---|------------|---|
| | M | K | M | K |
| Eldste generasjon (f. 1920 – 1949) | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Mellomgenerasjon (f. 1950 – 1979) | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Yngste generasjon 1 (f. 1993) | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Yngste generasjon 2 (f. 1996) | 2 | 2 | 2 | 2 |

M = Menn K = Kvinner

Årsaka til at det er fleire informantar i den yngste generasjonen enn dei to andre, er at Årdal har *to* ungdomsskular (ein på Årdalstangen og ein i Øvre Årdal) og *ein* vidaregåande skule (i Øvre Årdal). Konsekvensane av dette er at det sosiale nettverket er annleis når ungdommane går på ungdomsskulen enn på vidaregåande. Dette gjekk mellom anna fram av kartleggingsskjema vi gjennomførte i klassane. Her svarte dei fleste ungdomsskuleelevarne at dei hadde flest venner frå sine respektive område, medan fleire av elevane på vidaregåande

²⁶ Det er med dét ikkje sagt at slike undersøkingar er usamanliknbare, men at dei synleggjer ulike nyansar ved eitt og same fenomen

hadde ”både tangingar og øvringer” i vennekretsen. Det vart derfor interessant å få talemålsdata frå ungdomsinformantane både *før* og *etter* dei var begynte på vidaregåande.

5.6.4 Definering av språksamfunnet og informantkrav

Kven ein skal rekne som ”gyldige” informantar, og kven ein må ekskludere frå undersøkinga, er ei viktig avgjerd fordi det har konsekvensar for validiteten til datamaterialet. Ønsker ein å undersøke *ein bestemt varietet* i eit bestemt språksamfunn, må informantane vere personar som snakkar nett den varieteten. Ønsker ein å undersøke *ulike varietetar* i det same språksamfunnet, må informantkrava vere andre. Til denne undersøkinga var eg interessert i talemålsdata frå *språkbrukarar i Årdal kommune*, nærmare bestemt *frå Øvre Årdal* og *Årdalstangen*. Seimsdalen, som ligg fire kilometer vest for Årdalstangen, har eg rekna med til området ”Årdalstangen”. *Store norske leksikon* karakteriserer Seimsdalen som ein eigen tettstad, men på grunn av den korte avstanden og fordi seimsdølane eg snakka med, sjølve definerte seg som tangingar, har eg rekna Seimsdalen og Årdalstangen som eitt. Innbyggjarane i Seimsdalen går også på skule på Årdalstangen. Når det gjeld *informantkrava*, har eg brukt dei same krava som Neteland brukte i mai. På generell basis kan dei legitimerast ut frå at det er *det fokuserte årdalsmålet* eg har ønskt å undersøke, og ikkje andre varietetar. Ikkje minst var det også viktig at materialet frå dei to innsamlingane kunne jamførast.

Informantkrav 1: Informanten må ha budd i granskingsområdet frå seksårsalderen

Dette kravet er grunna på teoriar om språkinnlæring og akkommadasjon og skal sikre at informanten høyrer til det språksamfunnet eg undersøker. I tillegg ekskluderer dette kravet tilflyttarar som potensielt snakkar ein annan varietet. Ifølgje m.a. Trudgill (1986: 34) er det nær samanheng mellom kor gamal ein person er når han flyttar til eit nytt område, og i kva grad han akkommoderer til den nye varieteten. I faglitteraturen varierer det noko kva ein har rekna som ”kritisk” aldersgrense når det gjeld grad av akkommadasjon til ein ny varietet. T.d. argumenterer Labov (1972) for at barn yngre enn åtte år med stor sikkerheit ser ut til å akkommodere fullstendig, medan Payne sine studiar har vist at sjølv åtteåringar kan vere for gamle til å akkommodere fullstendig (”long-term accomodation”) (Trudgill 1986: 34).

Informantkrav 2: Informanten må ikkje ha budd lenge borte frå bygda

Også dette kravet er forankra i eit ønske om at informanten ikkje skulle snakke ein anna varietet enn årdalsmålet. Riktig nok er ”lenge” er eit relativt omgrep, men her vart grensa sett til cirka åtte år for ikkje å ekskludere dei som har budd borte på grunn av utdanning eller liknande.

Fleire sosiolingvistiske undersøkingar har sett krav om at ein eller begge foreldra må vere frå same området som ein undersøker. Dette var også eit av krava til Bjørkum. Industristadprosjektet sette *ikkje* krav til foreldrebakgrunn, og det hovudsakleg av to omsyn: For det første er årdalssamfunnet kjenneteikna ved at det var, og har vore eit innflyttarsamfunn, og for det andre kan det vere interessant å sjå om foreldrebakgrunn ser ut til å ha innverknad på informantane sitt talemål.²⁷

5.7 Framgangsmåte for utval

Kven ein vel ut som informantar, og korleis ein gjer det er fundamentale metodiske val fordi desse vala styrer kva datamateriale ein får – og følgjeleg kva svar ein får på undersøkinga, og i kva grad ein kan generalisere resultata. Det finst ulike prosedyrar for å velje ut informantar. Vanlege metodar i sosiolingvistikken er *tilfeldig utval*, *etnografisk metode*, *sosial nettverksteori* og *stratifisert tilfeldig utval* (Tagliamonte 2006: 17–28). Kvar og ein av desse metodane har sine føremonar og ulemper, og følgjeleg passar dei ulikt til ulike undersøkingar. Eg vil her ikkje gå inn på kvar enkelt av dei, men gjere greie for prinsipp og prosedyre som har styrt utvalet i denne undersøkinga.

5.7.1 Den yngste generasjonen

Dei seksten informantane i den yngste generasjonen vart rekrutterte i samarbeid med skulane i Årdal. Åtte vart rekruttere frå Årdal vidaregåande skule (fire tanger og fire øvringer). Desse vart intervjua i mai 2011. Dei åtte andre vart rekruttere frå høvesvis Tangen ungdomsskule (4 stykke) og Farnes ungdomsskule (4 stykke). Desse vart intervjua i november 2011.

Neteland og eg følgde same prosedyre og valde ut ungdomsinformantane ved *tilfeldig utval*. Vi drog først på vitjing til klassane og fekk elevane til å fylle ut eit kartleggingsskjema for å hente relevant bakgrunnsinformasjon (vedlegg 3). På bakgrunn av desse skjemaa ekskluderte vi dei som ikkje fylte informantkrava, og gjorde så eit tilfeldig utval. I Neteland si uttrekning var det flaks at det vart lik fordeling mellom kjønna, og eit strategisk val at det var lik fordeling mellom tanger og øvringer. Fordi ho ønskte lik fordeling mellom tanger og øvringer, sorterte ho dei først etter lokalgeografisk tilhørsle før ho trekte ut fire informantar frå kvar. I mi uttrekning kom fordelinga mellom tanger og øvringer av seg sjølv sidan eg

²⁷ Merk her at *foreldrebakgrunn* ikkje er ein eigen sosial variabel, men at det blir snakk om å sjå språkbruken i lys av bakgrunnsinformasjon om den enkelte informanten.

besøkte begge dei to ungdomsskulane. Fordi eg ønskte lik fordeling mellom kjønna, sorterte eg dei først etter kjønn, og trekte så ut to gutter og to jenter frå begge skulane. På Tangen ungdomsskule var der ein skuleklasse, men på Farnes i Øvre Årdal var der to skuleklassar. På denne skulen trekte eg derfor først ut ein av klassane og så to gutter og to jenter frå denne klassen. Sidan elevane på ungdomstrinnet var under atten år, delte eg også ut informasjon og ei samtykkeerklæring som føresette måtte skrive under på. Lærarane samla inn desse og tok vare på dei til eg kom att for å gjere intervju. Fordelen med å rekruttere informantar etter tilfeldig utval er at utvalet blir *representativt* i den forstand at alle har like stor sjanse til å bli trekte ut, og at ein unngår feilkjelder som at utvalet blir styrt av forskaren sine medvitne eller umedvitne preferansar.

5.7.2 Dei midaldra og dei eldre

To av dei midaldra informantane i mi undersøking vart intervjuet i mai 2011. Resten (6 stykke) rekrutterte eg sjølv og gjennomførte intervju i november / desember 2011. Alle informantane i den eldste generasjonen vart intervjuet i mai 2011.

Dei midaldra og dei eldre informantane vart ikkje trekte ut gjennom tilfeldig utval, men gjennom metoden *ven av ein ven*. Dette er ein metode som er kjend frå Milroy (1980) sin sosiale nettverksteori, og går ut på at forskaren, som blir rekna som ein ”utanforståande”, bruker ein medlem i språksamfunnet som ”mellommann” til å kome i kontakt med informantar. Ein fordel med denne metoden er at forskaren blir involvert som ein legitim deltagar i språksamfunnet i kraft av å vere ”ven av ein ven”: ”Using the ‘friend of a friend’ approach also means that the researcher becomes enmeshed in exchange and obligation relationships as well. In other words, the fieldworker becomes part of the community – an observer who is also a participant” (Tagliamonte 2006: 22). Gjennom ”ven av ein ven”-metoden kan forholdet mellom forskaren og informanten bli ”avvæpna” og mindre formelt. Dette kan igjen styrke validiteten til datamaterialet fordi det reduserer utfordringane knytte til ”the observer’s paradox” og det å fange ”the vernacular” (meir om dette i 5.9.1).

Ei innvending mot å rekruttere informantar gjennom *ven av ein ven* er at informantutvalet ikkje er tilfeldig utvælt og ikkje representativt for heile populasjonen, og at ein derfor ikkje kan generalisere resultata. Akselberg og Mæhlum (2006: 76–77) skriv nemleg at ei ”ideell” kvantitativ undersøking gjerne vil legge vekt på å få eit mest mogleg *representativt* utval med informantar der personane som blir valde ut er meint til å fungere som en slags miniatyrkopi av språksamfunnet. Med eit slikt utgangspunkt kan ein generalisere resultata og rekne dei som

gyldige for ei større befolkningsgruppe. Å bruke ”ven av ein ven”-metoden var likevel grundig gjennomtenkt av Industristadprosjektet. Fordi industrisamfunn og koinéformingsprosessen typisk er kjenneteikna av språkleg heterogenitet, var det viktig for prosjektet å fange opp ulike nyansar av språkbrukarar i denne typen samfunn. For som Tagliamonte (2006: 28) skriv: ”Whereas random survey methods ensure representativeness of the sample, a social network approach goes a long way towards mitigating the observer’s paradox and reaching the right people.” Prosjektet sitt utgangspunkt var at det ønskte at informantar med ulike roller, ulike yrke og med ulik tilknyting til samfunnet og til industrien skulle vere representerte. For å kome i kontakt med desse var det gunstig å bruke kontaktar i lokalsamfunnet. Ei anna innvending mot denne rekrutteringsmetoden kan vere at ”mellommannen” potensielt introduserer forskaren for informantar som han eller ho trur er *gode* representantar for lokalsamfunnet, som snakkar *skikkeleg dialekt* og gjer seg godt på band. Kontaktane til Industristadprosjektet fekk derfor klare instruksar om kva som var målet med undersøkinga, og kva type personar vi ville snakke med. I siste instans var det prosjektet som vurderte og valde informantar. Når eg rekrutterte informantar frå mellomgenerasjonen, gjorde eg dette ut frå ei liste som prosjektet hadde over informantar som ikkje vart intervjua då Neteland gjorde sitt feltarbeid, men som likevel var ”godkjende” informantar.

5.8 Utfordringar under feltarbeidet

Når ein driv feltarbeid, kan ein møte på krysspress mellom vitskaplege krav og kva som lèt seg praktisk realisere. Ei slik utfordring, som fleire undersøkingar har referert til,²⁸ er at informantar i ungdomsalderen kan vere fåmælte og utfordrande å få i prat. Årsakene til dette kan vere fleire – mellom anna kan mikrofonar og bandopptakar vere skremmande instrument, og kanskje føler ungdommane at dei er med på eit intervju heller enn ein samtale, og at dei må svare godt for seg.

Ei ulempe med fåmælte informantar er at ein risikerer få belegg på det ein vil undersøke. Etter eg hadde gjort eit tilfeldig utval, rådførte eg meg derfor med lærarane om det var tenkeleg at nokre av informantane kunne ha problem med å bli intervjua, eller om para eg hadde trekt, ut ikkje ville fungere godt saman. Neteland gjorde det same, men ingen av oss møtte på nokre problem her. Eit slikt grep kan ein kritisere med at ein rangerer språkbrukarar som meir eller mindre gode alt etter kor pratsame dei er, og at ein vel ut dei

²⁸ Etter samtale med masterstudent Maria-Rosa R. Doublet som gjennomførte mange intervju av ungdomsskuleelevar i Bergen for *Dialektendringsprosesser* ved UiB.

som ”gjer seg godt på band”. Det er lite legitimt å velje ut informantar *fordi dei er pratsame*, og eg understreka derfor til lærarane at lista med tilfeldig utval måtte vere øvste instans. Likevel er eit utfall der ein ikkje har nok belegg til undersøkinga mindre heldig enn risikoen for at ein har intervjuat idealtypiske informantar. Rettesnora må derfor vere at ein må halde seg til det opphavlege utvalet så godt som råd, men at ein også må ta praktiske avgjerder om det trengst. I mi innsamling var det *fire* situasjonar der eg følte det nødvendig å gjere slike praktiske val.

Den første gongen var då eg skulle gjere intervju på eine ungdomsskulen. Då viste det seg nemleg at eine informanten eg hadde trekt ut, hadde ekstraundersvisning nett den dagen på grunn av ein tentamen som var rett rundt hjørnet. Eg vurderte det som uheldig å trekke eleven ut av ekstraundervisninga, og valde derfor ut neste person på lista.

Den andre utfordringa var då eg skulle gjere intervju med ein informant i mellomgenerasjonen. Denne informanten hadde ikkje funne ein makker å ha med i intervjuasjoner, men eg valde likevel å gjennomføre intervjuet. Dette fordi utgangspunktet før dette intervjuet var at eg berre trond talemålsdata frå denne eine personen for å fylle opp informantcella, og at makkeren i utgangspunktet skulle vere med for at årdølane skulle vere i fleirtal, og slik at intervjuet vart gjennomført på nett same måte som dei andre. I denne situasjonen vurderte eg det som legitimt å gjennomføre intervjuet fordi 1) *intervjuaren* min var årdøl og årdølane ville framleis vere i fleirtal, og 2) fordi eg på dette tidspunktet berre trond talemålsdata frå denne informanten.

Den tredje situasjonen, som kanskje var den mest utfordrande, var at eg fekk svært ulik respons frå dei to ungdomsskulane på kor mange elevar som kunne tenke seg å vere med. På den eine ungdomsskulen fekk eg positivt svar frå omrent alle elevane, men på den andre skulen var det eit fåtal som ville vere med. Årsakene kan ha vore fleire. Kanskje lukkast eg ikkje med å engasjere og motivere elevane nok til å vere med, men eg prøvde etter beste evne å ufarleggjere opplegget og gjennomføre rekrutteringa på nett same måte på dei to skulane. På skulen der det var låg respons, hadde lærarane til og med sendt ut påminning til både elevane og føresette. Det som etter kvart viste seg å vere ei årsak, var at elevane på denne skulen nett hadde vore med på to andre undersøkingar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane i tillegg til at dei hadde lærarstudentar i praksis på denne tida som også gjorde undersøkingar. Signala var, fortalte lærarane, at elevane rett og slett var leie av å vere med på undersøkingar. Konsekvensane vart derfor at eg måtte eit godt stykke ned på lista med det

tilfeldige utvalet. Dette var ikkje ideelt, men ein kan ikkje tvinge folk, og det ville heller ikkje ha vore vellukka å intervju elevar som ikkje var motiverte for det.

Ei anna utfordring som eg møtte på var at ein informant som eg hadde rekruttert, måtte be om ny avtale tre gongar. Det eine intervjuet måtte eg derfor utsette fleire gongar. Sjølv om eg arbeidde med andre ting i mellomtida, var ikkje dette ideelt fordi feltarbeidet strekte ut i tid. På det tredje forsøket, fekk eg beskjed om at det beste var viss eg fann nokre andre. Eg fekk rekruttert nokre nye, men det siste intervjuet vart med dette utsett heilt til midten av desember.

5.9 Det sosiolinguistiske forskingsintervjuet

Intervjuet har tradisjonelt vore den mest vanlege tilnærminga for datainnsamling i sosiolinguistikken (Milroy og Gordon 2006: 57). Steinar Kvale definerer *forskinsintervjuet* som ”en samtale, der har en struktur og et formål” (Kvale 2004: 19). Intensjonen min var å undersøke årdalsdialekten slik han blir snakka i den naturlege daglegtalen blant ulike generasjoner tangeringar og øvringer, og samstundes få innsikt i den sosiale og kulturelle konteksten som har påverka språkbrukarane.

5.9.1 Utfordringar: ”the vernacular”, ”observer’s paradox” og frekvens.

Språkbruk er kontekstavhengig. Ei kjend utfordring i sosiolinguistiske forskingsintervju er krysspisset mellom det som er *målet* for aktiviteten: *naturleg tale* (”the vernacular”) og det som er *konteksten* for aktiviteten: *observasjon*. Dette problemet formulerte Labov med ”the observer’s paradox”: ”The aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain these data by systematic observation” (Labov 1972: 209).

Ut frå akkommodasjonsteorien veit ein at menneske vel språklege strategiar som kan signalisere anten *konvergens* eller *divergens* med omgivnadane. I intervjuasjonar kan ”naturleg tale” fort bli erstatta av ein meir formell stil, til dømes viss informanten er medviten på at språket hans er under lupa og/eller viss han opplever situasjonen som formell eller føler han må gjere seg forstått. Det er derfor viktig å redusere det formelle ved intervjuasjonen og legge forholda til rette slik at informantane ikkje endrar språket sitt.²⁹

²⁹ Det finst fleire definisjonar på kva ’naturleg tale’ er. T.d. har Labov definert det som ”the style in which the minimum attention is given to the monitoring of speech”, Sankoff som ”every day speech”, Milroy som ”real

Ifølgje Labov kan løysingar på dette problemet vere at ein supplerer det formelle intervjuet med *andre data*, til dømes data frå ei spørjeundersøking. Eit anna grep er å *endre strukturen i intervjusituasjonen* ved å leie informanten si merksemd bort frå medviten tale slik at den naturlege talen kjem fram. Det kan ein t.d. gjere ved å spørje informanten om tema som vekker sterke kjensler. Likevel er det ikkje alltid slike grep gjer nytten, og ei anna løysing kan derfor vere å bruke ”ein likemann”, altså intervjuet informantar saman. Ifølgje Labov (1972: 210) har dette verdi fordi ein styrer unna ein-mot-ein-konfrontasjon mellom intervjuar og informant. Alle informantane i denne undersøkinga vart intervjuet saman med ”ein likemann”. Informantane i mellom- og eldregenerasjonen vart bedne om å ta med seg ein venn, slekting eller annan kjenning som òg fylte informantkrava våre, medan ungdomsinformantane kjende kvarandre som klassekameratar.

Ei utfordring ved å samle talemålsdata gjennom intervju er at visse språklege variablar er *mindre frekvente* enn andre i naturleg tale. Dette kan føre til at ein ikkje får nok belegg på ein språkleg variabel til å kunne generalisere eller systematisere distribusjonen. Få belegg er ikkje ønskeleg, og ein må derfor prøve å skaffe nok empiri til å underbygge påstandane sine. Få belegg treng likevel ikkje å gjere variabelen uinteressant, men ein må vere varsam med kva ein påstår. I denne undersøkinga rekna eg med at V3 (personleg pronomen 2.person eintal objektsform: *deg*), V4 (personleg pronomen 2. person fleirtal subjektsform: *de*) og V7 (vokalrealisering /ɔ/ eller /ø/ av gno. *iø* og kort ø) ville vere relativt lågfrekvente variablar. For å framprovosere desse laga eg derfor ein biletlik som eg gjennomførte dei ti siste minutta i kvart intervju (sjå vedlegg 7). Leiken gjekk ut på at informantane fekk utdelt kvar si teikning. Teikningane hadde eg med vilje laga litt merkelege for å avvæpne situasjonen. Teikningane var omrent identiske, med unntak av eit par detaljar som var ulike. Informantane skulle så samarbeide og finne detaljane som var ulike. Eg håpa med dette mellom anna å framprovosere ”hos *meg*” og ”hos *deg*”, men formuleringane vart heller ”*på min teikning*” og ”*på din teikning*”. Forutan dette fungerte leiken som eg hadde håpa. I tillegg til å framprovosere variantar, hjelpte han også med å syne kva som *ikkje* varierte, og som eg kunne utelukke. Mellom anna nemner både Amund B. Larsen (1926: 52) og Bjørkum (1968: 25) at det finst døme på delabialisering av *y > i* i indresognsmål og at det er vanleg at andre indresogningar hermer etter lærðolar med dette språkdraget. Bjørkum skriv at ingen i Årdal

language in use” og Poplack som “spontaneous speech reserved for intimate or casual situations” (alle siterte i Tagliamonte 2006: 8).

bruker desse formene no lenger, men eg ville teste dette ut som ein potensiell variabel. Derfor har teikninga mellom anna ei *ku* (anten /ku:/ eller /çcy:r/ eller /çci:r/) som *sykla* /²sykla/ eller /²sikla/ på ein rar *sykkel* (/sykεl/ eller /sikεl/). Eg fann ingen døme på delabialisering, og utelukka derfor dette som ein variabel eg ville undersøke nærmare.

Når det gjeld biletleiken, kunne ein forvente at informantane forstod kva eg var ute etter, og at det derfor var fare for at dei ville hyperkorrigere språkbruken sin. I utgangspunktet var eg derfor tenkt å handsame dataa frå denne delen av intervjuet for seg sjølv. Det som likevel viste seg, var at leiken vekte overraskande mykje engasjement og så godt som alle såg ut til å ”gløyme seg” når dei samarbeidde. To av ungdomsinformantane ville ikkje gi seg før dei fann siste feilen, og biletteiken fekk dei til å prate meir enn dei hadde gjort tidlegare i intervjuet. Fleire av informantane spurde også i etterkant kva som var meiningsa med leiken. Dette kan tyde på at dei ikkje forstod nett kva eg var ute etter. Eg har derfor analysert talemålsdataa frå biletteiken på lik line med resten av materialet. Eg trur mykje av grunnen kan vere at teikninga var merkeleg og litt morosam, og at informantane følte det var lite høgtideleg.

5.9.2 Intervjuaren som samtalepartnar

Sidan eg sjølv ikkje er årdøl, fekk eg nokon som hadde same dialekt som informantane til å stå for samtalens. Dette var for å unngå at informantane skulle endre språket sitt for å gjere seg forstått. Det mest ideelle hadde her vore om eg fekk tak i dei same personane som gjorde intervju for Neteland i mai 2011, men det lét seg ikkje gjøre. Den eine var flytta til ein annan by, og den andre måtte prioritere andre oppgåver i den perioden eg måtte gjennomføre feltarbeidet.

Å finne nokon til å gjøre intervju vart ei større utfordring enn eg hadde trudd på førehand. I september fekk eg likevel napp hos ein lærarstudent som ville ta på seg jobben. Han pendla dagleg mellom heimen i Årdal og skulen i Sogndal, noko som gjorde at vi måtte gjennomføre feltarbeidet slik det passa med skuledagane hans. Vi intervjuar derfor ungdommane på dagtid to dagar kor han hadde fri, og mellomgenerasjonen på ettermiddagar etter skuletid. Alle intervjuar var i boks i slutten av november, utanom det som eg måtte utsette til desember. Ein fordel med å bruke ein intervjuar som også var ”ein likemann”, var at han hadde mykje lokalkunnskap og erfaringar til felles med informantane. Dette trur eg bidrog til at informantane følte seg trygge, og at *årdølane* i intervjuet vart ein fellesskap. Mi rolle i intervjuasjoner følte eg vart som ein ”lærevilleg utanforståande”. Dette var fruktbart fordi

eg kunne spørje dei om tilhøve ved staden og samfunnet som var ”sjølvsagde” for årdølane, men ikkje for meg.

5.9.3 Strukturen i samtalane

Successfull interviewing requires careful planning. While the goal may be to engage the subject in free conversation, the interview situation is very different from the spontaneous discussion that might arise among friends. Most importantly here, the responsibility for keeping the conversation going rests with the interviewer who manages the discussion by asking questions. For this reason, it is essential to have a prepared list of topics that will generate talk in each interview (Milroy og Gordon 2006: 58).

Målet med intervjuet var å samle uformelle og spontane talemålsdata, men som Milroy og Gordon poengterer, kan den uformelle og ustukturerte konteksten krevje strukturerete førebuingar. Som tidlegare nemnt utarbeidde eg ein *samtalegaid* med utgangspunkt i den som Neteland hadde brukt i sine intervju, men gjorde modifikasjonar slik at eg skulle få materiale til det denne undersøkinga spesifikt var ute etter. Samtalegaiden fungerte som ein uforpliktande mal for intervjuaren og som ei hjelpe liste med tema han kunne ta opp. Motivet bak samtalegaiden var å formulere spørsmål som vekte talevilje hos informantane, som kunne få dei i interaksjon med kvarandre, syte for relevant sosial bakgrunnsinformasjon og for ein viss kontinuitet i samtalane. Intervjuaren og eg samarbeidde tett, og han visste på førehand kva tema som eg ønskte skulle vere med i samtalane og kva som var mindre viktig, og at dei metaspråklege spørsmåla skulle kome til slutt. Samtalegaiden fungerte slik som ein ”bank” av tema som intervjuaren kunne bruke alt etter informantane si interesse. Med ungdomsgenerasjonen kom gaiden godt med, men med dei midaldra vart det mindre bruk for han. Der gjekk praten godt, og problemet vart nesten motsett enn med ungdomsgenerasjonen. Hos dei midaldra strekte samtalane seg oftast lenger enn den opphavlege tidsramma, som var vel ein time. Det mest markante dømet frå feltarbeidet mitt er ein av samtalane der intervjuaren min fekk snike inn to spørsmål på ein time og eit kvarter. Men kanskje er det eit luksusproblem å rekne for ein sosiolinguist.

5.10 Handsaming av materialet

5.10.1 Transkribering

Undervegs og etter feltarbeidet transkriberte eg datamaterialet i eit dataprogram som er utvikla for fonetisk analyse av tale, *Praat*. Her transkriberte eg lydfilene til ortografisk nynorsk og i samsvar med transkripsjonskonvensjonar utarbeidde av *Dialektendringsprosessar* og *Språkutviklinga på industristader*. Desse konvensjonane gjeld kva nynorsknormal ein skal halde seg til, korleis ein skal transkribere ord som ikkje er

godkjende nynorskformer, korleis markere metaspråk og liknande. Materialet frå Neteland si innsamling vart transkribert av tilsette på prosjektet, medan eg transkriberte mine eigne intervju. Transkripsjonsarbeidet var tidkrevjande, men etter kvart som eg lærte meg konvensjonane betre, gjekk det stadig raskare. Fordi nokre informantar snakka fortare enn andre, nokre snakka tydelegare enn andre osb., var det ulikt kor lang tid eg brukte på kvart intervju. Eitt intervju kunne ta alt frå ti til fjorten timer å transkribere. Når materialet var ferdig transkribert, las tilsette på prosjektet grundig korrektur før eg retta fila.

5.10.2 Lytting og annotering

Etter korrektur var ført inn, vart materialet lagt inn i *Talebanken*. Det er ein database med talemålsdata for *Dialektendringsprosessar* og *Språkutvikling på industristader*. I denne databasen vart talemålsdata frå kvar informant kopla saman med ei metafil, som er ei fil med bakgrunnsinformasjon om informanten (fødselsår, kjønn, lokal dialekt, foreldrebakgrunn, sosial klasse og liknande). I dette programmet kunne eg så formulere søkestrengar som søkte opp og henta ut utvalde ord eller segment hos utvalde informantar. For kvar variabel formulerte eg ein eller fleire søkestrengar og annoterte så kvart treff med den varianten som informanten realiserte. Nokre variablar var meir tidkrevjande å merke enn andre. Det gjaldt særleg dei fonologiske variablane. Dersom eg var i tvil over kva informanten sa, noterte eg ned i ein logg slik at eg kunne høyre på dei att ved eit seinare tidspunkt. Var eg framleis i tvil, fekk eg ein kollega på prosjektet til å høyre. Var det framleis uvisst merkte eg variabelen som *utydeleg*. Desse vart så utelatne frå statistikkutrekninga. Elles vart øyret etter kvart betre trenna til å høyre små nyansar. Leksikalske variablar (som pronomena) var relativt enkle og gjekk nokså fort å merke. Andre variablar, særleg V5 (diftongering av gno. á), var utfordrande fordi det var vanskeleg å formulere ein eksakt sokjestreng. Når annoteringa var ferdig, kunne Talebanken kvantifisere belegga eg hadde merkt. Desse tala overførte eg til Excel og rekna så ut statistikken der.

5.11 Reliabilitet og validitet i denne granskninga

Skal ein avgjere reliabiliteten og validiteten til denne granskninga, må ein spørje seg om datamaterialet er samla inn nøyaktig, om det har snike seg inn feil, og om materialet er relevant for det eg faktisk ønsker å undersøke. I denne granskninga ønskte eg å skaffe empiri til å kunne 1) kartlegge synkron variasjon i naturleg tale til ulike generasjonar årdølar i dag, 2) samanlikne synkron variasjon mellom kvinner og menn, 3) samanlikne synkron variasjon mellom tangingar og øvringar, og 4) samanlikne mine funn med ei tidlegare granskning.

Datamaterialet er henta inn gjennom sosiolinguistiske forskingsintervju. Alle intervjuet var strukturerte som frie og uformelle samtalar, og gjennomførte etter same ”mal”, samtalegaiden. Dette skulle syte for ein kontinuitet i alle intervjuet og for at eg fekk inn same type data: faktisk språkbruk. *Ei* overordna innvending til slik datainnhenting kan vere om ein gjennom sosiolinguistiske forskingsintervju faktisk får fanga opp *naturleg tale*, eller om intervjuasjoner i seg sjølv er så formell at informantane hyperkorrigerer talen sin. Skal ein alternativt fange naturleg tale på andre måtar, beveger ein seg fort utanfor etiske rammer. Eg la derfor vekt på at informantane var medvitne om at intervjuet skulle gå føre seg som *frie* og *uformelle samtalar*. Både Neteland og eg gjennomførte også intervjuet på stader der informantane var kjende og følte seg heime: dei eldre og dei midaldra intervjuet vi i heime hos dei, og dei yngre informantane intervjuet vi på skulane. Alle informantane fekk også like mykje og same type informasjon før intervjuet (jf. vedlegg 1 og 2). Hos mellomgenerasjonen hadde samtalane uventa god driv. Erfaringa mi vart at informantane hadde mykje på hjartet, og utfordringa var heller å få kome til med spørsmål enn å få dei i prat. Når det gjeld ungdommane, erfarte eg at noko så konkret som at intervjuaren og eg hadde eit tilbaketil kroppsspråk verka avvæpnande. Intervjuaren min var lærarstudent og hadde særskilt godt lag med ungdommane. Han var flink til å styre samtalen etter emne som ungdommane var opptekne av. Sidan han kjende lokalsamfunnet godt sjølv, kunne han også ”utfordre” dei, og få dei til å reflektere meir på det dei vart spurde om. Både Neteland og eg hadde elles med oss intervjuarar som snakka den lokale dialekten for at informantane ikkje skulle legge om eller endre språkbruken sin for å gjere seg forstått.

Sjølv om datamaterialet vart henta inn etter same mal, må ein likevel ha i minne at forskingsobjekta i denne granskingsa er *menneske*, og at ein derfor må vere varsam med å hevde at noko er *representativt* (jf. Kristoffersen 1996) I eigenskap av å vere menneske reagerer og responderer vi ulikt fordi vi er ulike individ med ulike bakgrunnar og eigenskapar og referansar (ibid.: 226–227). Same aksjon gir altså ikkje nødvendigvis same reaksjon. Kva som vart tema i kvart intervju, varierte derfor, med unntak av visse emne som var ”obligatoriske” å få fletta inn. I den eine samtalen var eg så heldig at *smørkrise* vart eit tema, og derfor fekk eg mange fleire belegg på V7 i denne samtalen enn dei andre.

Under handsaminga av datamaterialet kan det snike seg inn feilkjelder, som igjen kan føre til feilslutningar. Når eg skulle transkribere, møtte eg til dømes på sekvensar der eg ikkje forstod kva informanten sa. Det kunne vere på grunn av støy eller utydeleg tale. I slike tilfelle fekk eg kollegaer på prosjektet til å høre saman med meg, og var vi framleis i tvil, merkte eg

perioden ”uforståeleg”. For å luke ut feilkjelder, las tilsette på prosjektet også grundig korrektur på transkripsjonen.

Som nemnt opplevde eg det å formulere riktige sokjestrengar som ei utfordring. Her fekk eg hjelp av tilsette på *Dialektendringsprosessar* og *Språkutvikling på industristader*, både med å kritisk vurdere om mine forslag var riktige, og å kome med innspel der eg var usikker. Også når eg annoterte materialet, fekk eg lyttehjelp viss tvilstilfelle dukka opp. Segment som framleis var utelege eller umogleg å avgjere, har eg utelate frå statistikken.

Ei innvending som gjeld *validiteten*, er om rekrutteringsmetoden *ven av ein ven* er høveleg for ei kvantitativ undersøking der informantutvalet ideelt skal representere ein miniatyrkopi av samfunnet, og der alle individua skal ha lik sjanse til å bli trekte ut. Fordi denne granskingsrettar seg mot ein spesiell type samfunn – eit *industrisamfunn* som er prega av heterogenitet og stor inter-individuell variasjon –, var det ei medviten prioritering frå *Språkutvikling på industristader* at fleire typar språkbrukarar skulle vere representerte og at denne metoden derfor ville vere mest høveleg. Fordi Neteland og eg skulle kunne bruke av kvarandre sitt materiale, var det også viktig å jamførte rekrutteringsmetode, informantkrav og gjennomføring av datainnsamlinga.

Som tidlegare nemnt er der tilhøve som taler for at Bjørkum og eg har gjort granskingane våre innanfor ulike paradigme. Eitt av informantkrava til Bjørkum var at *begge eller minst ein av foreldra måtte kome frå Årdal*. Då Bjørkum gjorde si innsamling på 60-talet, var Årdal eit innflyttarsamfunn. Det kan derfor ha vore meir talevariasjon i årdalssamfunnet enn det som kjem til uttrykk i avhandlinga hans. I tillegg baserer han delar av omtalen sin på *rapportert språkbruk*. Sett med sosiolinguistiske øye, er dette ein anna type data enn *faktisk språkbruk*. Dette er etterhald som ein må ein ha i minne når eg samanliknar mine funn med Bjørkum sine. Likevel gir granskinga hans ei grundig og verdifull skildring av det ein kan kalle ”det tradisjonelle årdalsmålet”.

6 PRESENTASJON AV RESULTAT OVER FAKTISK SPRÅKBRUK

6.1 Innleiing

Eg vil her presentere resultata for dei språklege variablane V1–V9. Eg har strukturert kapittelet etter dei sosiale variablane. I 6.3 presenterer eg V1–V9 korrelert med *generasjonsskilnad*. I dette avsnittet gjer eg for kvar variabel også greie for kva som var status presens då Bjørkum gjorde si undersøking³⁰. Merk her at *Årdalsmål hjå eldre og yngre* kom ut i 1968, men talemålsdataa henta han inn i 1960 og 1961. I 6.4 presenterer eg V1–V9 korrelert med *kjønn*. Til slutt, i avsnitt 6.5, presenterer eg V1–V9 med *lokalgeografisk tilhørsle*. Heilskapeleg sett gir kapittelet eit bilet av den diakrone endringa som har skjedd sidan Bjørkum si undersøking, og av den synkrone variasjonen i årdalsmålet i dag.

I 6.4 og 6.5 er informantcellene delte i to sosiale nivå: *generasjon + kjønn* og *generasjon + lokalgeografisk tilhørsle*. Her har det lite føre seg å presentere dei lågfrekvente variablane fordi belegga blir så få. V3, V4 og V9.2 blir derfor berre presenterte i samband med *generasjonsskilnad*, og ikkje med *kjønn* og *lokalgeografisk tilhørsle*.

I dette kapitlet vil eg bruke følgjande forkortinger:

E = Eldre **M** = Midaldra **Y** = Yngre

Y1 = Yngregenerasjon 1, elevar på vidaregåande trinn, fødde 1993 / 1994

Y2 = Yngregenerasjon 2, elevar på ungdomsskuletrinn, fødde 1996

K = Kvinner **M** = Menn

Å.T. = Årdalstangen **Ø.Å.** = Øvre Årdal

t.sv. = trykksvak **t.st.** = trykksterk

Resultata frå handsaminga av det nyinnsamla materialet blir presenterte statistisk, med diagram og tabellar som viser korleis belegga for den aktuelle språklege variabelen fordeler seg blant dei aktuelle språklege variantane i den aktuelle sosiale kategorien. I tabellane står prosentverdiane i feit skrift og talet på belegg i parentes. *N* viser til kor mange informantar belegga fordeler seg på. Fokuset for dette kapittelet er å syne korleis dei språklege variablane er distribuerte hos gruppene *samla sett*. I drøftingskapitlet vil eg gå nærmare inn på variasjonen *innanfor* gruppene. For oversikt over belegg på individnivå viser eg til vedlegg 9.

³⁰ Bjørkum presenterer ikkje sine resultat statistisk, men med ein detaljert omtale av kva som kjenneteiknar lydverk, formverk og ordtilfang (jf. 5.7). Eg presenterer derfor funna hans ved å samanfatte omtalen som han gir av den aktuelle variabelen.

6.2 Statistikk og røynd

Statistikk er kategorisering og godt eigna til å gi eit generelt og overordna biletet. På same tid kan det skjule viktige nyansar, som om utslag for variasjon har bakgrunn i inter- eller intraindividuell variasjon, om ”uteliggjarar” (informantar med atypisk språkbruk) har vekta resultatet, eller om ”tungvektarar” (informantar med svært mange belegg) har påverka resultatet meir enn dei andre informantane i den same sosiale kategorien. Eg har derfor signifikanstesta statistikken. Signifikans er inferensiell statistikk³¹ som fortel i kva grad det er mogleg å generalisere resultata frå eit utval til ein populasjon (Johnsen 2005: 2). Overført til denne undersøkinga, fortel signifikansresultata om belegga innanfor den aktuelle sosiale kategorien er einstemmige – altså om informantane i ei og same gruppe drar i same retning – nok til at den sosiale variabelen er ein *relevant* sosial variabel som gir utslag for språkleg variasjon. Signifikansverdiane er oppgitt i den nedste cella i kvar tabell. Signifikans for statistikken som gjeld *generasjonsskilnad* og *kjønn* er rekna ut i SPSS med ANOVA og *Tukey HSD* som post-hoc test. Statistikken som gjeld *lokalgeografisk tilhøyrsla* er rekna ut med *ANOVA*. Signifikansgrensene eg bruker er dei same som i Haugen (2004: 152), som også er dei vanlege for psykologi og samfunnsfag:

Signifikansgrenser

| Probabilitetsnivå | Symbol | Tyding |
|-----------------------|--------|-----------------------|
| $p \leq 0.001$ | *** | Svært høg signifikans |
| $0,001 < p \leq 0,01$ | ** | Høg signifikans |
| $0,01 < p \leq 0,05$ | * | Signifikans |
| $0,05 < p \leq 0,10$ | T | Tendens |
| $p > 0,10$ | i.s. | Ikkje signifikant |

Som ein siste kommentar, må ein for dette kapittelet ha i minne at eg ”berre” har åtte og fire informantar i kvar informantcelle. Dersom ein informant hadde blitt bytt ut, kunne resultata blitt heilt andre. Signifikansverdiane gjeld derfor *dette* informantutvalet.


³¹ Inferensiell statistikk er statistikk om statistikk, og skal syne kor pålitelege resultata er, altså i kva grad ein kan generalisere resultata frå eit utval til en populasjon. Deskriptiv statistikk er retta mot å skildre eller oppsummere tilstanden i heile eller delar av et datasett (Johnsen 2005: 2).

6.3 Språk og generasjonsskilnad.

6.3.1 V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering. Variantar: /e/ ↔ /eg/

I 1960/1961 hadde dette pronomenet *ein variant* både for trykksvak og trykksterk realisering, nemleg /e/ (Bjørkum 1968: 117). I materialet frå nyinnsamlinga 2011 har variabelen *to* variantar: /e/ og /eg/. Vi ser på distribusjonen blandt generasjonane i 2011:

Figur 7: V1.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad.




Tabell 8: V1.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V1.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad | | | | | | |
|------------------------------------|----|--------------|--------|-------------|-------|---------------------|
| N=32 | | e-sv | | eg-sv | | sum |
| Eldre | 8 | 100 % | (480) | 0 % | (2) | 100 % (482) |
| Midaldra | 8 | 93 % | (1149) | 7 % | (92) | 100 % (1241) |
| Yngre | 16 | 90 % | (1212) | 10 % | (129) | 100 % (1341) |

p: E ≠ M: * , E ≠ Y:** , M ≠ Y: i.s.

Figur 8: V1.2 (t.st.) og generasjonsskilnad.



Tabell 9: V1.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V1.2 (t.st.) og generasjonsskilnad | | | | | | | |
|------------------------------------|----|-------------|-------|-------------|-------|--------------|-------|
| N=32 | | e-st | | eg-st | | sum | |
| Eldre | 8 | 96 % | (202) | 4 % | (8) | 100 % | (210) |
| Midaldra | 8 | 69 % | (291) | 31 % | (131) | 100 % | (422) |
| Yngre | 16 | 58 % | (183) | 42 % | (131) | 100 % | (314) |


p: E ≠ M: ** , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: i.s.

Den tradisjonelle varianten /e/ er meir frekvent enn den nye varianten /eg/ hos alle tre generasjonane. Vi kan merke oss at hos dei eldre informantane, som svarer til dei som var ”yngre” og ”yngst” i Bjørkum si undersøking, er den tradisjonelle /e/ tilnærma einerådande både i trykksvak og trykksterk stilling, slik som for femti år sidan. Variasjonen mellom /e/ og /eg/ er svært lik hos dei midaldra og dei yngre. Såleis er det for denne variabelen signifikant forskjell mellom eldre og midaldra og mellom eldre og yngre, men ikkje signifikant forskjell mellom midaldra og yngre. Vi kan også merke oss at /eg/-varianten er meir frekvent i trykksterk realisering enn i trykksvak. Ser vi på belegg på individnivå (Vedlegg 9) ser vi at utslag for variasjon her har bakgrunn i intra-individuell variasjon, altså at informantane vekslar mellom å seie /e/ og /eg/.

6.3.2 V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering. Variantar: /me/ ↔ /meg/ + /e/ (berre i trykksterk).

På same måten som V1 hadde dette pronomenet éin variant i 1960–61, også den utan g i utlyd: /me/ (Bjørkum 1968: 117). Som nemnt i 3.6, registrerte Bjørkum at subjektsforma /e/ fanst i oblike kasus hos dei aller yngste i Øvre Årdal. Denne bruken, skriv han, er likevel for tidleg å seie noko om fordi forma ikkje har fått noko fotfeste (1968: 117–118 og 207–208). Det blir derfor interessant å sjå om subjektsforma /e/ blir brukt i objektsposisjon i det nyinnsamla materialet. Ei ulempe med V2 er at det er ein relativt lågfrekvent variabel. Det gjer nemleg at ein i enda mindre grad kan trekke generelle sluttningar. Eg synest likevel det er interessant og relevant å undersøke kva som viser seg for +/÷ g-utlyd og ikkje minst om trykksterk /e/ i objektsposisjon dukkar opp.

Figur 9: V2.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad.




Tabell 10: V2.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad | | | | | | |
|------------------------------------|----|-------------|------|-------------|------|-------------------|
| N=29 | | me-sv | | meg-sv | | sum |
| Eldre | 7 | 96 % | (27) | 4 % | (1) | 100 % (28) |
| Midaldra | 7 | 70 % | (67) | 30 % | (29) | 100 % (96) |
| Yngre | 15 | 64 % | (38) | 36 % | (21) | 100 % (59) |

p: E ≠ M: * , E ≠ Y: T , M ≠ Y: i.s.

Figur 10: V2.2 (t.st.) og generasjonsskilnad.



Tabell 11: V2.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.2 (t.st.) og generasjonsskilnad | | | | | | | | |
|------------------------------------|----|-------------|------|-------------|------|------------|-----|-------------------|
| N = 21 | | me-st | | meg-st | | e-st | | sum |
| Eldre | 3 | 89 % | (8) | 11 % | (1) | 0 % | (0) | 100 % (9) |
| Midaldra | 8 | 51 % | (23) | 49 % | (22) | 0 % | (0) | 100 % (45) |
| Yngre | 10 | 15 % | (4) | 85 % | (23) | 0 % | (0) | 100 % (27) |

p: E ≠ M: * , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: T

Også for dette pronomenet kan vi supplere med ein ny variant med -g i utlyd: /meg/. Vi ser også at same variasjonsmønster som vi såg hos V1 går igjen hos V2: Dei midaldra og dei yngre skil seg frå dei eldre, og varianten med g-utlyd er meir frekvent i trykksterk realisering

enn i trykksvak realisering. Merk også at av totalt 81 trykksterke realiseringar er der 0 belegg på /e/-varianten i trykksterk objektsposisjon.

6.3.3 V3: Personleg pronomen, 2. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (3.1) og trykksterk (3.1) realisering. Variantar: /de/ ↔ /deg/ + /du/ (berre i trykksterk).

Den vanlege varianten for dette pronomenet i 1960/1961 var /de/, men i Øvre Årdal kunne subjektsforma /du/ gjere seg gjeldande i objektsposisjon når pronomenet vart realisert trykksterkt (Bjørkum 1968: 118 og 216). Denne variabelen er også lågfrekvent, men argumenta for at eg har han med er dei same som for V2: distribusjon for +/÷ g-utlyd er interessant, og det er spennande om /du/ i objektsposisjon dukkar opp. Fordi denne variabelen er lågfrekvent, viser eg resultata berre med tabellar:

Tabell 12: V3.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V3.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad | | | | | | | |
|------------------------------------|----|-------|------|--------|------|-------|------|
| N = 21 | | de-sv | | deg-sv | | sum | |
| Eldre | 3 | 100 % | (4) | 0 % | (0) | 100 % | (4) |
| Midaldra | 8 | 66 % | (23) | 34 % | (12) | 100 % | (35) |
| Yngre | 10 | 33 % | (8) | 67 % | (16) | 100 % | (24) |

p: E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: * , M ≠ Y: *

Tabell 13: V3.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V3.2 (t.st.) og generasjonsskilnad | | | | | | | | | |
|------------------------------------|---|-------|-----|--------|-----|-------|-----|-------|-----|
| N = 12 | | de-st | | deg-st | | du-st | | sum | |
| Eldre | 1 | 100 % | (1) | 0 % | (0) | 0 % | (0) | 100 % | (1) |
| Midaldra | 4 | 11 % | (1) | 89 % | (8) | 0 % | (0) | 100 % | (9) |
| Yngre | 7 | 0 % | (0) | 100 % | (8) | 0 % | (0) | 100 % | (8) |

for få belegg til å rekne ut signifikans.

Hos dei eldre er belegga så få at vi ikkje kan slå fast anna enn at /de/-varianten eksisterer.

Belegga til dei midaldra og dei yngre viser, på same måte som V1, V2 og V3, at pronomenet i dag har *to* variantar: ein med -, og ein utan g i utlyd. Hos dei eldre og dei midaldra er /de/ meir frekvent både i trykksvak og trykksterk realisering. Hos dei yngre er /deg/ mest frekvent. På same måte som V2 hadde 0 belegg på /e/ i objektsposisjon, har V3 også 0 belegg på /du/ i objektsposisjon.

6.3.4 V4: Personleg pronomen 2.person fleirtal, subjektsposisjon, trykksvak (4.1) og trykksterk (4.2) realisering. Variantar: /de/ ↔ /di/ ↔ ²dika/.

I 1960–61 hadde dette pronomenet *ein* variant i subjektsposisjon: /de/. Objektsforma var ²dika/. Også denne variabelen er relativt lågfrekvent, men belegg blant informantane viser at

det i dag finst *tre* variantar i subjektsposisjon: /de/, /di/ og /²dika/. Også her presenterer eg resultata berre med tabellar:

Tabell 14: V4.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V4.1 (t.sv.) og generasjonsskilnad | | | | | | | | |
|------------------------------------|---|-------|------|-------|-----|---------|-----|------------|
| N = 16 | | de-sv | | di-sv | | dika-sv | | sum |
| Eldre | 6 | 75 % | (12) | 25 % | (4) | 0 % | (0) | 100 % (16) |
| Midaldra | 6 | 83 % | (25) | 17 % | (5) | 0 % | (0) | 100 % (30) |
| Yngre | 4 | 10 % | (1) | 10 % | (1) | 80 % | (8) | 100 % (10) |

p(de-sv): E ≠ M: i.s., E ≠ Y: i.s., M ≠ Y: T
p(di-sv): E ≠ M: i.s., E ≠ Y: i.s., M ≠ Y: i.s.
p(dikka-sv): E ≠ M: i.s., E ≠ Y: ***, M ≠ Y: ***

Tabell 15: V4.2 (t.st.) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V4.2 (t.st.) og generasjonsskilnad | | | | | | | | |
|------------------------------------|---|-------|------|-------|-----|---------|-----|------------|
| N = 8 | | de-st | | di-st | | dika-st | | sum |
| Eldre | 5 | 91 % | (10) | 9 % | (1) | 0 % | (0) | 100 % (11) |
| Midaldra | 3 | 83 % | (5) | 17 % | (1) | 0 % | (0) | 100 % (6) |
| Yngre | 0 | - | (0) | - | (0) | - | (0) | - (0) |

for få belegg til å rekne ut signifikans

At variabelen har så få belegg, har si naturlege forklaring i intervjuasjoner. Vi kan likevel legge merke til at i trykksvak realisering skil dei yngre seg signifikanter frå dei andre aldersgruppene når det gjeld bruken av /²dika/-varianten.

Dei som til motsetning realiserer dette pronomenet ofte, er intervjuarane. For denne variabelen vil eg derfor supplere med statistikk for to av intervjuarane: Ein yngre mann frå Tangen og ein yngre mann frå Øvre Årdal, høvesvis ”Tarjei” og ”Øver”. Eg har valt ut desse to fordi dei er interessante å samanlikne, og fordi ”Øver” illustrerer ”dikka-fenomenet” som mange av informantane mine i mellomgenerasjonen kalla det, nemleg at ungdommene bruker objektsforma /²dika/ i objektsposisjon. For desse vil eg berre presentere tabellane:

Tabell 16: V4.1 (t.sv.) og intervjuarane. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V4.1 (t.sv.) og intervjuarane | | | | | | | |
|-------------------------------|-------|-------|-------|-------|---------|-------|-------------|
| N = 2 | de-sv | | di-sv | | dika-sv | | sum |
| Tarjei | 24 % | (107) | 74 % | (326) | 1 % | (5) | 100 % (438) |
| Øver | 1 % | (1) | 1 % | (2) | 98 % | (149) | 100 % (152) |

Tabell 17: V4.2 (t.st.) og intervjuarane. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V4.2 (t.st.) og intervjuarane | | | | | | | |
|-------------------------------|-------|-----|-------|------|---------|------|------------|
| N = 2 | de-st | | di-st | | dika-st | | sum |
| Tarjei | 8 % | (5) | 90 % | (53) | 2 % | (1) | 100 % (59) |
| Øver | 0 % | (0) | 0 % | (0) | 100 % | (25) | 100 % (25) |

”Øver” bruker objektsforma /dika/ i subjektsposisjon gjennomgående, og då både i trykksvak og trykksterk realisering. Tarjei veksler mellom å bruke /de/ og /di/. /di/-varianten er vanleg i midtresognsmål, og resultatet kan ha samanheng med at Tarjei dagleg pendlar til Sogndal.

6.3.5 V5: Diftongering av gno. á. Variantar: /au/ ↔ /ɔʊ/ ↔ /ɔ/.

I 1960–61 fann Bjørkum døme på at /au/ vik for /ɔ/ i visse ord. Dette forklarer han med *forkorting* i visse ord, som *lata* (v), *natt* (f) og *ja* (svarord), og med *samandraging* i ord som *åleina* (adv.) og *almenning* (m). Bjørkum skriv også at nokre ord også vart uttalte med /ɔ/ der ein skulle ha venta /au/. Dette gjaldt ord som *bråk* (n), *både* (konj.), *bål* (n), *dåd* (m), *dåp* (m), *dårlig* (adj.), *grådig* (adj.), *håp* (n), *skål* (m), *tår* (m), *våpen* (n). I tillegg vart mange nye lånord uttalte med /ɔ/, som *område* (n), *statsråd* (m og n), *rådhus* (n), *ståk* (n), *strålende* (adj.). Bjørkum skriv også at ved nokre av orda held dei eldre meir på den gamle uttalen med diftong, medan yngre oftest berre har monoftong (Bjørkum 1968: 31–33). Når eg annoterte denne variabelen, sette eg eit kriterium om at eg ville inkludere alle ord som etter regelen skulle ha denne diftongen, altså ord som hadde opphav i gno. á. Eg har altså ikkje utelate unntaka som Bjørkum nemner. I det nyinnsamla materialet er distribusjonen for diftongering av gno. á følgjande:

Figur 11: V5 (gno. á) og generasjonsskilnad.



Tabell 18: V5 (gno. á) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V5 (gno. á) og generasjonsskilnad | | | | | | | | |
|-----------------------------------|----|---------------|--|---------------|--|----------------|--|-----------------|
| N = 32 | | au | | ɔʊ | | ɔ | | sum |
| Eldre | 8 | 15 % (62) | | 30 % (122) | | 54 % (218) | | 100 % (402) |
| Midaldra | 8 | 11 % (116) | | 25 % (254) | | 64 % (655) | | 100 % (1025) |
| Yngre | 16 | 0 % (0) | | 0 % (3) | | 100 % (905) | | 100 % (908) |

p(ao): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: ***
p(åo): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: ***
p(å): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: ***

Det første vi kan merke oss, er at eg har registrert *tre* variantar for denne variabelen: ein tradisjonelle variant med urunda førsteledd: /au/, ein mellomvariant med urunda førsteledd: /ɔu/ og monoftonguttale /ɔ/. Sjølv om den kvalitative realiseringa av diftongen og grad av runding ligg på ein glideskala, er der tilfelle kor ein tydeleg kan høyre skilje mellom /au/ og /ɔu/. Eg fann også /ɔu/-diftongen i trykksterke realiseringar i framlyd (til dømes i ordet *Årdal*). I staden for å merke variabelen med +/÷ diftongering, har eg derfor valt å merke den som /au/, /ɔu/ eller /ɔ/.

Resultata frå nyinnsamlinga viser at diftongeringa er borte blant dei yngre informantane. Hos dei eldre og dei midaldra som *har* diftongering, er varianten med runda førsteledd (/ɔu/) meir frekvent en varianten med urunda førsteledd (/au/). Hos dei eldre og dei midaldra er det inter- og intraindividuell variasjon som har gitt utslag for variasjon, altså at 1) informantane vekslar mellom å bruke alle tre variantane og 2) informantane innanfor same generasjon har ulik grad av diftongering. Hos eldregenerasjonen finn vi til dømes eit sprik frå "Trond" som har diftong i 8% av belegga sine, og "Øyvinda" som har diftong i 68% av belegga sine. Hos dei midaldra finn vi eit liknande sprik mellom "Tora", som har diftongering i 16 % av belegga sine, og "Øyunn" som har diftongering i 72% av belegga sine (j.f. vedlegg 10). Dette vil eg gå nærmare innpå i drøftingskapittelet. Desse sprika *innanfor* dei aldersgruppene gjer at det ikkje er signifikant forskjell mellom dei eldre og dei midaldra, fordi gruppemedlemmane ikkje drar i same retning. Til motsetning er det svært høg signifikans for skilnadane mellom dei yngre på eine sida og dei to andre generasjonane på andre sida.


Ein merknad som høyrer med for denne variabelen er at eg fann belegg på at opphavleg gno. á vart realisert med ein /a/-lyd. Det var ikkje mange belegg, men eg fann det i alle tre generasjonane, og då orda (alfabetisk): *derfrå*, *derifrå*, *endå*, *fråfall*, *herfrå*, *herifrå*, *ifrå*, *langafrå*, *måndag*, *måndagen*, *nordattifrå*, *skuleoppgåve* og *utanfrå*. Eg har ikkje teke denne realiseringa med som ein eigen variant, men heller tolka dette som *leksikalske lån*. Desse belegga er derfor utelate i denne statistikken.

6.3.6 V6: +/÷ diftongering av *e* > /ai/ foran -gg, -ng, -nk, -nsk. Variantar: + diftongering ↔ ÷ diftongering.

Bjørkum (1968: 34) skriv at regelen for denne diftongeringa gjeld utan etterhald i årdalsmålet, men at Vikadalen og Offerdalen har sideformer utan diftong når *e* står framfor -gg (både ved

velar og palatal uttale). Dette unntaket finn ein ifølgje Bjørkum også i lærdalsmålet. Einaste etterhaldet han har merka seg for denne variabelen, er at særleg hos dei yngre kan ein høyre monoftong i staden for diftong, og då i ord med *æ* og *e* ved omlyd av *á* og *a*, som i *lengre* (komparativ av *lang*), *stenger* (flt. av *stang* (f.)) (ibid.: 34). Vi ser på distribusjonen for diftongeringa i 2011:

Figur 12: V6 og generasjonsskilnad.



Tabell 19: V6 og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V6 og generasjonsskilnad | | | | | | |
|--------------------------|----|---------|-------|---------|-------|-------------|
| N = 32 | | + dift. | | ÷ dift. | | sum |
| Eldre | 8 | 43 % | (57) | 57 % | (77) | 100 % (134) |
| Midaldra | 8 | 37 % | (111) | 63 % | (193) | 100 % (304) |
| Yngre | 16 | 0 % | (0) | 100 % | (254) | 100 % (254) |


p: E ≠ M: * , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: **

V6 viser same mønster som V5, nemleg at dei eldre og dei midaldra har diftongering, men ikkje dei yngre. For denne variabelen er det, til forskjell frå V5, signifikant forskjell mellom alle tre gruppene. Også her er det intra-individuell variasjon som gir utslag for variasjon.

6.3.7 V7: Vokalrealisering av gno. *iø* og kort *ø*. Variantar: tradisjonell variant: /ɔ/ ↔ ny variant: /ø/ eller /e/.

I 1960–61 var den tradisjonelle varianten ”stø og sikker over heile bygdi” hos den eldste generasjonen. Berre ein og annan gong høyrde Bjørkum at dei eldste brukte /ø/ i desse orda, men det var ”reint sjeldensynt”. I Øvre Årdal var det liten skilnad mellom eldre og yngre, då dei gamle formene heldt seg godt hos dei yngste også. På Årdalstangen derimot, var dei ”meir ustøe”. To av Bjørkum sine informantar frå Årdalstangen brukte ofte /ø/ (1968: 28). Vi ser på distribusjonen i 2011:

Figur 13: V7 og generasjonsskilnad.



Tabell 20: V7 og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V7 og generasjonsskilnad | | | | | | |
|--------------------------|----|---------------|------|------------|-------|-------------|
| N = 32 | | trad. variant | | ny variant | | sum |
| Eldre | 8 | 42 % | (13) | 58 % | (18) | 100 % (31) |
| Midaldra | 8 | 49 % | (60) | 51 % | (62) | 100 % (122) |
| Yngre | 16 | 5 % | (7) | 95 % | (121) | 100 % (128) |


p: E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: * , M ≠ Y: *

På same måte som for V5 og V6 er den tradisjonelle varianten tilnærma borte hos dei yngste informantane, men her med unntak av sju belegg som alle kjem frå éin informant, ”Tonje”. Vi kan også legge merke til at den tradisjonelle varianten er mest frekvent hos dei midaldra, og ikkje hos dei eldre. Hos V1–V6 har dei tradisjonelle variantane vore mest frekvent blant dei eldre. Likevel er det her, som for dei føregåande variablane, berre signifikant forskjell mellom yngre og eldre, og mellom yngre og midaldra. Det er ikkje signifikant forskjell mellom eldre og midaldra.

6.3.8 V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn. Variantar: + plosiv ↔ ÷ plosiv.

I grammatikkskissa presenterte eg bøyingsparadigmet for substantiv (jf. 3.4.4 A). Den oversikten er basert på Bjørkum (1968: 47–96) og viser at årdalsmålet tradisjonelt har differensieringa /-adn/ og /-edn/ i bunden form fleirtal av alle hankjønns- og hokjønnsord. Resultata frå nyinnsamlinga modifiserer paradigmet:

Figur 14: V8 og generasjonsskilnad.



Tabell 21: V8 og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V8 og generasjonsskilnad | | | | | | | |
|--------------------------|----|-------------|-------|--------------|-------|--------------|-------|
| N = 32 | | + plosiv | | ÷ plosiv | | sum | |
| Eldre | 8 | 69 % | (100) | 31 % | (44) | 100 % | (144) |
| Midaldra | 8 | 85 % | (277) | 15 % | (48) | 100 % | (325) |
| Yngre | 15 | 0 % | (0) | 100 % | (141) | 100 % | (141) |

p: E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: *** , M ≠ Y: ***

Differensieringa er heilt borte hos ungdomsinformantane. På same måte som for V7 er den tradisjonelle varianten her mest frekvent blant dei midaldra, som har differensiering i 85% av belegga, mot dei eldre i 69 % av belegga. Igjen er det ikkje signifikant skilnad mellom dei eldre og dei midaldra, men dei yngre skil seg klart frå dei midaldra og dei eldre.³²


6.3.9 V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønnsord (V9.1) og hokjønnsord på -ing (V9.2), og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3). Variantar V9.1 og V9.2: /i/ ↔ /a/ ↔ /en/. Variantar for V9.3: /i/ ↔ /a/ ↔ /edn/ // /ene/.

Også for denne variabelen blir det diakrone utgangspunktet bøyingsparadigmet for substantiv i grammatikkskissa (jf. 3.4.4 A), som viser at årdalsmålet tradisjonelt har *i*-ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord, i hokjønnsord på *-ing*, og i bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn. Før eg presenterer resultata, er det på sin plass å gjere greie for korleis eg har arbeidd og rekna statistikk for denne variabelen: Utgangspunktet mitt var at eg merka alle ord

³² For denne variabelen kunne eg alternativt ha presentert variasjonsmønsteret til hokjønnsorda for seg og hankjønnsorda for seg, for slik å ta høgde for at nyansar eller skilnader mellom dei to kategoriene kunne kome fram. I arbeidet med denne variabelen starta eg med ei slik todeling, men fordi hankjønnsorda og hokjønnsorda viste omrent identisk mønster, har eg slått dei saman.

som tradisjonelt skal ha *i*-ending. I det nye materialet har nokre av desse orda fått hankjønnsendinga *-en*. Desse belegga har eg inkludert i statistikken. Nokre vil kanskje innvende og argumentere for at eg ikkje burde ta med orda som har fått *-en*-ending i fordi dette er hankjønnsending, og derfor ikkje ein ”gyldig variantar”. Eg har likevel valt å inkludere belegga med *-en* fordi eg synest det er interessant og relevant å vise at nokre hokjønnsord og inkjekjønnsord som tradisjonelt skulle hatt *i*-ending, har fått hankjønnsending. I avsnitta under vil eg kommentere kva ord det er snakk om. Vi ser først på distribusjonen for sterke hokjønnsord:

Figur 15: V9.1 (st. hokjønn) og generasjonsskilnad.



Tabell 22: V9.1 (st. hokjønn) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V9.1 (st. hokjønn) og generasjonsskilnad | | | | | | | | | |
|--|----|-------------|------|-------------|------|-------------|------|--------------|-------|
| N = 30 | | i | | a | | en | | sum | |
| Eldre | 8 | 71 % | (47) | 9 % | (6) | 20 % | (13) | 100 % | (66) |
| Midaldra | 8 | 48 % | (73) | 3 % | (4) | 50 % | (76) | 100 % | (153) |
| Yngre | 14 | 52 % | (46) | 14 % | (12) | 34 % | (30) | 100 % | (88) |


p: i.s.

Ein viktig kommentar til resultata over er at utslaget for *en*-varianten særleg har bakgrunn i eitt ord som er relativt høgfrekvent: *tida* (b.f. fem.). Inkludert samansettingar, har eg 109 belegg på dette ordet, der 30 av dei har *i*-ending, 5 av dei har *a*-ending og 72 av dei har *en*-ending. Bjørkum (1968) fortel også om variasjon for uttalen av dette ordet. Han skriv at *tid* er hokjønnsord, men at bokmålsendinga *-en* i /ti:d(ə)n/ og tydeleg uttale av *d-en* ”etter skriftmålet” er mykje nytta av eldre. Han forklarer dette med funksjonell tyngd (j.f. 4.3.1.): ”gamalt bortfall av endingi i b.f. *ti'i > ti* har vel gjort at b.f. ikkje kom klårt nok fram, og så har dei lånt formi *ti'd(ə)n*” (ibid: 67). Også ordet *verda* (b.f. fem.) skil seg ut i det nyinnsamla

materialet, då 11 av 13 belegg har *-en* ending.³³ For andre sterke hokjønnsord ser i-endinga ut til å ha halde seg godt. For V9.1 ser vi at det ikkje er signifikant forskjell mellom nokon av gruppene for nokon av variantane. Alle belegga med *a*-ending i den eldre generasjonen kjem frå ein informant, "Trond". Blant dei midaldra og dei yngre er det fire informantar i kvar gruppe som innimellan bruker *a*-ending. Belegga med *a*-ending gjeld orda *anleggstida*, *dottera*, *døra*, *framtida*, *geita*, *Hydro-tida*, *jorda*, *jordmora*, *kua*, *natta*, *norskboka*, *slekt*, *systera*, *tida* og *timeløna*. Resten av hokjønnsorda har altså *i*-ending.

Når det gjeld hokjønnsord på *-ing*, skriv Bjørkum (1968: 69) at alle desse orda blir bøygde etter følgjande mønster: *²çceriŋg* – *²çceriŋgi* – *²çceriŋga* – *²çceriŋgadn* – altså med *i*-ending i bunden form eintal. Berre eit par ord på *-ing* blir bøyde som hankjønnsord, skriv han, "men hokj. er hovudformi av desse ordi" (ibid.: 47). I det nyinnsamla materialet er variasjonsmønsteret for bøyingsendinga i bunden form eintal som følgjer:

Figur 16: V9.2 (hokj. på *-ing*) og generasjonsskilnad.



Tabell 23: V9.2 (hokj. på *-ing*) og generasjonsskilnad. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V9.2 (hokjønn på <i>-ing</i>) og generasjonsskilnad | | | | | | | | |
|--|---|------|-----|------|-----|------|------|------------|
| N = 19 | | i | | a | | en | | sum |
| Eldre | 5 | 24 % | (4) | 29 % | (5) | 47 % | (8) | 100 % (17) |
| Midaldra | 8 | 6 % | (2) | 3 % | (1) | 91 % | (32) | 100 % (35) |
| Yngre | 6 | 0 % | (0) | 11 % | (1) | 89 % | (8) | 100 % (9) |


p(i): E ≠ M: T , E ≠ Y: * , M ≠ Y i.s.
p(a): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: i.s. , M ≠ Y: i.s.
p(en): E ≠ M: * , E ≠ Y: * , M ≠ Y: i.s.

Variabelen er lågfrekvent, men hankjønnsendinga *-en* dominerer tydeleg blant dei midaldra og dei yngre. Dei eldre har *en*-endinga i omrent halvparten av belegga. For denne variabelen

³³ Utropsuttrykket "du verden" har eg ikkje rekna med i statistikken. Dette er altså belegg der informantane seier *verda* i "vanleg bruk".

er det ingen ord som skil seg ut slik som i V9.1. Overgangen til *-en* ser ut til å vere den dominante forma for dei fleste av orda. Eitt unntak er ordet *utviklinga* som har 11 belegg, og då eitt med *i*-ending, eitt med *a*-ending og *ni* med *en*-ending. Når det gjeld dei sterke inkjekjønnsorda, ser distribusjonen slik ut:

Figur 17: V9.3 (st. inkjekjønn) og generasjonsskilnad.



Tabell 24: V9.3 (st. inkjekjønn) og generasjonsskilnad.

| V9.3 (st. inkjekjønn) og generasjonsskilnad | | | | | | | | | |
|---|----|------|------|-----|-----|---------|------|-------|------|
| N = 27 | | i | | a | | edn/ene | | sum | |
| Eldre | 8 | 93 % | (28) | 7 % | (2) | 0 % | (0) | 100 % | (30) |
| Midaldra | 8 | 94 % | (78) | 0 % | (0) | 6 % | (5) | 100 % | (83) |
| Yngre | 11 | 75 % | (36) | 0 % | (0) | 25 % | (12) | 100 % | (48) |

p(i): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: T , M ≠ Y: T
p(a): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: i.s. , M ≠ Y: i.s.
p(edn/ene): E ≠ M: i.s. , E ≠ Y: ** , M ≠ Y: **

Som vi ser, har *i*-endinga halde seg godt også i inkjekjønnsord. Her er det *eitt* ord som har skuld i utslaget for *-edn/ene*, nemleg *foreldra*. Alle andre inkjekjønnsorda har framleis *i*-ending. Som eg nemnde i 3.6, er *forelder* (m) eit ord som har hankjønnsending i eintal, men inkjekjønnsending i fleirtal (j.f. Bjørkum 1968: 219 og 236 og Faarlund m.fl. 1997: 218). Bjørkum skriv ikkje noko om at dette ordet varierer i si gransking, men i det nyinnsamla materialet ser vi at av 38 belegg, har *foreldra* 17 belegg med *i*-ending og 18 belegg med endinga *edn/ene*. Det er hovudsakleg dei yngre som seier *foreldrene* i staden for *foreldri*. Suffikset *-edn/ene* er i analogi med bøyinga til svake inkjekjønnsord.

6.3.10 Oppsummering språk og generasjonsskilnad

I 1960–61 hadde pronomena *eg*, *meg* og *deg* høvesvis variantane /e/, /me/ og /de/. Materialaet frå nyinnsamlinga viser at vi i dag, 40 år seinare, kan supplere med nye variantar *med g* i utlyd for desse pronomena, høvesvis /eg/, /meg/, /deg/. Dei tradisjonelle variantane er framleis

tilnærma einerådande hos dei eldre informantane slik som dei var for 40 år sidan. Dei nye variantane for pronomensystemet er meir frekvente blant dei midaldra og dei yngre enn dei er hos dei eldre. Likevel er det eit overordna mønster at dei tradisjonelle variantane for pronomensystemet ser ut til å ha halde seg godt ettersom dei dominerer hos alle tre generasjonane. Dei nye variantane med *g* i utlyd er elles meir frekvente når dei blir realiserte trykksterkt. Eit gjennomgåande mønster for variasjonen mellom gruppene når det gjeld personlege pronomene er at vi ser eit skilje mellom dei eldre på den eine sida og dei midaldra og dei yngre på den andre sida. I det nyinnsamla materialet er det vidare *ikkje* belegg på at subjektsformene /e/ og /du/ blir brukte i objektsposisjon. Derimot syner materialet ei ”nyskaping” i årdalsmålet ved at yngre informantar bruker objektsforma for andre person fleirtal, /²dika/, i subjektsposisjon. Kor på s-kurva dette fenomenet ligg, og korleis distribusjonen mellom generasjonane er, har eg ikkje nok data til å stadfeste. Fleire av dei midaldra informantane mine omtalte likevel dette som eit ”ungdomsfenomen”.

Når det gjeld V5, V6, V7 og V8 er generasjonsskilnadane meir drastiske: Her ser vi eit tydeleg skilje mellom dei eldre og dei midaldra på den eine sida og dei yngre på den andre sida. Når det gjeld diftongeringa (V5 og V6), registrerte Bjørkum monoftongisk uttale allereie i 1960–61, og då mest hos yngre informantar. I nyinnsamlinga er diftongeringa heilt borte hos dei yngre informantane. Ho eksisterer enda hos dei eldre og dei midaldra, men då i konkurranse med monoftongert realisering. I tillegg har /au/-diftongen fått ei kvalitativ gliding frå urunda førsteledd til runda førsteledd. Også når det gjeld V7 er den tradisjonelle /ɔ/-realiseringa heilt borte hos dei yngre. Dei bruker i dag anten den nyare /ø/-realiseringa og i visse tilfelle /e/ i ord som *mjølk* og *mjøl*. Same variasjonsmønster finn vi også for V8 (+/- plosiv i bunden form fleirtal av substantiv), der dei eldre og dei midaldra framleis har differensiering, men dei yngre ikkje. Når det gjeld i-ending for sterke hokjønnsord (V9.1), er det ikkje signifikante skilnader mellom generasjonane. *i*-endinga har halde seg godt, med unntak av tre ord: *tida* (b.f. eintal fem.) , *verda* (b.f. eintal fem.) og *foreldra* (b.f. flt. mask.).


6.4 Språk og kjønn³⁴

Bjørkum tek ikkje føre seg språklege skilnader mellom menn og kvinner. For denne sosiale variablene presenterer eg derfor berre synkron variasjon ut frå det nyinnsamla materialet.

Allereie innleiingsvis, blir det på sin plass å nemne at i dette materialet ga *kjønn* som sosial variabel ikkje signifikante utslag for språkleg variasjon blant generasjonane for nokon av variablane. Sjølv om vi kan rekne kvinner og menn som like grupper i samfunnet når det gjeld andre kulturelle faktorar, kan vi altså ikkje rekne dei som ulik grupper når det gjeld realiseringa av dei språktrekka som er med i denne granskninga. Sjølv om skilnadane mellom menn og kvinner ikkje er signifikante, skal vi likevel sjå at for dei variablane der det *er* skilnad mellom kjønna, er det eitt mønster som går igjen.

6.4.1 V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering. Variantar: /e/ ↔ /eg/.

Figur 18: V1.2 (t.sv.) og kjønn.




³⁴ Merk, som eg nemnde innleiingsvis, at eg ikkje presenterer V3, V4 og V9.2 i samband med den sosiale variablene *kjønn* fordi dei er lågfrekvente.

Tabell 25: V1.1 (t.sv.) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V1.1 (t.sv.) og kjønn | | | | | | | |
|-----------------------|---|--------------|-------|-------------|------|--------------|-------|
| N=32 | | e-sv | | eg-sv | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| K | 4 | 100 % | (294) | 0 % | (1) | 100 % | (295) |
| M | 4 | 99 % | (186) | 1 % | (1) | 100 % | (187) |
| Midaldra | | | | | | | |
| K | 4 | 91 % | (473) | 9 % | (44) | 100 % | (517) |
| M | 4 | 92 % | (576) | 8 % | (48) | 100 % | (624) |
| Yngre | | | | | | | |
| K | 8 | 92 % | (676) | 8 % | (61) | 100 % | (737) |
| M | 8 | 89 % | (536) | 11 % | (68) | 100 % | (604) |
| p: i.s. | | | | | | | |

Figur 19: V1.2 (t.st.) og kjønn.



Tabell 26: V1.2 (t.st.) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V1.2 og kjønn | | | | | | | |
|---------------|---|-------------|-------|-------------|------|--------------|-------|
| N=32 | | e-st | | eg-st | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| K | 4 | 98 % | (135) | 2 % | (3) | 100 % | (138) |
| M | 4 | 93 % | (67) | 7 % | (5) | 100 % | (72) |
| Midaldra | | | | | | | |
| K | 4 | 74 % | (141) | 26 % | (50) | 100 % | (191) |
| M | 4 | 65 % | (150) | 35 % | (81) | 100 % | (231) |
| Yngre | | | | | | | |
| K | 8 | 61 % | (86) | 39 % | (54) | 100 % | (140) |
| M | 8 | 56 % | (97) | 44 % | (77) | 100 % | (174) |
| p: i.s. | | | | | | | |

I trykksvak stilling er det for V1 minimal forskjell mellom menn og kvinner. I alle tre generasjonane er det berre ein og to prosent som skil kvinner fra menn. I trykksterk stilling er

skilnaden mellom menn og kvinner noko større for alle generasjonane, og då er den tradisjonelle /e/-varianten meir frekvent blant kvinnene enn mennene.

6.4.2 V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering. Variantar: /me/ ↔ /meg/ + /e/ (berre i trykksterk).


Figur 20: V2.1 (t.sv.) og kjønn.



Tabell 27: V2.1 (t.sv.) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.1 (t.sv.) og kjønn | | | | | | | |
|-----------------------|---|--------------|------|-------------|------|--------------|------|
| N=29 | | me-sv | | meg-sv | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| K | 4 | 100 % | (17) | 0 % | (0) | 100 % | (17) |
| M | 3 | 91 % | (10) | 9 % | (1) | 100 % | (11) |
| Midaldra | | | | | | | |
| K | 4 | 73 % | (27) | 27 % | (10) | 100 % | (37) |
| M | 3 | 68 % | (40) | 32 % | (19) | 100 % | (59) |
| Yngre | | | | | | | |
| K | 8 | 59 % | (17) | 41 % | (12) | 100 % | (29) |
| M | 7 | 70 % | (21) | 30 % | (9) | 100 % | (30) |
| p: i.s. | | | | | | | |

Figur 21: V2.2 (t.st.) og kjønn.




Tabell 28: V2.2 (t.st.) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.2 (t.st.) og kjønn | | | | | | | | | |
|-----------------------|---|--------------|------|-------------|------|------------|-----|--------------|------|
| N= 22 | | me-st | | meg-st | | e-st | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| K | 2 | 88 % | (7) | 13 % | (1) | 0 % | (0) | 100 % | (8) |
| M | 1 | 100 % | (1) | 0 % | (0) | 0 % | (0) | 100 % | (1) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| K | 4 | 76 % | (16) | 24 % | (5) | 0 % | (0) | 100 % | (21) |
| M | 4 | 29 % | (7) | 71 % | (17) | 0 % | (0) | 100 % | (24) |
| Yngre | | | | | | | | | |
| K | 6 | 13 % | (2) | 87 % | (13) | 0 % | (0) | 100 % | (15) |
| M | 5 | 17 % | (2) | 83 % | (10) | 0 % | (0) | 100 % | (12) |
| p: i.s. | | | | | | | | | |

For V2 ser vi at den tradisjonelle varianten /me/ er meir frekvent hos kvinnene enn mennene blant dei eldre og dei midaldra. Hos dei yngre er det omvendt. Hos dei eldre og særleg dei midaldra informantane er det større skilnad mellom kjønna i trykksterk realisering enn i trykksvak realisering. Hos dei yngre er det liten skilnad mellom kjønna. Grunnen til at resultatet til dei midaldra ikkje er signifikant, trass i at skilnaden samla sett er relativt stor, er at individua innan gruppene har sprikande resultat.

6.4.3 V5: Diftongering av gno. á. Variantar: /aʊ/ ↔ /ɔʊ/ ↔ /ɔ/.

Figur 22: V5 (gno á) og kjønn.




Tabell 29: V5 (gno. á) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V5 (gno. á) og kjønn | | | | | | | | | |
|----------------------|---|-------|------|------|-------|-------|-------|-------|-------|
| N = 32 | | aʊ | | ɔʊ | | ɔ | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| K | 4 | 21 % | (51) | 37 % | (90) | 42 % | (101) | 100 % | (242) |
| M | 4 | 7 % | (11) | 20 % | (32) | 73 % | (117) | 100 % | (160) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| K | 4 | 15 % | (59) | 30 % | (116) | 55 % | (217) | 100 % | (392) |
| M | 4 | 9 % | (57) | 22 % | (138) | 69 % | (438) | 100 % | (633) |
| Yngre | | | | | | | | | |
| K | 8 | 0 % | (0) | 0 % | (1) | 100 % | (419) | 100 % | (420) |
| M | 8 | 0 % | (0) | 0 % | (2) | 100 % | (486) | 100 % | (488) |
| p: i.s. | | | | | | | | | |

Sjølv om det ikkje er statistisk signifikant forskjell mellom kjønna for V5, er det interessant å sjå at den tradisjonelle varianten er meir frekvent hos kvinnene enn blant mennene, både i den eldre og den midaldra generasjonen. Dette variasjonsmønsteret gjeld både om vi leser resultatet som + / ÷ diftongering og om vi leser det som /au/ kontra /ɔʊ/ kontra /ɔ/. Skilnaden mellom kvinner og menn er her størst blant dei eldre informantane.

6.4.4 V6: + / ÷ diftongering av e > /ai/ framfor -ng, -nk, -gg og -nsk. Variantar: + diftongering ↔ ÷ diftongering.

Figur 23: V6 og kjønn.



Tabell 30: V6 og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V6 og kjønn | | | | | | | |
|-------------|---|--------|------|--------|-------|-------|-------|
| N = 32 | | +dift. | | -dift. | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| K | 4 | 53 % | (36) | 47 % | (32) | 100 % | (68) |
| M | 4 | 32 % | (21) | 68 % | (45) | 100 % | (66) |
| Midaldra | | | | | | | |
| K | 4 | 44 % | (70) | 56 % | (88) | 100 % | (158) |
| M | 4 | 28 % | (41) | 72 % | (105) | 100 % | (146) |
| Yngre | | | | | | | |
| K | 8 | 0 % | (0) | 100 % | (113) | 100 % | (113) |
| M | 8 | 0 % | (0) | 100 % | (141) | 100 % | (141) |

p: i.s.

V6 viser same mønster som V5: Den tradisjonelle varianten er meir frekvent blant kvinnene enn mennene, både hos dei eldre og dei midaldra.

6.4.5 V7: Vokalrealisering av gno *iø* og kort *ø*. Variantar: tradisjonell variant: /ɔ/ ↔ ny variant: /ø/ eller /e/.

Figur 24: V7 og kjønn.




Tabell 31: V7 og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V7 og kjønn | | | | | | | |
|-------------|---|---------------|------|------------|------|----------|------|
| N = 32 | | trad. variant | | ny variant | | sum | |
| | | Eldre | | | | Midaldra | |
| K | 4 | 40 % | (8) | 60 % | (12) | 100 % | (20) |
| M | 4 | 45 % | (5) | 55 % | (6) | 100 % | (11) |
| | | | | | | | |
| | | Midaldra | | | | Yngre | |
| | | 44 % | (28) | 56 % | (35) | 100 % | (63) |
| K | 4 | 54 % | (32) | 46 % | (27) | 100 % | (59) |
| | | | | | | | |
| | | Yngre | | | | | |
| | | 13 % | (7) | 87 % | (46) | 100 % | (53) |
| M | 8 | 0 % | (0) | 100 % | (75) | 100 % | (75) |
| p: i.s. | | | | | | | |

Variasjonsmønsteret for V7 skil seg fra dei føregående, då den tradisjonelle varianten er noko meir frekvent blant mennene enn kvinnene. Hos dei yngre har alle sju belegga med tradisjonell variant opphav hos *ei* jente frå Tangen.

6.4.6 V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn. Variantar: + plosiv ↔ ÷ plosiv.

Figur 25: V8 og kjønn.



Tabell 32: V8 og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V8 og kjønn | | | | | | | |
|-------------|---|-------------|-------|--------------|------|--------------|-------|
| N = 32 | | + plosiv | | ÷ plosiv | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| K | 4 | 91 % | (60) | 9 % | (6) | 100 % | (66) |
| M | 4 | 51 % | (40) | 49 % | (38) | 100 % | (78) |
| Midaldra | | | | | | | |
| K | 4 | 86 % | (119) | 14 % | (20) | 100 % | (139) |
| M | 4 | 85 % | (158) | 15 % | (28) | 100 % | (186) |
| Yngre | | | | | | | |
| K | 7 | 0 % | (0) | 100 % | (61) | 100 % | (61) |
| M | 8 | 0 % | (0) | 100 % | (79) | 100 % | (79) |

p: i.s.

Hos dei eldre er den tradisjonelle varianten meir frekvent blant kvinner enn blant menn. Blant dei midaldra er det berre eitt prosentpoeng som skil kvinnene frå mennene. Hos dei yngre er det ikkje skilnader mellom kvinner og menn, då alle bruker utelukkande ÷plosiv.

6.4.7 V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønn (V9.1), bunden form eintal av hokjønn på -ing (V9.2) og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3).
Variantar V9.1 og V9.2 /i/ ↔ /a/ ↔ /en/. Variantar V9.3: /i/ ↔ /a/ ↔ /edn/ // /ene/

Figur 26: V9.1 (st. hokjønn) og kjønn.




Tabell 33: V9.1 (st. hokjønn) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V9.1 (st. hokjønn) og kjønn | | | | | | | | | |
|-----------------------------|---|-------------|------|-------------|------|-------------|------|--------------|------|
| N = 30 | | i | | a | | en | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| K | 4 | 76 % | (25) | 0 % | (0) | 24 % | (8) | 100 % | (33) |
| M | 4 | 67 % | (22) | 18 % | (6) | 15 % | (5) | 100 % | (33) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| K | 4 | 53 % | (42) | 4 % | (3) | 43 % | (34) | 100 % | (79) |
| M | 4 | 42 % | (31) | 1 % | (1) | 57 % | (42) | 100 % | (74) |
| Yngre | | | | | | | | | |
| K | 7 | 50 % | (22) | 2 % | (1) | 48 % | (21) | 100 % | (44) |
| M | 7 | 55 % | (24) | 25 % | (11) | 20 % | (9) | 100 % | (44) |
| p: i.s. | | | | | | | | | |

Når det gjeld *i*-endinga, er det relativt liten skilnad mellom kvinner og menn i alle tre generasjonane. Frå 6.3.9 hugsar vi at *en*-endinga gjeld orda *tida* og *verda*. Av tabellen og diagrammet ser vi at dette gjeld i sterkest grad hos høvesvis midaldra menn og kvinner og yngre kvinner.

Figur 27: V9.3 (st. inkjekjønn) og kjønn.



Tabell 34: V9.3 (st. inkjekjønn) og kjønn. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V9.3 (st. inkjekjønn) og kjønn | | | | | | | | | |
|--------------------------------|---|--------------|------|-------------|-----|-------------|-----|--------------|------|
| N = 27 | | i | | a | | edn/ene | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| K | 4 | 100 % | (19) | 0 % | (0) | 0 % | (0) | 100 % | (19) |
| M | 4 | 82 % | (9) | 18 % | (2) | 0 % | (0) | 100 % | (11) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| K | 4 | 100 % | (47) | 0 % | (0) | 0 % | (0) | 100 % | (47) |
| M | 4 | 86 % | (31) | 0 % | (0) | 14 % | (5) | 100 % | (36) |
| Yngre | | | | | | | | | |
| K | 5 | 75 % | (15) | 0 % | (0) | 25 % | (5) | 100 % | (20) |
| M | 6 | 75 % | (21) | 0 % | (0) | 25 % | (7) | 100 % | (28) |
| p: i.s. | | | | | | | | | |

Når det gjeld inkjekjønnssorda, hugsar vi fra 6.3.9 at *foreldra* var einast ord som skilde seg ut med endinga *-edn/-ene*. Tabellen og diagrammet over viser at det berre er midaldra menn og yngregruppa som bruker dette suffikset. Dei andre seier *foreldri*.

6.4.8 Oppsummering språk og kjønn

Den sosiale variabelen *kjønn* gav ikkje signifikant utslag for språkleg variasjon for nokon av dei språklege variablene i denne granskninga. Det tyder at det er liten språkleg skilnad mellom menn og kvinner i årdalsmålet i dag. Med unntak av V7, ser ein likevel at der det er skilnader, er dei tradisjonelle variantane er meir frekvente blant kvinner enn blant menn, og då særleg blant dei midaldra informantane.


6.5 Språk og lokalgeografisk tilhørsle

Bjørkum gir ein peikepinn på at det er språklege skilnader mellom Årdalstangen og Øvre Årdal når han skriv at ”mest av det gamle årdalsmålet har eg funne att hjå dei eldste i Ø.Å” (1968: 19). Ikkje minst gir følgjande sitat også ein peikepinn:

I Ø.Å. har bygdefolket vore mykje flinkare til å leia lag og samskipnader og halda liv i song-, musikk-, idrotts-, og ungdomslag enn på Årdalstg. Fabrikkane ligg i denne delen av bygdi, og dei fleste innflyttarane i Ø.Å. er fabrikkarbeidarar frå Sogn og Vestlandet oftast. Det vert då mindre sosiale skilnad mellom dei innflytte og bygdefolket, og her har bygdefolket betre greitt å halda på den gamle uttalen, for dei har vore meir dominerande enn på Årdalstg. (Bjørkum 1968: 28).

6.5.1 V1: Personleg pronomen, 1. person eintal, subjektsposisjon, trykksvak (V1.1) og trykksterk (V1.2) realisering. Variantar: /e/ ↔ /eg/.

Figur 28: V1.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle.




Tabell 35: V1.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V1.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---|---|-------------|-------|------------|------|-------------|-------|
| N=32 | | e-sv | | eg-sv | | sum | |
| | | Eldre | | | | Midaldra | |
| ÅT | 4 | 100% | (257) | 0% | (1) | 100% | (258) |
| ØÅ | 4 | 100% | (223) | 0% | (1) | 100% | (224) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 88% | (528) | 12% | (70) | 100% | (598) |
| ØÅ | 4 | 96% | (521) | 4% | (22) | 100% | (543) |
| Yngre 1 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 89% | (317) | 11% | (40) | 100% | (357) |
| ØÅ | 4 | 94% | (622) | 6% | (43) | 100% | (665) |
| Yngre 2 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 86% | (273) | 14% | (46) | 100% | (319) |
| ØÅ | 4 | 92% | (382) | 8% | (34) | 100% | (416) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: T , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: * , Y1: ÅT ≠ ØÅ: T , Y2: ÅY ≠ ØÅ: i.s.

I trykksvak realisering ser vi at i eldregenerasjonen bruker både øvringsane og tangingane den tradisjonelle varianten /e/ i 100 % av belegga. Hos dei midaldra og dei yngre derimot, er den tradisjonelle varianten meir frekvent hos informantane frå Øvre Årdal enn hos informantane frå Årdalstangen. Hos dei midaldra er det *tendens* til skilnad mellom øvringsar og tangingar. Tolkar vi dei yngre som *ei* samla gruppe, er det signifikant skilnad mellom tangingar og øvringsar. Deler vi ungdomsgenerasjonen i Y1 og Y2, er det *tendens* til skilnad mellom elevane på vidaregåande trinn, men ikkje signifikant skilnad mellom elevane på ungdomstrinnet – altså er informantane på ungdomstrinnet her ei meir homogen språkgruppe enn informantane frå vidaregåande trinn. I trykksvak stilling ser vi at same variasjonsmønsteret går igjen, men her er skilnadane ikkje signifikante, med unntak av hos dei midaldra:

Figur 29: V1.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle.




Tabell 36: V1.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V1.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---|---|------------|-------|------------|------|-------------|-------|
| N=32 | | e-st | | eg-st | | sum | |
| | | Eldre | | | | Midaldra | |
| ÅT | 4 | 96% | (109) | 4% | (5) | 100% | (114) |
| ØÅ | 4 | 97% | (93) | 3% | (3) | 100% | (96) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 55% | (115) | 45% | (96) | 100% | (211) |
| ØÅ | 4 | 83% | (176) | 17% | (35) | 100% | (211) |
| Yngre 1 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 61% | (36) | 39% | (23) | 100% | (59) |
| ØÅ | 4 | 66% | (29) | 34% | (15) | 100% | (44) |
| Yngre 2 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 53% | (52) | 47% | (46) | 100% | (98) |
| ØÅ | 4 | 58% | (66) | 42% | (47) | 100% | (113) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: * Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

6.5.2 V2: Personleg pronomen, 1. person eintal, objektsposisjon, trykksvak (V2.1) og trykksterk (V2.2) realisering. Variantar: /me/ ↔ /meg/ + /e/ (berre i trykksterk).

Figur 30: V2.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle.




Tabell 37: V2.1 (t.sv.) og l.geo. tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.1 (t.sv.) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---|---|-------|------|--------|------|------|------|
| N = 29 | | me-sv | | meg-sv | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| ÅT | 3 | 94% | (17) | 6% | (1) | 100% | (18) |
| ØÅ | 4 | 100% | (10) | 0% | (0) | 100% | (10) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 3 | 57% | (21) | 43% | (16) | 100% | (37) |
| ØÅ | 4 | 78% | (46) | 22% | (13) | 100% | (59) |
| Yngre 1 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 65% | (11) | 35% | (6) | 100% | (17) |
| ØÅ | 3 | 75% | (6) | 25% | (2) | 100% | (8) |
| Yngre 2 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 50% | (8) | 50% | (8) | 100% | (16) |
| ØÅ | 4 | 72% | (13) | 28% | (5) | 100% | (18) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: T , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: T , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

V2.1 viser same mønster som V1.1: Den nye varianten er meir frekvent hos tangingane enn øvringane i alle tre generasjonane. Hos dei eldre er det ikkje signifikant skilnad, men blant dei midaldra er det tendens til at øvringane og tangingane er ”to ulike grupper”. Som for V1, er det *tendens* til skilnad mellom Øvre og Tangen hos den yngre generasjonen viss vi tolkar han som *ei* samla gruppe. Deler vi ungdomsgenerasjonen i to, er det ikkje signifikant skilnad mellom øvringane og tangingane verken hos Y1 eller hos Y2. Også i trykksterk realisering ser vi same mønster for V2.2 som for V1.2, nemleg at den nye varianten er meir frekvent blant tangingane enn øvringane:

Figur 31: V2.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle.




Tabell 38: V2.2 (t.st.) og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V2.2 (t.st) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | | | |
|--|---|-------------|------|-------------|------|-----------|-----|-------------|------|
| N=22 | | me-st | | meg-st | | e-st | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| ÅT | 2 | 88% | (7) | 13% | (1) | 0% | (0) | 100% | (8) |
| ØÅ | 1 | 100% | (1) | 0% | (0) | 0% | (0) | 100% | (1) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 33% | (6) | 67% | (12) | 0% | (0) | 100% | (18) |
| ØÅ | 4 | 63% | (17) | 37% | (10) | 0% | (0) | 100% | (27) |
| Yngre 1 | | | | | | | | | |
| ÅT | 3 | 20% | (2) | 80% | (8) | 0% | (0) | 100% | (10) |
| ØÅ | 1 | 50% | (1) | 50% | (1) | 0% | (0) | 100% | (2) |
| Yngre 2 | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 0% | (0) | 100% | (6) | 0% | (0) | 100% | (6) |
| ØÅ | 3 | 11% | (1) | 89% | (8) | 0% | (0) | 100% | (9) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. M: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

6.5.3 V5: Diftongen /au/ for gno. á. Variantar: /au/ ↔ /ɔʊ/ ↔ /ɔ/

Figur 32: V5 (gno. á) og lokalgeografisk tilhørsle.



Tabell 39: V5 (gno. á) og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit Belegg i parentes.


| V5 (gno. á) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | | | |
|--|---|------------|------|------------|-------|-------------|-------|-------------|-------|
| N = 32 | | av | | ɔʊ | | ɔ | | sum | |
| | | Eldre | | | | Midaldra | | | |
| ÅT | 4 | 12% | (26) | 25% | (54) | 63% | (136) | 100% | (216) |
| ØÅ | 4 | 19% | (36) | 37% | (68) | 44% | (82) | 100% | (186) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 6% | (38) | 12% | (72) | 81% | (481) | 100% | (591) |
| ØÅ | 4 | 18% | (78) | 42% | (182) | 40% | (174) | 100% | (434) |
| Yngre | | | | | | | | | |
| ÅT | 8 | 0% | (0) | 0% | (1) | 100% | (477) | 100% | (478) |
| ØÅ | 8 | 0% | (0) | 0% | (2) | 100% | (428) | 100% | (430) |

p(ao): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: T , Y: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(åo): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: *** , Y: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(å): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: * , Y: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

Også for V5 ser vi same mønster som for V1 og V2: Anten ein les resultatet som +/÷ diftongering eller /au/ kontra /ɔʊ/ kontra /ɔ/, er det tradisjonelle språkdraget meir frekvent hos informantane frå Øvre Årdal enn hos informantane frå Årdalstangen. Hos dei midaldra er det a) *tendens* til skilnad mellom øvringsar og tangeringar for /au/-varianten, b) svært høg signifikans når det gjeld /ɔʊ/-varianten og c) signifikant skilnad når det gjeld /ɔ/-varianten.

6.5.4 V6: + / ÷ diftongering av e > /ai/ framfor -gg, -ng, -nk, og -nsk. Variantar: + diftongering ↔ ÷ diftongering

Figur 33: V6 og lokalgeografisk tilhørsle.



Tabell 40: V6 og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit Belegg i parentes.


| V6 og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---------------------------------|---|---------|------|---------|-------|------|-------|
| N = 32 | | + dift. | | ÷ dift. | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| ÅT | 4 | 42% | (30) | 58% | (42) | 100% | (72) |
| ØÅ | 4 | 44% | (27) | 56% | (35) | 100% | (62) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 17% | (27) | 83% | (128) | 100% | (155) |
| ØÅ | 4 | 56% | (84) | 44% | (65) | 100% | (149) |
| Yngre | | | | | | | |
| ÅT | 8 | 0% | (0) | 100% | (136) | 100% | (136) |
| ØÅ | 8 | 0% | (0) | 100% | (118) | 100% | (118) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: * , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s.

Blant dei eldre er det for denne diftongen berre eitt prosentpoeng som skil øvringane frå tangingane. Blant dei midaldra derimot, er det signifikant skilnad: Informantane frå Tangen diftongering i 17% av belegga, medan informantane frå Øvre har diftongering i 56% av belegga. Vi kan merke oss at både for V5 og V6 er det ikkje signifikante skilnader mellom øvringar og tangingar i den eldre og den yngre generasjonen, men at det *er* signifikante skilnader mellom øvringar og tangingar i den midaldra generasjonen.

6.5.5 V7: Vokalrealisering av gno *iø* og kort *ø*. Variantar: tradisjonell variant (/ɔ/) ↔ ny variant (/ø/ eller /e/).

Figur 34: V7 og lokalgeografisk tilhørsle.



Tabell 41: V7 og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V7 og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---------------------------------|---|---------------|------|------------|------|------|------|
| N = 32 | | trad. variant | | ny variant | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| ÅT | 4 | 41% | (7) | 59% | (10) | 100% | (17) |
| ØÅ | 4 | 43% | (6) | 57% | (8) | 100% | (14) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 13% | (8) | 87% | (53) | 100% | (61) |
| ØÅ | 4 | 85% | (52) | 15% | (9) | 100% | (61) |
| Yngre 1 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 0% | (0) | 100% | (10) | 100% | (10) |
| ØÅ | 4 | 0% | (0) | 100% | (7) | 100% | (7) |
| Yngre 2 | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 13% | (7) | 88% | (49) | 100% | (56) |
| ØÅ | 4 | 0% | (0) | 100% | (55) | 100% | (55) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: ** , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

V7 viser liknande variasjonsmønster som V6: Det er svært lik distribusjon blant eldre øvringer og eldre tandingar, men blant dei midaldra er det annleis. Her er det høg signifikant skilnad der den tradisjonelle varianten er meir frekvent hos informantane frå Øvre Årdal enn informantane frå Årdalstangen. Hos dei yngre er det ikkje signifikant skilnad, verken blant Y1 eller Y2. Grunnen er at alle belegga blant Y2 kjem frå ein og same person, "Tonje".

**6.5.6. V8: +/÷ plosiv i bunden form fleirtal av hankjønn og hokjønn. Variantar: + plosiv
↔ ÷ plosiv.**

Figur 35: V8 og lokalgeografisk tilhørsle.



Tabell 42: V8 og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.


| V8 og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | |
|---------------------------------|---|------------|-------|-------------|------|-------------|-------|
| N = 32 | | +plosiv | | ÷ plosiv | | sum | |
| | | Eldre | | | | | |
| ÅT | 4 | 50% | (34) | 50% | (34) | 100% | (68) |
| ØÅ | 4 | 87% | (66) | 13% | (10) | 100% | (76) |
| Midaldra | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 80% | (117) | 20% | (30) | 100% | (147) |
| ØÅ | 4 | 90% | (160) | 10% | (18) | 100% | (178) |
| Yngre | | | | | | | |
| ÅT | 8 | 0% | (0) | 100% | (86) | 100% | (86) |
| ØÅ | 8 | 0% | (0) | 100% | (54) | 100% | (54) |

p: E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s.

V8 vik av frå dei føregåande variablane ved at det er skilnad mellom eldre øvringar og eldre tangingar. Skilnaden er likevel ikkje signifikant fordi utslaget for ÷plosiv hos eldre tangingar kjem frå *ein* informant, "Trond". Ser vi på medianen for dei eldre tangingane, er denne 95 % +plosiv, altså er stolpen for denne gruppa misvisande for *gruppa som heilskap*. Heller ikkje blant dei midaldra eller dei yngre er det signifikant skilnad mellom øvringane og tangingane.

6.5.7 V9: Utlyd i bunden form eintal av sterke hokjønn (V9.1) og hokjønn på -ing (V9.2), og bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn (V9.3). Variantar V9.1 og V9.2: /i/ ↔ /a/ ↔ /en/. Variantar V9.3: /i/ ↔ /a/ ↔ /edn/ / /ene/.

Figur 36: V9.1 (st. hokjønn) og lokalgeografisk tilhørsle.




Tabell 43: V9.1 (st. hokjønn) og lokalgeografisk tilhørsle. Prosent i feit. Belegg i parentes.

| V9.1 (st. hokjønn) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | | | |
|---|---|-------------|------|------------|-----|------------|------|-------------|------|
| N = 30 | | i | | a | | en | | sum | |
| | | Eldre | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 65% | (22) | 18% | (6) | 18% | (6) | 100% | (34) |
| ØÅ | 4 | 78% | (25) | 0% | (0) | 22% | (7) | 100% | (32) |
| Midaldra | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 38% | (25) | 3% | (2) | 59% | (39) | 100% | (66) |
| ØÅ | 4 | 55% | (48) | 2% | (2) | 43% | (37) | 100% | (87) |
| Yngre 1 | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 65% | (11) | 12% | (2) | 24% | (4) | 100% | (17) |
| ØÅ | 2 | 100% | (8) | 0% | (0) | 0% | (0) | 100% | (8) |
| Yngre 1 | | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 57% | (16) | 14% | (4) | 29% | (8) | 100% | (28) |
| ØÅ | 4 | 31% | (11) | 17% | (6) | 51% | (18) | 100% | (35) |

p(i): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(a): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(en): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , M: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s. , Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

For V9 er gir *lokalgeografisk tilhørsle* ikkje signifikant utslag for variasjon i nokon av generasjonane. I 6.3.9. nemnde eg at *en*-suffikset berre gjaldt orda *tida* og *verda*. Tabellen og diagrammet over viser at dette finn vi hos alle gruppene med unntak av øvringsar i Y2. Av dei midaldra og Y1 er det fleire tandingar som seier *tiden* (i staden for *ti'i*) enn øvringsar (j.f. 6.3.9.).

Figur 37: V9.3 (st. inkjekjønn) og lokalgeografisk tilhørsle.



Tabell 44: V9.3 (st. inkjekjønn) og lokalgeografisk tilhørsle.

| V9.3 (st. inkjekjønn) og lokalgeografisk tilhørsle | | | | | | | | |
|--|-------|------|------|-----|---------|-----|-----|-----------|
| N = 27 | i | | a | | edn/ene | | sum | |
| | Eldre | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 86% | (12) | 14% | (2) | 0% | (0) | 100% (14) |
| ØÅ | 4 | 100% | (16) | 0% | (0) | 0% | (0) | 100% (16) |
| Midaldra | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 88% | (30) | 0% | (0) | 12% | (4) | 100% (34) |
| ØÅ | 4 | 98% | (48) | 0% | (0) | 2% | (1) | 100% (49) |
| Yngre 1 | | | | | | | | |
| ÅT | 2 | 100% | (3) | 0% | (0) | 0% | (0) | 100% (3) |
| ØÅ | 2 | 100% | (4) | 0% | (0) | 0% | (0) | 100% (4) |
| Yngre 2 | | | | | | | | |
| ÅT | 4 | 65% | (15) | 0% | (0) | 35% | (8) | 100% (23) |
| ØÅ | 3 | 78% | (14) | 0% | (0) | 22% | (4) | 100% (18) |

p(i): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s., M: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(a): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s., M: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.
p(edn/ene): E: ÅT ≠ ØÅ: i.s., M: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y(samla): ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y1: ÅT ≠ ØÅ: i.s., Y2: ÅT ≠ ØÅ: i.s.

Resultata for inkjekjønnssorda viser at *edn/ene*-endinga berre er å finne hos midaldra og hos Y2, og då både hos tangingar og øvringar. Heller ikkje for V9c er det signifikante skilnader mellom øvringar og tangingar, men vi kan merke oss at i yngregenerasjonen, er det berre ungdommane på ungdomstrinnet som seier *foreldrene*, medan ungdommane på vidaregåande seier foreldri (j.f. 6.3.9).

6.5.8 Oppsummering språk og lokalgeografisk tilhørsle

Bjørkum (1968: 19 og 28) fann det meste av det gamle årdalsmålet hos dei eldste i Øvre Årdal, og at bygdefolket i Øvre ”betre har greitt å halda på den gamle uttalen” enn dei på Ådalstangen. I det nyinnsamla materialet finn eg same tendensane, og mønsteret er at dei tradisjonelle variantane framleis er noko meir frekvente hos informantane frå Øvre Årdal enn

informantane frå Årdalstangen. Likevel er utslaga signifikante berre for nokre av variablane, og i all hovudsak gjeld dette *berre dei midaldra*. I den midaldra gruppa var det signifikante skilnader mellom tangingar og øvringer både i pronomensystemet og ikkje minst for V5 og V6 (diftongane), V7 (/ɔ/-uttalen) og V8 (+/÷ plosiv) Hos dei eldre er det ikkje signifikante skilnader mellom øvringer og tangingar for nokon av variablane. Hos dei yngre *samla sett* er det berre signifikant skilnad for V1.1 (t.sv. *eg*) og V2.1 (t.sv. *meg*). For Y1 er det berre *tendens* til skilnad for V1.1. For Y2 er det ingen signifikante skilnader for nokon av variablane. Følgjeleg er Y1 og Y2 homogene grupper språkleg sett, og det ikkje er språklege skilnader mellom Y1 og Y2.

6.6 Andre funn

Eg vil her kommentere nokre funn som eg ikkje presenterer statistisk, men som eg likevel har registrert under innsamlinga og handsaminga av datamaterialet:

- 1) Pronomen som tar til med *d* (*du, deg, de, dikka*) får eit skifte til *r* i framlyd når pronomenet står trykklett inni ei setning og kjem etter vokal, som i *Du må skunda deg*: /du ma^o ²skunda're/.
- 2) Som nemnt i grammatikkskissa, har årdalsmålet tradisjonelt dei sørvestlandske konsonantovergangane kor *ll* > /dl/, *rl* > /dl/, *rn* > /dn/, og *fn* > /bm/. I det nyinnsamla materialet er desse i dag assimilerte hos dei yngre slik at *ll* > /l/, *rl* > /rl/, *rn* > /rn/, men med unntak av det som ser ut til å ha blitt eit fastfrose uttrykk: *gjerne* (adv.) /²jedna/, som vi finn i uttrykk som *Du har vel allereie hørt den sangen, gjerne*. For *rl* og *rn* fann eg elles ikkje døme på retrofleksar
- 3) *u*-lyden, som i Bjørkum si gransking blir skildra med ”tydeleg europeisk klang”, har ikkje lenger europeisk kvalitet hos dei yngre, men blir realisert som den norsk-svenske. Hos dei eldre og dei midaldra høyrdes eg både europeisk og norsk-svensk uttale.
- 4) Nokre av ungdommane brukte preposisjonen *av* i staden for *hos* i uttrykk som: ”Eg var *av* ho mamma” og ”Då er det full fest *av* oss, liksom”. Eg har få belegg på dette, men eine læraren på ungdomsskulen fortalte at han til vanleg høyrd ungdommane seie dette.

7 DRØFTING AV RESULTAT

7.1 Innleiing

I dette kapittelet vil eg drøfte korleis funna i resultatkapittelet svarer til forskingsspørsmåla (jf. 1.2) og hypotesane (jf. 4.7). Dei sentrale spørsmåla er: Kva endringar har skjedd i årdalsmålet sidan Bjørkum si undersøking? Kva pregar den synkrone variasjonen i dag? Kva kan forklare eventuelle endrings- og variasjonsmønster, i kva grad syner koinéformingsprosessen seg, og kva har industrialiseringa og industrikulturen hatt å seie for talemålsutviklinga? For å svare på dette, vil eg først gå nærmare inn på den språklege variasjonen *innanfor* dei tre generasjonane (avsnitt 7.2–7.5). Deretter vil eg gi svar og refleksjonar knytt til kvar av hypotesane (avsnitt 7.6). Den første delen av kapittelet fokuserer på koinéforminga og variasjonen mellom generasjonane, medan den andre delen fokuserer på dei sosiale variablane.

7.2 Pronomensystemet: Frå fokus til variasjon

Personlege pronomen er *markerte* og *signalsterke* språkdrag som er sterkt forankra i medvitet vårt. Dette finn vi mellom anna uttrykk for hos Sandøy (1987: 139), som skriv at både for det personlege pronomenet *eg* og nektingsadverbet *ikkje*, er den varianten som høyrer til oppvekstspråket svært markert som solidaritetsmarkør. Viss ein person går over frå /eg/ til /jæi/ blir dette oppfatta som sterk knoting i mykje sterkare grad enn viss endringa skjer med andre, mindre markerte språkdrag. Også Solheim (2006) sine funn frå Høyanger underbygger dette poenget: I Høyanger hadde den austnorske forma /jæi/ opphavleg rot hos innflyttarane med austnorsk tilknyting og hos det øvste sosiale laget. I koinéformingsprosessen spreidde denne austnorske varianten seg til arbeidarmiljøa. Det same gjorde den austnorske forma *ikke*. På grunn av dette, fekk talemålet til generasjon II eit austnorsk preg. I den fokuserte dialekten derimot, måtte dei austnorske formene vike for dei opphavlege formene *eg* og *ikkje* igjen. Årsaka var, ifølgje Solheim, at *jeg* og *ikke* vart oppfatta som sterkt sosialt markerte former. Sjølv om dei austnorske formene i dag berre finst unntaksvis i den fokuserte høyangerdialekten, trekker fleire av Solheim sine informantar fram nett dei austnorske formene *jeg* og *ikke* som særdrag ved høyangerdialekten (Solheim 2006: 21, 220 og 238).

I Årdal kom 8% av tilflyttarane frå Austlandet, men i mitt materiale har eg ikkje funne døme på at *jeg*-forma spreidde seg, verken i faktisk eller rapportert språkbruk. Likevel har nye variantar kome til også i Årdal. Paradigmet for det *tradisjonelle* årdalsmålet viste at pronomena *eg*, *meg* og *deg* vart realiserte *utan g*-utlyd: /e/, /me/ og /de/, både i trykksterk og

trykksvak realisering. Talemålsdataa frå nyinnsamlinga viser at i dagens årdalsdialekt har variantar *med g*-utlyd kome til: /eg/, /meg/ og /deg/.

7.2.1 Formene med *g* i utlyd: Nye variantar, men på frammarsj eller tilbaketog?

Resultatkapittelet viste at dei tradisjonelle variantane var dei mest frekvente hos alle dei tre generasjonane. Slik står desse framleis sterkt i det fokuserte årdalsmålet. Hos eldregruppa var dei tradisjonelle variantane så godt som einerådande i dag, slik som dei var både blant yngre og eldre då Bjørkum gjorde si gransking. Hos eldregenerasjonen finn vi dermed ikkje uttrykk for livsfaseendring eller verkeleg historisk endring for denne variabelen.

Dei nye variantane *med g*-utlyd finn vi i dag hos *dei midaldra* og *dei yngre* informantane – altså personar som har vakse opp etter 1950. Dette gjer det nærliggande å argumentere for at dei nye formene kan ha kome til og spreidd seg på grunn av den store tilflyttinga på 50- og 60-talet. Variasjonen mellom /e/ og /eg/ i dagens dialekt kan slik vere døme på det som Siegel (1985: 363) kallar ”mixture of features” – eller med Trudgill (1986: 107–108) sine ord (oversett): at variantane er element frå dei ulike dialektane som gjekk inn i blandinga. Når eg her skal drøfte formene med *g*-utlyd, vil eg gjere det ved å ta føre meg den mest markerte og frekvente av dei, nemleg V1 (første person eintal, subjektsform): /e/ kontra /eg/.³⁵

Tek ein utgangspunkt i at ein koinéformingsprosess *har* gått føre seg i årdalsmålet, kan *ei* forklaring på dei nye formene vere at *majoritetsprinsippet* har gjort seg gjeldande. Ser vi på statistikken over kor innbyggjarane i Årdal kom frå i 1970 (jf. figur 5, kapittel 2), taler denne for at ein stor del av tilflyttarane må ha hatt /eg/ i oppvekstspråket sitt: ca. 60% av innbyggjarane kom frå Indre - og Midtre Sogn og 14% kom frå andre delar av Sogn og Fjordane. Omrent 74% av innflyttarane kom altså frå Sogn og Fjordane. 8% kom frå Hordaland, Rogaland og Agder. Med utgangspunkt i Amund B Larsen (1926: 548–549) og Bjørkum (1974: 197), kan vi sette opp følgjande oversikt over kva variantar av *eg* som var vanlege kor i Sogn og Fjordane + Valdres i 1970-åra:


³⁵ Fleire undersøkingar, mellom anna Nornes (2011) og Doublet (2011), slår saman pronomena *eg*, *meg* og *seg* til *ein* variabel. Doublet (2011: 34) si grunngjeving er at ho med dette får fleire belegg. Nornes (2011: 29) refererer til Nesse (1994), som har argumentert for at ei samanslåing kan vere legitimt fordi det ikkje er noko vesentleg skilnad i den sosiale betydinga til formene. I resultatkapittelet valde eg å ikke lå lå saman *eg*, *meg* og *deg* fordi eg ville å ta høgde for at variasjonsmönstra kunne vere ulike for dei tre. Resultata viste at dei oppførte seg nokså likt. Når eg her drøftar $+/\div g$ i utlyd med utgangspunkt i V1 (*eg*), legg eg til grunn at denne drøftinga også gjeld for, eller kan overførast til V2 (*meg*) og V3 (*deg*).

| Berre /e/ | Både /e/ og /eg/ | Berre /eg/ |
|--|---|---|
| <p><i>Årdal</i> (Indre Sogn) <i>Lærdal</i> (Indre Sogn) <i>Valdres</i> (Oppland)</p> | <p><i>Luster</i> (Indre Sogn) <i>Aurland</i> (Midtre Sogn)</p> | <p><i>Jostedalen</i> (Luster i Indre Sogn) <i>Hafslø</i> (Luster i Indre Sogn) <i>Sogndal</i> (Midtre Sogn) <i>Leikanger</i> (Midtre Sogn) <i>Balestrand</i> (Midtre Sogn) <i>Vik</i> (Midtre Sogn) <i>Hyllestad</i> (Ytre Sogn) <i>Gulen</i> (Ytre Sogn) <i>Sulen</i> (Nord-Hordaland)</p> |

Slår ein saman statistikken over kor innflyttarane kom frå med tabellen ovanfor, taler dette for at mange av innflyttarane i Årdal må ha hatt med seg /eg/-varianten. I tillegg til innflyttarane frå Sogn og Fjordane må vi også rekne med at /eg/-varianten har vore vanleg blant innflyttarane frå Hordaland, Rogaland og Agder (som utgjorde 8,2 % av innbyggjarane). I lys av dette blir det mest oppsiktsvekkande kanskje *at* nye variantar med *g*-utlyd har kome til, men heller *at dei ikkje har fått større gjennomslag* i den fokuserte dialekten. Til dette må ein ha i minne at resultata mine gjeld den fokuserte dialekten, altså *produktet* av koinéformingsprosessen, og at eit sannsynleg scenario kan vere at variantane med *g*-utlyd (saman med andre variantar) har vore meir utbreidde på eit tidlegare stadium i koinéforminga.

I dagens årdalsdialekt eksisterer variantane /e/ og /eg/ parallelt. Dei to variantane har ulik plassering på s-kurva: /e/-varianten er den dominerande kollektive norma i alle tre generasjonane og ligg høgt på spreiingskurva, medan /eg/-varianten ligg lågt på spreiingskurva, med mindre han blir realisert trykksterkt. Dette er kjenneteiknet for variasjonsmønsteret mellom gruppene *samla sett*, men korleis fordeler variantane seg *innanfor* generasjonane? Diagrammet under viser spreiingsmønsteret for V1.1 (trykksvak /e/ kontra /eg/). Dette er ein binær variabel og diagrammet viser spreiinga av den tradisjonelle varianten /e/:

Figur 38: Spreiingsdiagram for V1.1: /e/



Spreiingsmønsteret har ei såkalla vifteform og vi kan karakterisere variasjonsmønsteret som *fokus hos generasjon I → variasjon hos generasjon II → meir variasjon hos generasjon III*. Interessant nok, er dette motsett av kva ein skulle vente dersom koinéformingsprosessen skulle spegle seg. Då skulle ein vente *fokus i generasjon I → variasjon i generasjon II → fokus i generasjon III*. Spreiingsdiagrammet stadfestar likevel at a) den tradisjonelle varianten er meir utbreidd hos den eldre generasjonen og b) at det er meir intra- og interindividuell variasjon hos dei midaldra. Vidare avkreftar diagrammet at den yngre generasjonen har eit meir fokusert og homogent talemål enn dei to andre generasjonane. Tvert om, er det for denne variabelen mest variasjon hos generasjon III.

Spørsmålet som ein her må stille seg er: *Kva motiverer variasjonen mellom dei to variantane?* I resultatkapittelet såg vi ein klar tendens til at dei nye formene var meir frekvente når dei vart realiserte som trykksterke, men dette forklarer ikkje diagrammet over, som viser *trykksvak* realisering. Ut frå eksternspråklege faktorar kan det tenkast at dei to variantane ber i seg ulike verdiladingar. Også i mitt materiale fann eg døme på at dette språktrekket er sterkt forankra i medvitet til språkbrukarane. Då ein av informantane mine skulle skildre talemålet til bestefaren, sa ho at *Han seier no nesten berre bokstavar når han pratar. Sånn som "eg", då seier han berre "e"*. Informanten oppfatta /e/ som eit tradisjonelt språkdrag, og "rapporterte" at ho sjølv seier /eg/.

Resultatkapittelet viste også at *generasjon* og *lokalgeografisk tilhørsle* gav utslag for variasjon på denne variabelen. Den tradisjonelle varianten var mest frekvent blant dei eldre. Blant dei midaldra og dei yngre var det signifikante skilnader mellom øvrингar og tangingar. Her var den tradisjonelle varianten meir frekvent hos øvringane enn hos tangingane. Dette

resultatet er kanskje motsett av kva ein skulle forvente. Øvre Årdal er den av dei to tettstadene som har hatt størst tilflytting. Følgjeleg skulle ein vente meir dialektblanding og ”mixed features” her. *Ei* forklaring kan derfor kanskje ligge i at *verdiorientering* og *prestisje* knytt til *dei to variantane* har vore styrande mekanismar. /e/-varianten blir oppfatta som eit tradisjonelt drag, men samstundes markerer han lokal tilhørsle. Det at den tradisjonelle varianten var meir frekvent hos øvringane enn tangingane kan derfor vere uttrykk for at det tradisjonelle trekket som markerer lokal tilhørsle har meir prestisje i Øvre Årdal enn på Årdalstangen. Eit anna høve som kan vere verdt å ta med i vurderinga her, er at Øvre Årdal historisk har hatt meir kontakt austover mot Valdresområdet. Som eg nemnde i kapittel 2, hadde Årdal lenge berre vegsamband austover frå Øvre Årdal og over til Tyin, der ein kunne reise vidare til Valdres eller over Filefjell til Lærdal. Årdalstangen på si side ligg nærmare Midtre Sogn der /eg/-varianten er norma.

I avsnitta over tek eg til orde for at *språkeksterne* forklaringar som *tilflyttinga*, *koinéforminga* og *prestisje* kan vere årsaker til at vi i dag finn variasjon mellom *to* variantar for personleg pronomen første person eintal i årdalsmålet. Kva så med *språkinterne* forklaringar? Som nemnt, viste resultatkapittelet at formene *med g*-utlyd var meir frekvente når pronomenet vart realisert trykksterkt. Ifølgje Skjekkeland (2005: 106) er det at pronomenet får ulik form etter som det har trykk eller ikkje i samsvar med variasjonsmønsteret til ”dei fleste dialektane”. Men igjen kan ikkje dette argumentet forklare kvifor det er variasjon for *trykklett* realisering. Eg trur at eit interessant spørsmål her kan vere om *språkstrukturelle tilhøve*, som til dømes lydlege omgivnader, også kan fremme veksling mellom /e/ og /eg/. Kan *g*-en til dømes fungere som ei hiatushindring når /e/ blir etterfølgd av vokal?

For å finne ut av dette gjekk eg inn i materialet igjen og tok føre meg dei trykksvake realiseringane av /e/ og /eg/. Intensjonen var å undersøke om der var noko mønster for kva segment som kom etter pronomenet. Eg tok først føre meg belegga *med g*-utlyd for V1, V2 og V3 (/eg, meg, deg/, totalt 309 belegg) og registrerte om segmentet som kom etter starta på *vokal, konsonant, h*, eller om pronomenet kom *til slutt i talesyntagmet*. Trykksvake belegg *utan g*-utlyd hadde svært mange belegg, så for desse gjorde eg eit tilfeldig utval på 1000 ord i materialet. Med denne testen registrerte eg følgjande:

| Trykksvak /e, me, de/ (av 309 ord) | Etterfølgande segment | Trykksvak /eg, meg, deg/ (av 1000 ord) |
|---------------------------------------|-----------------------|---|
| 61% | <i>konsonant</i> | 21% |
| 12% | <i>vokal</i> | 33% |
| 15% | <i>h</i> | 10% |
| 12% | <i>pause</i> | 36% |

Tabellen viser at variantane *utan g* i utlyd er meir frekvente framfor *konsonant* enn framfor vokal, og at variantane *med g*-utlyd er meir frekvente framfor *vokal* enn framfor konsonant. Vi kan også merke oss at variantane *med g*-utlyd er mest frekvente (i dette utvalet) når dei står til slutt i talesyntagmet. Det kan altså sjå ut til at a) trykksterk realisering, b) at pronomenet kjem føre vokal og c) at pronomenet står til slutt i talesyntagmet kan vere internspråklege faktorar som fremjar variantane *med g*-utlyd.

Når det gjeld vekslinga mellom /e/ og /eg/, vil eg til slutt trekke fram det eg trur er eit viktig poeng. Som Sandøy (1987: 139) skriv, er personlege pronomen markerte og signalsterke språkdrag og det kan bli oppfatta som knot dersom nokon plutselig endrar uttalen av desse. Når det gjeld personlege pronomen, trur eg derfor at språkinterne faktorar *i seg sjølv* vanskeleg kan framprovosere nye former. I min dialekt, til dømes, har finst berre former *utan g*-utlyd og det ville blitt oppfatta som knot eller ”rart” dersom nokon plutselig starta å seie /eg/ eller /ej/ i staden for /e/. For Årdal sitt tilfelle trur eg derfor at tilflyttinga er ei viktig forklaring til at nye variantar med *g*-utlyd kom til. Vidare trur eg at *så snart dei to variantane eksisterte side om side*, låg føresetnad til rette for at internspråklege faktorar kunne gjere seg gjeldande og ytterlegare fremme variasjon mellom dei to variantane. Spreiingsdiagrammet, tabellen over og det at eldregenerasjonen ikkje vekslar mellom /e/ og /eg/ (i trykksvak realisering) er tilhøve som kan underbygge dette poenget.

Om det er formene med eller utan *g*-utlyd som er på offensiven eller defensiven i årdalsmålet er vanskeleg å seie noko om. Det kan berre ei framtidig undersøking slå fast. Dei tradisjonelle variantane *utan g* i utlyd har sin styrke i at dei er årdalsvariantar og solidaritetsmarkørar, medan variantane *med g* i utlyd har sin styrke i at dei fell saman med den regionale norma i Sogn og Fjordane og Hordaland, og at dei har støtte i skriftspråket. Og kven veit – kanskje vil *variasjon* mellom /e/ og /eg/ bli norma, heller enn fokusering til ein av dei?

7.2.2 ”Kasuskjensla”: Tilbake, *men ...?*

Bjørkum (1968) gjorde interessante funn om pronomensystemet tidleg på 60-talet då han fann at yngre ”øvringer” (fødde mellom 1930 og 1950) brukte subjektsformene /e/ og /du/ i

objektsposisjon, men då berre i trykksterk realisering. Slik kunne ein høyre ytringar som ”Dei ropa på *du*” og ”Kjem du til eg?”. Bjørkum konstaterer at ”[...] kasuskjensla er heilt borte” (1968: 207).

Arne Torp (1993) har argumentert for at dette fenomenet hadde samanheng med dialektblandinga som følgde innflyttinga til Øvre Årdal. Ifølge Torp er samanhengen med aluminiumsverket ”ganske opplagt”. Eg vil her argumentere for det motsette, nemleg at fenomenet eksisterte *før* industriutbygginga, og at innflyttinga og dialektblandinga heller har bidrøye til at fenomenet *ikkje* skaut fart på s-kurva. Kontrafaktisk utvikling er vanskeleg å seie noko om, men Bjørkum skriv at på eitt tidspunkt brukte alle unge øvringar i skulen desse formene på denne måten. Dette taler for at fenomenet på 60-talet må ha kome ganske langt i spreingsprosessen.

At dette språkdraget eksisterte *før* innflyttinga finn vi uttrykk for hos Bjørkum (1968: 207). Granskinga hans kom ut i 1968 og allereie då konstaterer han at fenomenet truleg er 30-40 år gammalt. Ein av informantane hans som var fødd rundt 1900 fortalte at fenomenet eksisterte allereie då ho gjekk på skulen – altså må det ha eksistert allereie tidleg på 1900-talet. Dette kasussamanfallet vart i starten berre nytta av folka frå garden Øyri i Øvre Årdal og vart derfor kalla *øyraspraok*. Ifølge Bjørkum spreidde fenomenet seg så til dei andre unge i Øvre Årdal. Sidan alle barna frå sidedalane gjekk på skule på Farnes, spreidde fenomenet seg til dei også. Når det gjeld bruken av /e/ skriv Bjørkum (1968: 208) at ”same tendensen er til stades”, men at det er for tidleg å seie om han vil vinne fram.

I det nyinnsamla materialet har eg ingen belegg på at /e/ og /du/ blir brukte i objektsform, men det manglar ikkje på metaspråklege kommentarar på dette språktrekket. Mange av informantane trekte fram dette som ”feilspråk” og eit finurleg fenomen i årdalsmålet. Øyunn (i mellomgenerasjonen) fortalte meg at ”*det der var noko som dei lo av oss øvringane før*”. Også hos Bjørkum (1968: 207–208) finn vi uttrykk for at dette språktrekket vart utsett for korrektiv og sanksjonar. To av Bjørkum sine informantar fortalte at dei hadde vant seg av med å bruke det fordi foreldra hadde plukka det av dei, og fordi andre årdølar herma etter dei.

”du-fenomenet” eksisterte altså i Årdal *før* industriutbygginga tok til. I tida fram til Bjørkum si undersøking spreidde det seg, og på 60-talet var eit markert trekk for unge øvringar. Dei som brukte det fekk likevel korrektiv og negative sanksjonar, både av sambygdingar og folk utanfrå fordi det vart oppfatta som ”rart” og ”feil”. Oppfatninga mi er at då innflyttinga kom, må spreininga av dette språktrekket ha stagnert og gått tilbake på s-kurva. Fenomenet eksisterer

framleis i dag, men mine kjelder taler for at vi berre finn det som spreidde døme. Fleire av informantane mine fortalte at dei kjende til personar, særleg i mellomgenerasjonen, som framleis sa *du* i staden for *deg*, men dette oppfatta dei som ”rart” og meir ”uvanleg” i dag.

For å bruke Bjørkum sine ord, ser det ut til at ”kasuskjensla” har kome tilbake for *eg* og *du*, men det same ser ikkje ut til å gjelde for andre person fleirtal. I det nye materialet er der nemleg belegg på kasussamanfall for dette pronomenet. I materialet frå nyinnsamlinga har eg belegg på at objektsforma /dika/ blir brukt i subjektsposisjon i staden for subjektsforma /de/. Fordi dette er ein lågfrekvent variabel har eg ikkje *mange* belegg, med unntak av den eine intervjuaren min frå Øvre. Han bruker objektsforma /²dika/ *gjennomgåande* i subjektsposisjon (både i trykksvak og trykksterk realisering). ”Dikka-fenomenet” fekk likevel mange metaspråklege kommentarar. Fleire av informantane mine i mellomgenerasjonen bad meg fortvilt legge merke til at ungdommane bruker *dikka* i staden for *de*.

Kva kan så forklare dette? Rettar ein blikket mot andre dialektar, er kasussamanfall for andre person fleirtal ikkje uvanleg. Skjekkeland (2005: 111) skriv at utanom Vestlandet er det vanleg at ein for dette pronomenet har same forma i subjekts- og objektsfunksjonen. Oftast er det då objektsformene som blir brukte i subjektsfunksjonen (ibid). Fordi eg har få belegg blir det vanskeleg å avgjere om dette kasussamanfallet har samanheng med koinéforminga eller ikkje, men ut frå det eg fekk høyre frå informantane mine ser det ut til at dette i hovudsak er eit ungdomsfenomen i Årdal i dag. Kvifor samanfallet har skjedd nettopp for andre person fleirtal, og kvifor objektsforma tek over for subjektsforma – og ikkje omvendt – er ikkje like lett å svare på. Ei tenkeleg forklaring kan vere at kasussamanfall er ei forenkling, og forenklingar spreier seg lettare dersom endringa har liten funksjonell tyngd. Kanskje er det slik at kasusskiljet for dette pronomenet ikkje lenger har ”viktig nok funksjon” til å hindre samanfallet?

7.3 Diftongeringa og den indresognske /ɔ/-lyden: frå variasjon til fokus

7.3.1 Diftongeringa

I 1960–61 registrerte Bjørkum visse etterhald for diftongering i årdalsmålet. For /au/-diftongen (V5) fann han monoftongisk uttale i *nye lånord* og ord der diftongen hadde blitt *forkorta* (jf. 6.3.5). For /ai/-diftongen (V6) fann han at dei yngre av og til brukte monoftong. Eg vil her trekke fram det eg synest er to interessante endringar når det gjeld diftongeringa: For det første ser det ut til at ho (både hos V5 og V6) har tapt terreng i alle tre generasjonane, og då i sterkest grad hos dei yngre, som i dag berre har monoftong. For det andre ser det ut til

at blant dei som *har* diftongering (dei eldre og dei midaldra), har /au/-diftongen fått ei kvalitativ gliding frå urunda førsteledd til runda førsteledd. Realiseringa av gno. á har slik fått ein ekstra variant: /ɔu/.

Både monoftongeringa og den kvalitative glidninga kan ein tolke som resultat av internspråklege drivkrefter, og då nærmare bestemt fonologiske forenklingar. Overgangen frå urunda førsteledd /au/ til runda førsteledd /ɔu/ kan vere ei følgje av regressiv assimilasjon der andreleddet i diftongen har påverka førsteleddet slik at begge ledda har fått runda kvalitet. Det at eit språktrekk endrar seg berre fordi det blir enklare, trur eg mellombels ikkje er ei tilstrekkeleg forklaring på monoftongeringa. For desse variablane trur eg det er særleg viktig å leite etter forklaringar i den sosiale konteksten. Då eg gjorde feltarbeidet mitt var diftongeringa, og då særleg /au/-diftongen, det språktrekket som dei fleste informantane mine trekte fram som ”typisk for årdalsmålet”. Mellom anna svarte informanten ”Tor” følgjande då intervjuaren min spurde om han var konsekvent med ”ao-lyden”:

Ja, eg er det. Og eg prøver faktisk lite grann å vere litt bevisst på det òg, då, for eg tykkjer det er ein del av identiteten. Og det kan sånn sett vere greitt å ta vare på det òg, då.

Mange av ungdommane var likevel medvitne på at dei ikkje har denne diftongen lenger, og fleire seier at dette er typisk for Sogndal.³⁶ Tonje og Terese sa følgjande om *ao*-lyden:

Tonje: Det er jo eigentleg sånn, og så seier ikkje me sånn mao og ...

Terese: Pao. Pao, er ikkje det i Sogndal, då?

Tonje: Jo, men dei seier det litt i Årdal. Dei som eg intervjuia [til ei skuleoppgåve], dei sa mao og pao og alt sånn der. Men dei er jo litt gamle, då. Så er det sånn, det seier ikkje me. Me har liksom eigenleg vakse litt sånn frå det er. Det, i Sogndal seier dei det framleis, då.

Desse to sitata taler for at diftongeringa, og særleg /au/-diftongen, har ei sterk verdilading og er ein markør for det tradisjonelle ”årdølske” og ”sognske”. Utviklinga i Årdal har her parallellear med utviklinga i Høyanger. Ifølgje Solheim (2006: 169–170) gjekk diftongsystemet i Høyanger gjennom ei særmerkt utvikling, då ulike system vart brukte parallelt. Diftongane gjekk ”i retning austnorsk standard” hos nokre informantar, og ”mot sognemåla” hos andre informantar. Diftongeringa forsvann med Generasjon II, med unntak av noko individuell variasjon, men den neste generasjonen, Generasjon III, viste derimot tendens til å ta tilbake tradisjonelle bygdemålsdrag igjen, og då mellom anna diftongkvalitetane. I

³⁶ Dette kom fram ikkje berre i intervjuia, men også i mange av kartleggingsskjema der vi spurde om typiske trekk for årdalsmålet (sjå vedlegg 3).

eldre materiale frå Høyanger fann Solheim også fleire realiseringsmåtar av /au/-diftongen, der den andre komponenten i ulik grad var svekka, som i [a^ʊr] og [ɔ^ʊr] for *år* (n.). Dei ulike realiseringsmåtane tolkar ho som ledd i ein gradvis *reduksjon*. Ifølgje Solheim indikerer fleire realiseringsmåtar at språktrekket er i endring (ibid.).

For dei personlege pronomena argumenterte eg for at *majoritetsprinsippet* hadde gjort seg gjeldande. Ein kan derfor her spørje seg om ikkje same prinsipp skulle gjort seg gjeldande for diftongeringa. Svaret mitt er at majoritetsprinsippet *ikkje* kan tene til å forklare endringane fordi diftongeringa av gno. á ikkje berre er typisk for årdalsmålet, men også for sogneområdet, Voss og Hardanger. /ai/-diftongen finn vi også i Midtre Sogn. Skulle majoritetsprinsippet ha gjort seg gjeldande skulle ein vente at diftongeringa heller *fekk* gjennomslag i den fokuserte varieteten fordi mange av tilflyttarane må ha hatt diftongering til felles med dei opphavlege innbyggjarane. Resultata mine viser at diftongeringa har tapt terreng, og at ho er borte hos generasjon III.

Heller enn at majoritetsprinsippet har gjort seg gjeldande, trur eg monoftongeringa og den kvalitative glidinga kan vere resultat av *nivellering* og *språklege kompromiss*. Ifølgje Trudgill (1986: 11), vil språkkontakt innanfor eitt og same språksamfunn typisk føre til at markørar blir utsette for akkommodasjon:


during accommodation to speakers who are members of the same immediate speech community, speakers modify their pronunciation of linguistic variables that are *markers* [mi uthaving] within the community. This is because of the *salience* which attaches to markers and indeed turns variables into markers in the first place.

Det å forklare nivellering som følgje av at eit språktrekk er markert kan fort føre ein inn i sirkelslutningar som at ”markerte former blir nivellerte fordi dei er markerte”. Ein må derfor også leite etter forklaringar i dei opplevingane og assosiasjonane som kan knytast til dei ulike variantane, og ikkje minst i banda til det tradisjonelle og lokale (Solheim 2006: 75 og 170).

Når det gjeld /au/-diftongen, trur eg ei høveleg tilnærming er å forstå dei tre variantane som variantar med ulike sosiale verdiar. /au/-diftongen representerer det *tradisjonelle* og er ein markør for lokal identitet og lokal tilhørsle, /ɔu/-diftongen representerer ei *mellomform* eller eit *språkleg kompromiss*, og monoftongeringa er ein ”moderne” variant.


Ser vi på spreatingsdiagrammet til V5 finn vi motsett variasjonsmønster innanfor gruppene enn det vi såg for pronomenet /e/. Diagrammet viser spreiinga for varianten /ɔ/, altså

monoftongering. Antagonisten i dette diagrammet er + *diftongering*. Merk elles at y-aksen startar på 20 og ikkje 0.



Som vi ser, er det relativt stor gruppevariasjon hos dei eldre og dei midaldra, men spreiinga er størst hos dei midaldra. Hos dei eldre ser vi ein ”uteliggjar”, ”Trond”. Han vil eg kome tilbake til i 7.5. Alle dei yngre ligg i ei konsentrert gruppe på 100% monoftongering. Variasjonsmønsteret for V5 kan vi derfor karakterisere som *variasjon i generasjon I → meir variasjon i generasjon II → fokusering/homogenisering i generasjon III*. Spreiingsdiagrammet for V5 stadfestar a) at koinéformingsprosessen speglar seg i den synkrone variasjonen, b) at mellomgenerasjonen har meir intra- og interindividuell variasjon enn dei to andre generasjonane og c) at den yngre generasjonen har eit meir fokusert og homogent resultat enn dei to andre generasjonane. Ser vi på spreiingsdiagrammet for V6, finn vi tilnærma same resultat som for V5, men for V6 er det mindre skilnad mellom dei eldre og dei midaldra. Merk at dette diagrammet viser *diftongering* og ikkje *monoftongering* som diagrammet over. Antagonisten i diagrammet for V6 er \div *diftongering* (spreiinga er altså spesifikk for V5).

Figur 40: Spreiingsdiagram V6: /ai/-varianten (diftongering)



Også gruppevariasjonen for V6 stadfestar at koinéformingsprosessen speglar seg, men då med eitt etterhald: for /ai/-diftongen er det mest intra- og interindividuell variasjon hos dei eldre og ikkje dei midaldrar.


Diftongeringa er eit verdiladd språktrekk i årdalsmålet og symboliserer noko tradisjonelt og lokalt. I resultatkapittelet såg vi at /au/-diftongen var tydeleg meir frekvent blant øvringane både i den eldre og særleg i den midaldra generasjonen. Fordi diftongeringa er eit såpass markert trekk, kan det tenkast at denne skilnaden har grunnlag i forskjellige verdiorienteringar, der den tradisjonelle varianten held seg betre i Øvre enn på Tangen. Kvifor diftongeringa er heilt borte blant dei yngre, vil eg forsøke å forklare nærmare i 7.6 der eg tek føre meg hypotese 5.

7.3.2 Den indresognske /ɔ/-lyden

V7 skil seg ut frå dei andre ved at han er typisk berre for *indre Sogn, Hallingdal og øvre Valdres* (Bjørkum 1968: 27–28). Dette taler for at /ɔ/-realiseringa for denne variabelen kan ha vore eit markert trekk for *årdalsdialekten*, og ikkje sognemål generelt i industrialsamfunnet Årdal. Status presens i 1960–61 var at hos dei eldre var bruken stø og sikker over heile bygda, og berre ein og annan gong brukte dei eldste ø-uttale. I Øvre Årdal var det liten skilnad mellom yngre og eldre, og dei gamle formene heldt seg svært godt hos dei aller yngste også. På Årdalstangen var dei ”meir ustøe”, og mellomgenerasjonen kunne ”normalisere i visse ord”. Hos dei yngste på Årdalstangen var ø-uttalen vanleg. Bjørkum (1968: 29) forklarer denne variasjonen i 1960–61 ut frå majoritetsprinsippet:

dei nye formene som har *ø* i samsvar med normalmålet, er ei fylgje av den sterke innflyttingi til bygdi. Det er berre folk frå grannebygdi vår, Lærdal, som tek denne uttalen med seg til Årdal, for i Fortun-sokni i Luster er denne uttalen berre vanl. hjå dei eldste no. Dei andre sogningane har *ø* i desse ordi, og likeeins har andre innflyttarar berre *ø*.

Resultata frå nyinnsamlinga fortel at /ɔ/-uttalen til ei viss grad har halde seg blant dei eldre og dei midaldra (som var yngre og yngst i undersøkinga hans), men bruken er ikkje ”stø” for å bruke Bjørkum si formulering. Hos dei yngre har /ø/-uttalen teke over, med unntak av ein informant, ”Tonje”, som brukte /ɔ/-uttale i sju av ti belegg. Ser på spreiingsdiagrammet for gruppevariasjonen i dag, ser vi *variasjon hos generasjon I → variasjon hos generasjon II → fokusering hos generasjon III*.




Variasjonen innanfor gruppene skil seg her frå dei andre variablane ved at den tradisjonelle varianten er meir frekvent blant dei midaldra og ikkje dei eldre. Likevel ser vi også for denne variabelen at ein typisk koinéformingsprosess speglar seg ved at språkbruken går frå *variasjon* til *fokus*.

7.4 Plosiv i bunden form fleirtal: Brå endring?

Når det gjeld differensiering av *rn*, skrev Bjørkum i 1968 at /dn/ veik for /rn/ i nokre ord. Som vi såg i resultatkapittelet, er denne differensieringa heilt borte hos dei yngre informantane i dag, med unntak av eit fastfrose uttrykk: *gjerne /²gjedna/*. Det same gjeld den morfonologiske differensieringa for pluralmorphemet, som denne variabelen tek føre seg. Resultatet for V8 har parallellear med resultatet for V5, V6 og V7 ved at den moderne varianten er eineform hos dei yngre, medan dei eldre og midaldra varierer mellom den

tradisjonelle og den moderne varianten. Variasjonen innanfor gruppene skil seg likevel noko frå dei V5, V6 og V7. For V8 kan vi karakterisere variasjonsmønsteret som *fokus* (– *ein uteliggjar*) hos generasjon I → *fokus hos generasjon II* → *nytt fokus hos generasjon III*.



Når det gjeld differensieringa av pluralmorphemet, ser vi at det er mindre variasjon *innanfor* eldregruppa og midaldra-gruppa enn det som var tilfeller for V5, V6 og V7. For dei yngre derimot, er resultatet heilt likt. Hos dei er det full fokusering om den nye varianten: ÷plosiv.

Kva kan forklare at er *mindre* variasjon hos dei eldre og dei midaldra for denne variabelen enn det er for dei andre variablane? Kvifor har differensieringa halde seg betre hos dei eldre og dei midaldra enn kva til dømes diftongeringa har gjort?

Ei potensiell forklaring kan kanskje ligge i at diftongeringa og differensieringa har ulike internspråklege føresetnadnar. Diftongrealiseringa ligg på ein *glideskala*, og for /au/-diftongen kunne vi skilje ut ei *mellomform* med runda førsteledd: /ɔu/. Denne mellomforma var meir frekvent enn den tradisjonelle varianten /au/. For differensieringa derimot, er der ikkje noko tilgjengeleg mellomform (i alle fall ikkje som eg har klart å operasjonalisere og analysere). Kanskje har ”hoppet” i spreiingsdiagrammet samanheng med at differensieringa er ein binær variabel, og at ante så *har* ein differensiering eller så *har* ein det *ikke*.

Ei anna potensiell forklaring kan vi kanskje finne i eksternspråklege faktorar. For medan diftongeringa er eit språktrekk felles for sogneområdet, Voss og Hardanger, så er

differensieringa eit språkdrag med større nedslagsfelt. Differensiering av *rn* i trykksterk staving, som i *korn* (n.) /kødn/, er felles for heile det vestnorske *a*-målet, Hallingdal og Valdres. Differensiering av *rn* i trykklett staving gjeld delar av Sogn, Sunnhordland, Ryfylke, Hallingdal, Valdres, og noko av Sør-Vestlandet (Skjekkeland 2005: 80–81). Ei mogleg forklaring på den brå overgangen, kan derfor vere at *fleire* av språkbrukarane i innflyttarsamfunnet opphavleg må ha hatt differensiering i talemålet sitt. Følgjeleg kan dette ha vore eit *mindre markert* trekk, og derfor blitt mindre utsett for akkommodasjon og nivellering.³⁷ Det ein uansett *kan* slå fast for denne variabelen, og som er verdt å merke seg, er at i likskap med V5, V6 og V7, er den moderne varianten for V8 eineform hos generasjon III.³⁸ Også dette vil eg kome nærmare innpå der eg tek føre meg hypotese 5.

7.5 *i*-endinga: Stabil, men med tre unntak.

Det diakrone utgangspunktet for *i*-endinga var grammatikkskissa. Den viste at årdalsmålet tradisjonelt har *i*-ending i bunden form eintal av sterke hokjønnsord, hokjønnsord på *-ing* og i bunden form fleirtal av sterke inkjekjønn. Resultatkapittelet viste at for hokjønnsorda på *-ing* er hanskjønnsendinga *-en* den mest frekvente i alle tre generasjonane, og då aller mest hos dei midaldra og dei yngre. For sterke hokjønnsord og inkjekjønnsord har *i*-endinga halde seg godt, med unntak av tre spesifikke ord: *tida*, *verda* og *foreldra*. Dette er ord som tradisjonelt skulle hatt *i*-ending, men som i dag også blir uttalt *tiden*, *verden* og *foreldrene*. Fordi *i*-endinga har halde seg såpass stabil, vil eg her ikkje legge fram spreiingsdiagram for denne variabelen.

Kva kan forklare at nettopp orda *tida*, *verda* og *foreldra* varierer? Når det gjeld førstnemnde, trur eg ei forklaring kan ligge i funksjonell tyngd og det som Bjørkum (1968: 67) skriv, nemleg at ”gamalt bortfall av endingi i b.f. *ti'i > ti* har vel gjort at b.f. ikkje kom klårt nok fram, og så har dei lånt formi *ti'd(ə)n*”. Dei to andre orda kan vere vanskelegare å forklare. Når det gjeld *foreldra*, kan ei forklaring kanskje vere at *-ene/edn* er i analogi med böyinga til svake inkjekjønnsord. Ei anna forklaring kan kanskje vere at V9 er ein *morfonologisk*

³⁷ j.f. Trudgill (1986: 11) som hevdar at markerte former typisk blir utsette for akkommodasjon i innflyttarsamfunn).

³⁸ Denne variabelen har mellom anna også blitt undersøkt i Sogndal av Ragnild Haugen (2004), i Aurland av Ingunn Stokkstad (2007) og i Øygarden av Silje Villanger (2010). Haugen fann at tradisjonsprosenten for dette trekket hadde gått ned frå 95,6% i 1996 til 57,9% i 2001. Stokkstad (2007: 108) fann at hos ungdommane var pluralmorfema /edn/ og /adn/ i ferd med å bli erstatta av /enə/ og /anə/, Villanger (2010: 64) fann differensieringa var heilt borte blant dei yngre

variabel, og at ein overgang frå *i*-ending til *a*-ending eller *en*-ending sit ”lengre inne” fordi *i*-endinga har hatt støtte i skriftspråket og er ei sermerkt ending for substantivbøyninga.

7.6 Samanfatta svar på hypotesar og forskingsspørsmål

Hypotese 1: *Det har skjedd ein språkleg fokuseringsprosess i årdalsmålet sidan Bjørkum si undersøking.* **Hypotese 2:** *Den synkrone variasjonen i årdalsmålet speglar dei tre fasane i koinéformingsprosessen slik at a) Tradisjonelle variantar er meir utbreidde hos den eldste generasjonen enn hos dei to andre generasjonane b) Mellomgenerasjonen har meir intra- og interindividuell variasjon enn dei to andre generasjonane c) Den yngre generasjonen har meir fokusert og homogent talemål enn dei to andre generasjonane*

Som nemnt i 4.8, er det grunn til å tru at i dei femti åra mellom Bjørkum si gransking og mi gransking har talemålsutviklinga i Årdal vore prega av ein koinéformingsprosess. Denne er kjenneteikna av ei utvikling frå ein diffus språksituasjon, med stor intra- og interindividuell variasjon, mot ei gradvis fokusering av talemålet gjennom reduksjon av tilgjengelege former. I dette avsnittet vil eg handsame hypotese 1 og 2 i lag fordi svara på dei to går inn i kvarandre.

Bjørkum gjorde si innsamling i 1960–61. På denne tida var Årdal eit utprega innflyttarsamfunn. Berre frå 1930 til 1960 hadde folketalet auka frå 1630 til 5945 (Bjørkum 1968: 14). Bjørkum sitt føremål var ikkje først og fremst å skildre den språklege variasjonen i årdalssamfunnet, men å ”finna ut kva som vil gå ut heller snøgt med dei eldste generasjonane no” (ibid.: 218). Dette føremålet hang nok saman med at det eine informantkravet til Bjørkum var at begge foreldra (eller minst ein av dei) skulle kome frå Årdal. På bakgrunn av dette, er det grunn til å tru at den språklege variasjonen i Årdal på 1960-talet var større enn det som kjem til uttrykk i Bjørkum si gransking. Skal eg svare på hypotese 1, må dette derfor vere eit etterhald. Likevel er det ikkje dermed sagt at granskingane våre er *usamanliknbare*. Bjørkum greier ut om variasjonen for fleire av dei språktrekka som eg undersøker, både når det gjeld skilnader mellom generasjonane og når det gjeld skilnader mellom Årdalstangen og Øvre Årdal.

Skal ein svare på om det har skjedd ein språkleg fokuseringsprosess i årdalsmålet sidan Bjørkum si undersøking, kan det vere vel så tenleg å sjå dei tre generasjonane i denne

granskings som representantar for dei tre fasane i koinéforminga (slik som hypotese 2 gjør).³⁹

På den måten blir den språklege variasjonen hos dei tre generasjonane uttrykk for språkendringar i *tilsynelatande tid*. Eldregenerasjonen (Generasjon I) utgjer dei opphavlege innbyggjarane og dei første tilflyttarane (kontaktfasen), dei midaldra (Generasjon II) utgjer barna av innflyttargenerasjonen (kaosfasen) og dei yngre (Generasjon III) utgjer barnebarna av innflyttargenerasjonen (konsolideringsfasen).

Med dette som utgangspunkt, blir svaret på hypotese 1 ”både ja og nei”. For pronomensystemet, er svaret at det *ikkje* har skjedd ein fokuseringsprosess. Heller enn fokusering, såg vi at det var dei yngre som var den mest heterogene gruppa. I 7.2 argumenterte eg for at *majoritetsprinsippet* og *internspråklege faktorar* her kan ha gjort seg gjeldande. For diftongeringa (V5 og V6), /ɔ/-realiseringa (v7) og til ein viss grad differensieringa (V8), blir svaret at det *har* skjedd ein språkleg fokuseringsprosess. For desse variablane såg vi 1) at dei eldre og dei midaldra var dei mest heterogene gruppene, 2) at det var *nest* variasjon eller ”kaos” i den midaldra gruppa og 3) at det var full fokusering hos dei yngre, der dei nye variantane i dag er eineformer. For desse resultata argumenterte eg for at *forenkling*, *nivellering* og *språklege kompromiss* var mekanismar som kan ha gjort seg gjeldande.

Samanfatta blir svaret på hypotese 1 at dersom ein forstår dei tre generasjonane i nyinnsamlinga som samanfallande med dei tre fasane i koinéformingsprosessen *har* det skjedd ei språkleg fokusering i årdalsmålet. Funna for V5 (/au/-diftongen), V6 (/ai/-diftongen), V7 (/ɔ/-realiseringa) og V8 (differensieringa av *rn*) verifiserer hypotese 1. Funna for dei same variablane verifiserer også hypotese 2, men med eitt etterhald: For V7 og V8 var dei tradisjonelle variantane meir frekvente hos mellomgenerasjonen, og ikkje eldregenerasjonen. For V5, V6 og V7 var eit gjennomgåande variasjonsmønster innanfor gruppene *variasjon hos generasjon I* → *meir variasjon hos generasjon II* → *fokusering hos generasjon III*. Funna for pronomensystemet (V1–V4) derimot, og då særleg +/÷ *g*-utlyd, avkreftar hypotese 1 og 2, då desse variablane viste motsett mønster. Heller enn fokusering såg vi her *fokus hos generasjon I* → *variasjon hos generasjon II* → *meir variasjon hos generasjon III*.

³⁹ Argumenta for å gjere dette gjorde eg greie for i 4.5.1

I tillegg til endringar i tilsynelatande tid, har eg i denne granskinga også funne endringar i verkeleg tid. Når det gjeld $+/\div$ *g-utlyd* i personlege pronomene, var former *utan g-utlyd* eineformer i årdalsmålet når Bjørkum gjorde si gransking. Hos dei eldre har dette ikkje endra seg, men hos den midaldra og den yngre generasjonen finn vi i dag variasjon mellom tradisjonelle former *med g-utlyd* og nye former *utan g-utlyd*. Når det gjeld diftongeringa (V5 og V6) skreiv Bjørkum at ein kunne høyre monoftongar hos dei yngste. I dag har diftongeringa tapt terreng i alle tre generasjonane. Det same gjeld den indresognske /ɔ/-lyden. Tidleg på 1960-talet var denne stø og sikker over heile bygda, særleg blant eldregenerasjonen. I Øvre Årdal heldt han seg godt i alle generasjonane. Mine eldre informantar bruker i dag den tradisjonelle varianten i 42% av tilfella og dei midaldra i 49% av tilfella. Når det gjeld differensieringa, skreiv Bjørkum at /dn/ vik for /rn/, men dette språktrekket har halde seg relativt godt hos dei eldre og dei midaldra. Saman med dei personlege pronomena, er differensieringa av *rn* det språktrekket som har endra seg minst i verkeleg tid hos dei eldre og dei midaldra.

Hypotese 3: Kjønn gir ikkje utslag for språkleg variasjon i årdalsmålet.

Resultata viste at den sosiale variabelen *kjønn* ikkje gav signifikante utslag for variasjon for nokon av dei språklege variablene. Dette gjer at vi kan verifisere hypotese 3. Kvinner og menn skil seg ikkje signifikant frå kvarandre når det gjeld realisering av språktrekk i denne granskinga. Sjølv om utsлага ikkje var signifikante, var det likevel eitt mønster som gjekk igjen, nemleg at mennene har teke til seg dei nye variantane meir enn kvinnene.⁴⁰ Som eg var inne på i 4.7.2, har *kjønn* gitt ulike utslag for variasjon i ulike granskingar og ein må derfor forstå resultata i lys av dei sosiale tilhøva som har prega det aktuelle språksamfunnet.

Ifølgje Ragnhild Steen Jensen (1997:223) var kjønnsrollemønsteret i Årdal fram til 1970-talet prega av at mennene var industriarbeidarar og kvinnene husmødrer. I 1960 var 90 % av mennene i Årdal yrkesaktive, medan berre 20% av kvinnene var det. Årsaker til dette var først og fremst at arbeidet i industrien var tungt og fysisk krevjande, men også at løna i industrien var god nok til at mannen kunne vere eineforsørgar.

Det at dei nye språktrekka er meir frekvente blant eldre og midaldra *menn*, trur eg kan ha si forklaring i at fabrikken, der *mennene* jobba, må ha vore ein arena med meir språkblanding enn andre område i samfunnet. Her vil eg trekke inn tilhøva som Erling Lægreid skildra (jf.

⁴⁰ Dette var mest tydeleg for diftongeringa (V5 og V6), men også V1.2 og V8 (eldregenerasjonen)

2.5.1) Ifølgje han var det totalforbod mot å bruke nynorsk på Årdal Verk, og til og med fagforeiningane brukte konsekvent stift bokmål. Ein kan her spørje seg om ikkje eg gjer ei sterkt generalisering ut frå det relativt avgrensa informantutvalet eg har. Som svar vil eg understreke at dei mannlege informantane mine i den eldre og den midaldra generasjonen alle har vore - eller er enda - sysselsette i industrien.

Eit anna høve som også kan tale for at fabrikken har vore ein arena for språkblending, akkommadasjon og nivellering, er "Trond" i eldregenerasjonen. Han var ein gjennomgåande uteliggjar i spreiingsdiagramma.⁴¹ "Trond" har arbeidd som ingeniør og mellomleiar på Verket, og representerer eit språkleg "ytterpunkt" i sin generasjon. Blant dei eldre, er han den som bruker /eg/-varianten desidert mest i trykksterk stilling. I tillegg bruker han monoftong i 93% av belegga sine for V5 (/au/-diftongen) og 97% av belegga sine for V6 (/ai/-diftongen), og han har ÷ plosiv i 89% av belegga sine. Han er også den einaste i sin generasjon som bruker *a*-ending for hokjønnsord og inkjekjønnsord.

Ein annan refleksjon som hører med her, er at eg i denne granskninga har undersøkt skilnader mellom menn og kvinner ved å slå saman kvinnene frå Øvre Årdal og Årdalstangen i kvar generasjon til ei gruppe, og likeins med mennene. Eg mistenker derfor at resultata i denne granskninga *kan* skjule større språklege skilnader mellom kjønna i den eldre og den midaldra generasjonen. Hadde eg hatt eit større informantutval, ville det vore interessant å sjå om det er skilnader mellom menn og kvinner i Øvre Årdal for seg, og mellom menn og kvinner på Årdalstangen for seg.

Hypotese 4: *Det er språklege skilnader mellom øvringer og tangeringar.*

Resultata i førre kapittel viste at det *er* språklege skilnader mellom øvringer og tangeringar, men med eit viktig etterhald: Sjølv om det var eit gjentakande mønster at tradisjonelle variantar var meir frekvente blant øvringer, var det berre signifikante skilnader mellom tangeringar og øvringer i *mellomgenerasjonen*. Resultatkapittelet viste også at størst skilnad mellom øvringer og tangeringar, finn vi for V7. Ut frå dette kan det sjå ut som om den indresognske /ɔ/-lyden er den sterkeste språklege markøren for ein (midaldra) øvring i dag.

Det at dei tradisjonelle variantane er noko meir frekvente i Øvre Årdal enn på Årdalstangen trur eg ein må sjå i samanheng med to tilhøve. Det første er det som eg var inne på i 2.5.3,

⁴¹ Sjå også belegg på individnivå (vedlegg 9)..

nemleg at årdølane har ein sterk identitet knytt til *sin* tettstad. Det andre er korleis *tilflyttinga* kan ha påverka generasjonane ulikt.

For å starte med førstnemnde, er det mykje som taler for at innbyggjarane i Årdal kommune har ein todelt identitet. Ein årdøl er ikkje ”berre” ein *årdøl*, men også anten ein *tanging* eller ein *øvring*. Dette fekk eg mange kommentarar på, både når eg var på orienteringsturen og når eg gjorde feltarbeidet mitt. Rett nok er eg ein eksterm forteljar, men basert på erfaringane mine, vil eg hevde at det eksisterer ei form for intern naboopposisjon mellom dei to lokalsamfunna. Denne finn ein uttrykk for i muntre kommentarar og lune vitsar, men han er også ”meir reell” på visse områder. Øvre Årdal og Årdalstangen fell under *ein* kommune, men dei er også to tettstader som har kvar sine barne- og ungdomsskular, idrettslag, badeanlegg, fastlegekontor, tannlegekontor og ungdomsklubbar. Også lokalpolitikken er prega av todelinga i kommunen. Fleire av informantane hevda med eit smil, men også med alvor at protestane kunne kome fort og høgt dersom ”ein av dei” følte seg urettferdig behandla.

Forestellingar om lokal identitet og lokal tilhøyre kan fort skape stereotypiske forestillingar. I denne granskninga ønskte eg å finne ut skiljet mellom tangeringar og øvringar i tillegg til å eksistere som ei mental oppleving, også viser seg gjennom reelle språklege skilnader. Funna mine kan til ein viss grad verifisere hypotese 4, men med etterhald. I denne granskninga er dei tradisjonelle variantane meir frekvente blant informantane frå Øvre Årdal enn dei er på Årdalstangen, men dette gjeld i hovudsak dei midaldra, og skilnadane er ikkje så store.

Det at språklege skilnader eksisterer mellom grupperingar innanfor eitt og same samfunn finn vi uttrykk for m.a. hos Milroy (1987: 13–19). Ho har vore kritisk til å undersøke språkleg variasjon i samband med sosiale klasseinndelingar, som har vore typisk i det labovske paradigmet. Ifølgje Milroy er *sosial klasse* ein kategori som er for stor og for abstrakt til at det gir mening å korrelere han med språkleg variasjon. Argumentet hennar er at sjølv om språkbrukarar tilhører same sosiale klasse, kan dei vere ulike språkleg sett. Ifølgje Milroy er det meir høveleg å definere språksamfunn i *mindre eininger* som språkbrukarane føler *reell og sterkt tilknyting til*. Slike mindre eininger karakteriserer ho som ”communities”, som vi kan oversette til mindre fellesskap eller mindre samfunn, og dei har ofte sterk territorial basis (ibid). Sjølv definerte Milroy arbeidarklasseområda i Belfast som slike ”urbane landsbyar” på grunnlag av den sosiale nettverksstrukturen og det faktum at innbyggjarane følte eigeskap til området (ibid. 15). Dette kan vi overføre til årdalssamfunnet. Årdalstangen og Øvre Årdal er to lokalsamfunn, og internt i Årdal er det ei utbreidd og reell identitetsorientering til kva

tettstad du kjem frå. Men sjølv om der *er* visse språklege skilnader mellom Øvre og Tangen, vil eg ikkje karakterisere dei som to *separate språksamfunn*. Eg trur det er meir tenleg å karakterisere Årdal som eitt språksamfunn med to tettstader, der språkbrukarane vel ulike strategiar innanfor ein og same varietet. Ei slik forståing finn vi også uttrykk for hos Milroy (1987: 19). Hos skriv at språkbrukarar kan *manipulere* dei lingvistiske ressursane dei har tilgjengelege, og blant desse lingvistiske ressursane finst språkdrag med låg prestisje og stigmatiserte variantar. Desse kan språkbrukaren velje å bruke viss han ønsker å indikere lojalitet til lokalsamfunnet og avvise det ho kallar bymålsdrag eller ”national prestige values”. Overført til mine resultat kan det verke som om dei tradisjonelle trekka som markerer lokal tilhørsle har noko større prestisje blant eldre, og særleg midaldra *øvringer*.

Kvífor det er nett midaldra øvringer som skil seg ut, trur eg kan ha samanheng med tilflyttinga. Då Bjørkum gjorde si gransking, skrev han at ei årsak til dei språklege skilnadane mellom Øvre Årdal og Årdalstangen var dei sosiale skilnadane som følgde innflyttinga. I Øvre Årdal, der fabrikkane låg, var innflyttarane fabrikkarbeidarar. Her var det små sosiale skilnader mellom innflyttarane og bygdefolket, og ifølgje Bjørkum (1968: 29) var dette ei årsak til at folket i Øvre greidde å halde betre på den gamle uttalen. Når det gjeld Årdalstangen, argumenterte Bjørkum med at administrasjonen til Verket og kommunen låg her, i tillegg til andre forretningsbygg. På Tangen var det fleire ”kontorfolk”, og ”i sitt daglege arbeid nyttar dei normalmålet til skriving, telefonering og ekspedering, og eit høgare sosialt lag med eit normalisert talemål verkar så attende på målføreformene” (ibid.).

Dagens skilnader mellom Øvre og Tangen kan vere dønningar av kulturforskjellane som Bjørkum skildrar. Kanskje fekk ulike normer for språkbruk gjennomslag på dei to stadene, og kanskje ligg desse framleis latente. Arbeidarkulturen stod sterkt i Øvre, medan funksjonærane og ”kontorfolket” stod sterkare på Tangen. Likevel hører det med i refleksjonane at dei sosiale skilnadane mellom Øvre og Tangen ikkje er dei same i dag som dei var på 60-talet. Dei materielle, sosiale og kulturelle tilhøva har endra seg sidan tida då Bjørkum gjorde granskinga si. Rett nok ligg Verket framleis i Øvre og det kommuneadministrative senteret på Tangen, men elles er det lite som minner om dei sosiale skilnadane som han trekker fram. Omstillings- og næringsutviklingstiltak har gjort at Øvre i dag ikkje berre er lokaliteten til Verket og arbeidarane. I dag er Øvre Årdal også eit mindre handelsområde. ”Det har blitt meir bymessig”, som ein av informantane mine sa. Det same kan vi seie om Årdalstangen. I dag finn vi ikkje berre administrasjonsbygg og kontorfolk, men også industriverksemder,

butikkar, pensjonat og hotell. På eitt vis kan ein altså seie at dei sosiale, kulturelle og materielle tilhøva på dei to stadene har blitt *likare* enn dei var for 60-år sidan.

Tilflyttinga trur eg likevel kan høve som ei forklaring på kvifor det er nettopp hos dei midaldra at vi finn dei største skilnadane mellom øvrингar og tangingar. For å forstå mekanismane som ligg bak, kan det her vere tenleg å trekke parallellar til Labov si gransking på Martha's Vineyard utanfor New England, Massachusetts. Labov (1972: 4–18) karakteriserte denne øya som eit komplekst språksamfunn, då folkesetnaden var prega av innbyggjarar med ulike etniske bakgrunnar. Kvar sommar var denne øya også ”feriekoloni” for 42 000 ferierande, såkalla ”summer people”, og ifølgje Labov har dei mange tilflyttarane om sommaren hatt ein indirekte verknad på språkendringane på øya. Årsaka er at dei opphavlege innbyggjarane hadde ambivalente kjensler til at så mange turistar ”okkuperte” øya kvar sommar. For på same tid som økonomien til øya og bebruarane var avhengige av turismen, opplevde innbyggjarane også turismen som ein trussel mot det lokale og personlege ”sjølvstendet”. Ein språkleg konsekvens vart at lokalbefolkinga tok i bruk språklege strategiar, som sentralisering av diftongar, for å markere lokal tilhøyrslle til øya og motstand mot folka som kom utanfrå. Ifølgje Labov (1972: 29) er det ikkje uvanleg at fonetiske skilnader blir sterke og sterke etter kvart som ei gruppe kjempar for å ta vare på identiteten. I rurale samfunn eller urbane landsbyar, skriv han, er nett lokal identitet ein svært viktig sosial kategori (ibid.).

Ei tenleg tankerekke kan vere at dei same mekanismane som realiserte seg på Martha's Vineyard også kan ha gjort seg gjeldande i årdalssamfunnet, og då mest av alt i Øvre Årdal. Som det gjekk fram av kapittel 2, vart ikkje innflyttarane i Årdal sette opp til av lokalbefolkinga – ”det var heller dei som måtte tilpasse seg oss”, som den eine informanten min sa. I tida då den midaldra generasjonen i denne granskinga voks opp, var industrien assosiert med tryggleik, fellesskap, ”paing” og framgang, og fellesskapskjensla og identiteten knytt til årdalssamfunnet var sterkt.

Som ein siste refleksjon til denne hypotesen, vil eg legge til at den midaldra generasjonen – og dei midaldra øvrингane spesielt – kanskje er *den* av dei sosiale gruppene i denne granskinga som i sterkest grad føler på utfordringane som industrien og årdalssamfunnet står overfor i dag. Det kan derfor tenkast at det for denne gruppa er ekstra viktig å halde fast på dei lokale verdiane, og at dette speglar seg i dei språklege strategiane.

Hypotese 5: *Dei eldste ungdomsinformantane (på felles vidaregåande i Øvre Årdal, fødde 1993) har meir homogent språk enn dei yngste ungdomsinformantane (på kvar sine ungdomsskuluar på Årdalstangen og i Øvre Årdal, fødde 1996).*

Resultata i førre kapittel og spreiingsdiagramma i dette kapittelet avkreftar hypotese 5. Ungdommane i denne granskninga, anten dei går på vidaregåande eller ungdomsskulen, eller kjem frå Tangen eller Øvre, har svært homogent språk. Resultata i denne granskninga har også vist at for fleire av variablane var det eit markant skilje mellom dei eldre og dei midaldra på eine sida og dei yngre på den andre sida. For *diftongeringa* (V5 og V6), *differensieringa* (V8) og den indresognske /ɔ/-lyden (V7), er dei *nye* variantane eineformer hos dei yngre i dag.

Ei forklaring på dette kan ein kanskje finne i koinéformingsprosessen, då denne er ein språkleg fokuseringsprosess der talemålet går frå å vere prega av stor intra- og interindividuell variasjon til å samle seg om ei fokusert norm. Dei yngre i denne granskninga utgjer Generasjon III og talemålet deira fell saman med ”fokuseringsfasen” i koinéforminga. Det at talemålet til Generasjon III i Årdal er einsarta og homogent, har parallellar til Generasjon III i Solheim si granskning i Høyanger.

I tillegg til dette, kan resultata også sjølvsagt ha bakgrunn i fleire forhold, og særleg trur eg at ein her må ta innover seg *livsfaseendringar*. Ungdomsspråket er noko eige, og det er ein ”vanleg observasjon” at dei viktigaste normagentane for ungdommar ikkje er foreldre og lærarar, men heller jamaldra (jf. Trudgill 1986: 31). Det at talespråket til ungdommane er så *homogent*, kan ha samanheng med psykososiale tilhøve. I denne fasen av livet er det å ”passe inn” gjerne viktigare enn andre sosiale strategiar. I Årdal er det sosiale nettverket til ungdommane også tett og multiplekst: ”alle kjenner alle” og dei treff kvarandre både på skulen, på trening og på fritida.

Det at talemålet til ungdommane skil seg så markant frå dei to andre generasjonane, kan også ha samanheng med at dei yngre i dag er meir ”utoverretta” enn dei to andre generasjonane. I dag møter ungdommane storsamfunnet på ein heilt annan måte enn det foreldre- og besteforeldregenerasjonen deira gjorde i oppveksten. Den eine informanten min i mellomgenerasjonen fortalte til dømes at i hennar ungdomstid var det stor stas å få reise til Høyanger på turnstemne. I dag kan ungdommane i Årdal reise til Førde eller Bergen fleire gongar i månaden om dei vil, anten det er for å dra på treningsamling eller for å ”shoppe”. Ungdommane i dag reiser oftare på turar både i innland og utland. Mange spelar interaktive dataspel over Internett, der dei snakkar med ungdommar frå andre delar av landet over Skype. Der må dei, som eine informanten min uttrykte det, ”seie ting tre gongar, eller så må vi gå

over til bokmål". I tillegg møter ungdommen i dag fleire og andre språklege opinionsleiarar enn det foreldra og besteforeldra deira gjorde då dei voks opp. Aldri før har vel referansegrupper og trendsettara innanfor musikk, film og tv vore fleire og meir "eksponerte". Når det gjeld yngregenerasjonen, trur eg ikkje ein skal undervurdere den lingvistiske marknaden og trendsettaranane som finst i den nye medie- og kommunikasjonskvardagen.

8 AVSLUTNING

8.1 Koinéforming kontra dialektendring og regionalisering

Denne oppgåva er skriven i tilknyting til forskingsprosjektet *Språkutvikling på industristader*. Målet for dette prosjektet er å få innsikt i det karakteristiske ved utviklinga av industritalemål og koinéforming. Følgjeleg har dette også vore utgangspunktet for – og rammene til – denne oppgåva.

Skal ein forstå endrings- og variasjonsmønstra i årdalsmålet, kan ein argumentere for at koinéformainga ikkje har gått føre seg isolert og at ein også må ta innover seg talespråkleg *regionalisering* som ein forklaringsfaktor. Fleire av endringane eg har funne i denne granskninga, til dømes +g-utlyd for personlege pronomen (V1–V3) og /ø/-uttale av gno. *iø* og kort ø, er også regionale normer. Sjølv om det her ikkje er snakk om anten – eller, er poenget mitt at det kan vere vanskeleg å avgjere om desse endringane har bakgrunn i koinéforming eller dialektendring og språkleg regionalisering. Til dette trur eg at ei tenleg tankerekke kan vere at på grunn av koinéforming, har tradisjonelle og lokale språktrekk blitt utjamna fortare i Årdal i regionane rundt, og at kanskje vil endringane som vi har sett i årdalsdialekten, som tap av diftongering og differensiering, etter kvart også gjere seg gjeldande for dialektane rundt. Dette blir spekulasjonar, og framtida får vise.

8.2 Konklusjon og svar på oppgåvas tittelspørsmål

Då Andreas Bjørkum granska årdalsmålet tidleg på 60-talet, skreiv han at trass i at tilflyttinga hadde påverka både bygd og talemål, kunne ein ikkje snakke om noko ”bymål” i Årdal enno – til det var industristaden for ung. Likevel kom han med ein spådom om at dei fleste hovudformene ville halde seg uendra i lang tid, men om 40 år ville målføret vere annleis ”i mange ting”.

Då eg gjorde feltarbeidet mitt, var industriutbygginga og konsekvensane av denne eit tema i alle intervjua. Fleire av informantane mine påpeika då at Årdal skilde seg klart frå Høyanger når det gjaldt talemålsutviklinga. I Høyanger hadde industriutbygginga og tilflyttinga ført til eit ”spesielt” talemål, der dei sa ”di” og ”dere”. ”Men slik var det ikkje i Årdal”. Då eg sjølv gjorde feltarbeid spurde eg også meg sjølv fleire gongar om årdalsdialekten i det heile teke kunne karakteriserast som ein koiné. Eg kjende godt til dialekten frå før, ettersom eg hadde budd i kollektiv med ein årdøl i Sogndal i eitt år, og oppfatninga mi var at ”ho snakka jo kav sogning”. Tittelspørsmålet i oppgåva har opphav i desse ”a priori” tankane og erfaringane.

Etter å ha granska dialekten nærmare, er svaret mitt at *ja*, årdalsdialekten *kan* karakteriserast som ein koiné. Bakgrunnen for at eg hevdar dette, er funna i denne granskingsa. Dei viser at vi i dagens dialekt finn mange av kjenneteikna som er typisk for ein koiné: mellomformer og språklege kompromiss, nivellering, tap av markerte trekk og ”språklege ytterpunkt”, som ”Trond” i eldregenerasjonen.

Dette svaret kan ein likevel problematisere fordi fleire av endringane har samanheng med regionale normer. Argumenta som derfor kanskje veg tyngst for at ein *kan* karakterisere årdalsdialekten som ein koiné, er spreiingsdiagramma som eg presenterte i kapittel 7. I desse såg vi eit gjennomgåande variasjonsmønster som var samanfallande med det som er typisk for dei tre fasane i koinéforminga: Fokus / noko variasjon hos dei eldre (Generasjon I) → stor intra- og interindividuell variasjon hos dei midaldra (Generasjon II) → fokusering hos dei yngre (Generasjon III).

Kva er så årsaka til at eg, og fleire av årdølane sjølve, ikkje oppfatta årdalsmålet som ein koiné? *Ei* forklaring trur eg er at ein vesentleg skilnad mellom koinéen i Årdal og koinéen i Høyanger, er at sistnemnte skilde seg meir ut i ein regional kontekst. Randi Solheim (2006 og 2008) karakteriserer koinéen i Høyanger som ein varietet som utvikla seg i eit spenn mellom austnorske former og lokale / tradisjonelle former. Koinéen i Høyanger fekk slik fleire språktrekk som var i strid med regionale former. Det same kan ein ikkje seie om den fokuserte varieteten i Årdal. Denne vil eg heller karakterisere som ein regional koiné som ikkje skil seg like mykje ut frå regionen elles. Viktige årsaker til dette, trur eg er at årdalssamfunnet var meir etablert og hadde fleire opphavlege innbyggjarar enn kva Høyanger hadde då industrireisinga tok til. Dette, i kombinasjon med at tilflyttarane i Årdal i hovudsak kom frå regionen rundt, gjer at vi kan kalle årdalsdialekten ein *regional* koiné der nivelleringsprosessane skjedde meir horisontalt enn vertikalt.

Som ein siste interessant spekulasjon, vil eg trekke fram Randi Solheim sitt funn i Høyanger, nemleg at i ein fjerde fase kom tradisjonelle bygdemålsdrag tilbake i dialekten igjen. Mi granskning rettar seg mot det vi kan karakterisere som den *tredje* fasen i koinéforminga, fokuseringsfasen eller konsolideringsfasen, og eit interessant spørsmål blir om vi vil sjå same tendensane i årdalsdialekten som i Høyanger-dialekten. Eit anna alternativ kan vere at talemålsendringane vi har sett i Årdal ligg i forkant av regionaliseringstendensane, og at heller enn at årdalsdialekten tek opp i seg tradisjonelle drag igjen, vil dialektane i regionen rundt gå

mot dei same tendensane som funna i resultatkapittelet viste. Skal eg postulere noko, vil eg kanskje halde ein knapp på sistnemnde. Den som granskar får sjå.

LITTERATURLISTE

- Auer, Peter og Frans Hinskens 2005. The role of interpersonal accommodation in a theory of language change. I *Dialect convergence and divergence in European languages*. Cambridge, Cambridge University Press.
- Akselberg, Gunnstein. 1997. Kvalitativ eller kvantitativ sosiolingvistikk? I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*, red. Jarle Bondevik, Gjert Kristoffersen, Oddvar Nes, Helge Sandøy. Bergen: Alma Mater Forlag.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum. 2006. Sosiolingvistisk metode. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Bjørkum, Andreas. 1968. *Årdalsmål hjå eldre og yngre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bjørkum, Andreas. 1975. *Generasjonsskilnad i indresognsmål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bukve, Oddbjørn. 1997. I skuggen av verket. I *Årdal. Verket og bygda 1947–1997*, red. Rolv Peter Amdam, Dag Gjestland og Andreas Hompland. Oslo: Samlaget.
- Cazden, Courtney B. 2001. Socialization. I *Concise Encyclopedia of Sociolinguistics*, red. Rajend Mesthrie. Oxford: Elsevier.
- Chambers, Jack K. 2003. *Sociolinguistic Theory. Linguistic Variation and its Social Significance*. Malden og Oxford: Blackwell.
- Coupland, Nikolas og Adam Jaworski. 1997. (red) *Sociolinguistics: a reader*. New York: St Martins Press.
- Doublet, Maria–Rosa R. 2011. *Bare fra Bergen eller fra Fana i Bergen? En intern språkkrieg mellom bergensvarietetene*. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Eckert, Penelope. 1997. Age as a Sociolinguistic Variable. I *The Handbook of Sociolinguistics*, red. F. Coulmas. Oxford: Blackwell.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie, Kjell Ivar Vannebro. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fosso, Eli Janette. 1997. Industriens barn. I *Årdal. Verket og bygda 1947–1997*, red. Rolv Peter Amdam, Dag Gjestland og Andreas Hompland. Oslo: Samlaget.
- Grønmo, Sigmund. 1982. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i Samfunnsforskningen. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, red. H. Holter og R. Kalleberg, 1996. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Ragnhild. 2004. *Språk og språkhaldningar hjå ungdommar i Sogndal*. Universitetet i Bergen. Doktoravhandling.
- Hellevik, Ottar. 1977. *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo – Bergen – Tromsø: Universitetsforlaget.
- Hompland, Andreas. 1997. Gro i Årdal 1.mai 1995. I *Årdal. Verket og bygda 1947–1997*, red. Rolv Peter Amdam, Dag Gjestland og Andreas Hompland. Oslo: Samlaget.
- Illeris, Knud. 2006. *Læring*. Fredriksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Jensen, Ragnhild Steen. 1997. Kvinnene gjekk til Verket. I *Årdal: verket og bygda 1947–1997*, red. R. P. Amdam, D. Gjestland og A. Hompland, 1997. Oslo: Samlaget.
- Kerswill, Paul. 2002. Koineization and Accommodation. I *The handbook of Language Variation and Change*, red. J. K. Chambers, P. Trudgill, og N. Schilling-Estes: Blackwell Publishing.
- Kristoffersen, Gjert. 1980. *Dialektutvikling hos skolebarn. En undersøkelse av forbindelser av vokal + r i talemålet til skolebarn i Arendal*. Oslo: Novus Forlag.
- Kristoffersen, Gjert. 1996. Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolingvistiske forskningsresultater. I *Samspel och variation. Språkliga studier tillägnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen*. Uppsala: Institutionen för nordiska språk.

- Kristoffersen, Gjert. 1997. Det va'kje no vanskli å snakke med du'. Litt om trykksterke og trykksvake pronomener i Arendal. I *Språket er målet. Festschrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4.mars 1997*. Bergen: Alma mater.
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change. Volume 1: Internal Factors*. Oxford UK og Cambridge USA: Blackwell.
- Labov, William. 2001. *Principles of Linguistic Change. Volume 2: Social Factors*. Oxford UK og Cambridge USA: Blackwell.
- Larsen, Amund B. 1917. Naboopposisjon – knot. I *Maal og Minne*
- Larsen, Amund B. 1926. *Sognemaalene*. Oslo: Det norske vitenskaps-akademiet.
- Lægreid, Erling. 1997. Eg burde ha hata Verket. I *Årdal. Verket og bygda 1947–1997*, red. Rolv Peter Amdam, Dag Gjestland og Andreas Hompland. Oslo: Samlaget.
- Milroy, Lesley. 1980. Language and Social Networks. I *Language and Society 2*. Oxford: Basil Blackwell Publisher.
- Milroy, Lesley og Matthew Gordon. 2006. *Sociolinguistics. Methods and interpretation*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Mæhlum, Brit. 1992. *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen Svalbard*. Oslo: Novus forlag.
- Mæhlum, Brit. 1996. Norsk og nordisk sosiolinguistikk – En historisk oversikt. I *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*, red. Carol Henriksen et. al., Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, Brit 2006. Språk og identitet. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*, red. Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag.
- Nesse, Agnete. 1994. *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten*. Talemål i Bergen, 5.
- Neteland, Randi 2012. *Koinéer og koinéformingsprosesser. En teoretisk diskusjon og klargjøring av forskjeller mellom koinéforming og dialektendring*. Universitetet i Bergen. Upublisert vitskapsteoretisk innlegg.
- Nornes, Marianne Valberg. 2011. *Bergensk i Bergensus – ei sosiolinguistisk gransking av talemålet i Bergensus bydel*. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Omdal, Helge. 1977. Høyangermalet – en ny dialekt. I *Språklig samling 1*.
- Papazian, Erik 2007. Indre og ytre årsaker til språkendring – ei drøfting. I *Å sjå samfunnet gjennom språket. Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007*, red Gunnstein Akselberg og Johan Myking. Oslo: Novus Forlag.
- Rinde, Harald. 1997. Den lange ventetida. I *Årdal: verket og bygda 1947–1997*. Oslo: Samlaget.
- Roksvold, Thore. 2005. *Var avisspråket bedre før? En metodetriangulert studie av normendringer i norsk avisspråk på 1900-tallet*. Doktoravhandling ved Universitetet i Oslo.
- Røyneland, Unn. 2006. Språk og dialektkontakt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*, red. Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge. 1987. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 2006. Språkendring. I *Språkmøte. Innføring i sosiolinguistikk*, red. Mæhlum, Brit, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.

- Siegel, Jeff. 1985. Koines and koineization. I *Language in Society* 14 (3)
- Skjekkeland, Martin. 2002. 'Personlegdomen' som bakgrunnsvariabel i sosiolinguistikken. I *Målbryting. Skrifter fra prosjektet Talemålsendring i Noreg*, nr. 5, 2001, red Akselberg, Gunnstein. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Skard, Vemund. 1976: *Norsk språkhistorie. Bind I. Til 1523*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Solheim, Randi. 2006. *Språket i smeltegryta. Sosiolinguistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*. Doktoravhandling i sosiolinguistik, NTNU.
- Solheim, Randi. 2008. Språket i smeltegryta. Doktordisputas ved NTNU. Presentasjon av doktoravhandlinga. I *Maal og Minne I* (2008).
- Stokkstad, Ingunn. 2007. *Talemål og livsverd. Ein aldersavgrensa populasjonsstudie blant ungdommar i Aurland i Sogn*. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Svendsen, Lars Fr. H. og Simo Säätelä 2004. *Det sanne, det gode, det skjonne. En innføring i filosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Tagliamonte, Sali. 2006. *Analysing Sociolinguistic Variation*. Cambridge?: Cambridge University Press.
- Thue, Johs. B., Aage Engesæter, Oddvar Natvik, Steinar Lægreid. 2010. *Årdal. Kamp, krefter og kunnskap*. Leikanger: Skald forlag.
- Torp, Arne. 1993. Nå skal jeg skrive litt om du, de og dem. I *Språknytt* 1/1993.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in contact*. Oxford. Blackwell.
- Trudgill, Peter. 1992. *Introducing Language and Society*. London: Penguin Books.
- Trudgill, Peter. 2000. *Sociolinguistics. An introduction to language and society*. London: Penguin Books.
- Villanger, Silje. 2010. *Da hadde vært litt kult vusst vi hadde snakka strilsk om hondra år*. Masteroppgåve ved Universitetet i Bergen.
- Aarseth, Arne og Jostein Selvikvår (1975) *Talemålet i Høyanger. Del I, eldre mål*. Handskriven rapport og ordsamling, hefte 1–3. Universitetet i Bergen.
Målførarkivet.

Kjelder henta frå internett:

Aordalsbloggen. [henta 27.04.11]

Tilgjengeleg frå:

<http://aordal.blogspot.com/?spref=fb>.

Johnsen, Tom Backer. 2005. *Metodekurs I. Om Signifikantesting*. Publiserte lysark (UiB) [henta 11.10.2012].

Tilgjengeleg frå:

<http://webcache.googleusercontent.com/search?q=cache:YpfQSQmyAzJ:www.galton.uib.no/downloads/M1+05+D+Significance+tests.pdf+signifikantest&hl=no>

Norge.no. Veiviser til informasjon og tjenester fra det offentlige. [henta 17.03.2012]

Tilgjengeleg frå:

<http://www.norge.no/kart/sognogfjordane/>

Odel. *Konsekvensutredning innen kulturminner og kulturmiljø*. [henta 03.10.2012]

Tilgjengeleg frå:

<http://www.odel.no/industrianlegg-fra-1800-tallet-indre-offerdal-ardal-sogn-og-fjordane.4654395-130044.html>,

Språkutvikling på industristader. [henta 04.03.2011]

Tilgjengeleg frå:

<http://www.uib.no/fg/forse/prosjekter/prosjektoversikt/spraakutvikling-paa-industristader>

SSB. *Befolkningsendringer i kommunene 1951–2012. 1416: Høyanger*. [henta 08.10.2012].

Tilgjengeleg frå:

<http://www.ssb.no/beftett/tab-2012-09-06-01.html>.

SSB. *Befolkningsendringer i kommunene 1951–2012. 1416: Høyanger*. [henta 08.10.2012].

Tilgjengeleg frå:

<http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1416.html>.

Sogn og Fjordane fylkeskommune. *Gardane*. [henta 03.10.2012]

Tilgjengeleg frå:

[http://www.sfj.no/cms/eldrehistorie/cms.nsf/\\$all/1E68D62738CF2C3AC12574CF00429F71?open&qm=wcm_1,7,0,0](http://www.sfj.no/cms/eldrehistorie/cms.nsf/$all/1E68D62738CF2C3AC12574CF00429F71?open&qm=wcm_1,7,0,0)

Sogn og Fjordane fylkesleksikon. *Årdal*. [henta 03.10.2012]

Tilgjengeleg frå:

<http://www.nrk.no/sf/leksikon/index.php/Årdal>

Årdal kommune. Kommunal planstrategi for Årdal kommune 2009–2012. [henta 10.10.2012]

Tilgjengeleg frå:

https://docs.google.com/viewer?a=v&q=cache:3oNH06bvsG4J:www.ardal.kommune.no/getfile.php/1298202.1649.rabsxafcee/Planstrategi.pdf+kommunal+planstrategi+årdal&hl=no&pid=bl&srcid=ADGEESjEnziFrzuvy88OeGaa7n8R1bRCnd8SfbW7rr1NYc97Bq40-b19V9xcomqd960r7TDQrqi0ucUAfTQxrERCiD-g1evldrBFW-KeQ_HrVdLYKrq_lbA3PmemPh-5fLT4XXIKZTe&sig=AHIEtbSGnNPJECJ4VY8wjtW3-6EMWg9FRg

Årdal kommune. *Om kommunen*. [henta 02.10.2012]

Tilgjengeleg frå:

<http://www.ardal.kommune.no/om-ardal.158426.nn.html>.

Aviskjelder:

Idealsamfunnet som brast. I Bergens Tidene 07.10.2012, s. 6–7.

Foredrag og munnlege kjelder

Skjekkeland, Martin. 2011. *Personlegdom som bakgrunnsvariabel i sosiolingvistikken*.

Foredrag på MONS (Møte om norsk språk), Tromsø 24.11–26.11. 2011

Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring ungdomsgenerasjon

INFORMASJONSSKRIV TIL ELEVAR OG FØRESETTE VED N SKULE

Oktober 2011

FØRESPURNAD OM DELTAKING I FORSKINGSPROSJEKT

På Universitetet i Bergen har vi eit forskingsprosjekt gåande om dagen som heiter *Språkutvikling på industristader*. I dette prosjektet ønskjer vi å undersøke talemålsutviklinga dei siste hundre åra på fire industristader, deriblant Årdal, og slik få innsikt i sosiale og språklege faktorar som gjeld språkendringsprosessar. Gunstein Akselberg er leiar for prosjektet, og Randi Neteland og Helene Hildremyr skriv doktorgradsavhandling. Eg heiter Elinn Devold Myklebust og skal skrive masteroppgåve om årdalsdialekten.

Oppgåva mi handlar om generasjonsskilnader i årdalsmålet og her vil ungdommar spele ei sentral rolle. For å få kunnskap om ungdomsspråket i Årdal, vil eg derfor gjerne intervjuer fire ungdommar frå Farnes skule. Samtalen vil dreie seg om skulevardagen, fritidsinteresser, heimstaden og framtidssplanar, og vare i underkant av ein time.

Samtalen vil gjennomførast med to elevar saman, og for at eg skal kunne gjere språklege analysar i ettertid, vil den bli tatt opp på band. Opptaka vil bli handsama som konfidensielt materiale og anonymisert før det blir behandla. Namn på deltakarar og ev. namn på andre personar vil bli endra til talkodar, og personar som har tilgang til materialet har teieplikt. Etter prosjektet er slutt, vil opptaka så bli arkivert i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar ved Universitetet i Bergen. Det er sjølv sagt frivillig å delta, men eg håpar så mange som mogleg kan tenkje seg å være med.

For deltakarar under 18 år, må ein føresatt godkjenne at eleven kan vere med og derfor ber eg med dette om godkjenning til å gjennomføre ein slik samtale. Det er fullt mogleg å trekke seg utan grunngiving når som helst underveis til prosjektet er ferdig i 2012. Då vil namn og andre opplysningar bli sletta frå arkivet.

Det vil glede meg om du / de vil gi godkjenning til denne samtalen og skrive under på samtykkeslippen nedanfor. Dersom det er noko de lurar på kan de kontakte meg på telefon: 90659344 eller e-post: elinn.myklebust@student.uib.no, eller prosjektleiar Gunnstein Akselberg på e-post: gunnstein.akselberg@lle.uib.no.

Beste helsing

Elinn Devold Myklebust,
Masterstudent ved LLE, UiB

Samtykkeerklæring:

Eg har fått informasjon om prosjektet *Språkutvikling på industristader* og tillet at _____ deltek på samtale hausten 2011. Eg godtar at denne samtalen blir brukt til forskingsformål, og er kjent med at den vil bli handsama som konfidensielt materiale og anonymisert, og at materialet blir oppbevart i Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen.

Dato: ____ / ____ -2011

Underskrift: _____

Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring, mellom- og eldste generasjon

INFORMASJON OM DELTAKING I FORSKINGSPROSJEKT

Tusen takk for at du vil hjelpe meg med undersøkinga av talemål i Årdal! Her er litt informasjon om arbeidet mitt.

Industristadprosjektet ved Universitetet i Bergen studerer språkbruk og haldning til språk på fire utvalde industristader på Vestlandet. Til denne granskinga ønskjer vi å ha samtalar med innbyggjarar i ulike aldersgrupper i Årdal. Samtaleemna vil dreie seg om barndomsminne, kvardagsliv og heimstaden. Samtalen vil ta omrent ein time og kan bli gjennomført med to personar samtidig. Det blir gjort opptak under samtalen.

Det einaste kravet vi set når vi vel ut folk til samtalar, er at dei har budd i Årdal mesteparten av livet. Det er frivillig å vere med, og ein kan trekke seg utan grunngiving kva tid som helst undervegs inntil prosjektet er ferdig i 2013. Viss du trekker deg, blir namn og andre opplysningar sletta frå arkivet vårt. Prosjektet er meldt til Personvernombodet for forsking, Norsk samfunnsvitskapeleg datateneste A/S.

Vi gjer berre språklege analysar, men på grunn av det offentlege regelverket blir opptaka av samtalen behandla som konfidensielt materiale, og ingen enkelpersonar skal kunne kjennast igjen i rapportar frå studien. Namnet på deltakaren og ev. namn på andre personar blir endra til talkodar ved behandlinga av materialet. Materiale og kodesystem blir lagra på ulike stader. Personane som har tilgang til materialet, har teieplikt. Etter prosjektslutt ønskjer vi å lagre intervjuaterialet på ubestemt tid i Målføresamlinga ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, Universitetet i Bergen. Dersom nokon ønskjer å bruke same materialet i eit nytt tilsvarande forskingsprosjekt om språk, blir det sendt ny melding til Personvernombodet, og det kan bli aktuelt å kontakte deg att. Dersom du framleis er villig til å stille opp, er det fint om du skriv under på samtykkeslippen nedanfor og tek med dette arket til samtalen.

Viss det er noko du lurer på, kan du ringje meg eller rettleiaren min, eller sende oss e-post.

Med vennleg helsing

Elinn Devold Myklebust, masterstudent
Tlf. 90659344
E-post: elinn.myklebust@student.uib.no
Adresse: LLE, Universitetet i Bergen,
Postboks 7805, 5020 Bergen

